



# Høyring av Sognefjorden marine verneområde

Forslag til oppretting av vern i kommunane Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster

Høyringsfrist 01.11.2026



## Samandrag av verneframlegget

Statsforvaltaren i Vestland sender no forslag om marint vern av Sognefjorden på offentlig høyring. Forslaget omfattar om lag 1003 km<sup>2</sup> sjøareal fordelt på ti kommunar, frå Solund ytst til Luster inst i fjorden. Føremålet er å sikre verdas djupaste fjord og unik undersjøisk natur for framtida, samstundes som vi legg til rette for berekraftig bruk.

Eit marint vern vil gje overordna positive konsekvensar gjennom :

- Styrka naturmangfald: Vernet beskyttar sårbare djupvassamfunn, korallskogar og unike lokale fiskestammar mot skadelege inngrep.
- Ressursar for fiskeri: Ved å verne viktige gyte- og oppvekstområde for fisk, sikrar ein det langsiktige ressursgrunnlaget for både yrkes- og fritidsfiske.
- Kulturminne og verdsarv: Vernet gir auka beskyttelse til skipsvrak og andre kulturminne under vatn. Det vil også styrke statusen til verdsarvområdet i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden ved å ta vare på dei geologiske prosessane som har forma landskapet.
- Attraktivitet for reiseliv og friluftsliv: Eit levande fjordmiljø aukar verdien av fjorden som arena for rekreasjon, padling, dykking og naturbasert turisme.

Sjølv om vernet skal ta omsyn til eksisterande bruk, vil det medføre enkelte restriksjonar:

- Avgrensingar for industriell vekst: Forbod mot nye store fysiske inngrep på sjøbotnen kan gjere det krevjande å etablere nye industrianlegg eller utvide eksisterande næringsareal i sjøen. Vernegrensa er difor trekt vekk frå industri og tettstadar.
- Akvakultur: Vernet legg avgrensingar på framtidig utvikling av merdbasert oppdrett med tilførsel av næringsstoff til fjordmiljøet. Drift av eksisterande anlegg skal fortsetje. Vi foreslår forbod mot utslepp av lusemiddel frå brønnbåt for å unngå skade på naturmiljøet.
- Infrastruktur og massar: Forbod mot dumping av massar i verneområdet kan føre til auka kostnader for framtidige veg-, tunnel- og kraftprosjekt. Overskotsmassar frå slike prosjekt må heller nyttast i ein sirkulær drift som ein ressurs, ikkje eit avfallsprodukt.
- Skipsfart: Det vert foreslått forbod mot oppankring av skip over 15 meter utanom etablerte område for å beskytte sårbart naturmangfald på sjøbotn. Vi foreslår også restriksjonar på utslepp av avløpsvatn frå skip, men med opning for dispensasjon.

Statsforvaltaren har gjort fleire tilpassingar for å dempe negative verknadar:

- For å sikre rom for utvikling og bruk er vernegrensa trekt vekk frå småbåthamner, tettstadar, hamner, viktige industriområde og tilsvarende. Drift og vedlikehald av eksisterande anlegg, kaier, sjøkablar, røyrleidningar og akvakulturanlegg skal kunne halde fram som i dag.
- For folk flest, med aktivitetar som fritidsfiske, båtliv og vanleg ferdsel for småbåtar, vil ein merke lite til vernet. Likevel foreslår vi restriksjonar for botnfiskereiskap over korallområde.
- Vegar langs Sognefjorden skal framleis kunne ryddast etter ras og skred gjennom eit eige unntak i forskrifta.

Statsforvaltaren høyrer også ei forlenging av naturmangfaldlova § 44 for ytterlegare to år. Vi syner elles til utsendingsbrevet for tema vi ønskjer særleg tilbakemelding på i høyringa, og ønskjer innspel frå alle partar for å sikre eit best vern for framtida. Forslag til vernekart er tilgjengeleg digitalt og i pdf. Velkomen til å sende innspel innan 1. november 2026!

# Innhald

Samandrag av verneframlegget .....	2
1. Innleiing.....	6
2. Bakgrunn for verneprosessen.....	8
3. Prosess og medverknad.....	9
3.1 Oppdraget .....	9
3.2 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15 .....	10
3.3 Forskrift om konsekvensutgreiing og krav om utgreiingsprogram .....	11
3.4 Referansegrupper og sær møte .....	11
3.5 Saksgang, rammar og organisering av arbeidet .....	12
Høyring av verneforslag og tilråding vidare .....	13
Endeleg vedtak.....	14
Erstatning for økonomisk tap for følge av marint vern .....	14
Høyring av forslag om forlenging av verknadane av naturmangfoldloven § 44 i verneprosessen for Sognefjorden.....	15
4. Kandidatområdet Sognefjorden i dag .....	15
4.1 Områdeskildring generelt .....	15
4.2 Naturmangfald .....	17
Sårbare og forvaltningsrelevante naturtypar .....	17
Område med viktig økologisk funksjon .....	21
Andre relevante naturverdiar .....	23
Eksisterande og tilgrensande verneområde .....	25
4.3 Andre miljøverdiar.....	27
Kulturminne, kulturmiljø og verdsarv .....	27
Friluftsliv og rekreasjon.....	30
Landskapsbilete .....	31
4.4 Arealbruk og brukarinteresser .....	31
Fiskeri .....	31
Mineralutvinning.....	33
Vasskraft.....	34
Akvakultur .....	35
Energi, kablar, røyr og linjer .....	38

Marin samferdsel og cruise .....	38
Massar i sjø .....	40
Reiseliv .....	41
Forsvarsinteresser.....	42
Landbruk.....	43
Industri og tettstadar .....	44
Anleggstiltak og nye veganlegg .....	45
Forskning og undervisning.....	46
5. Forslag til marint verneområde i Sognefjorden.....	46
5.1 Oppfyller Sognefjorden kriteria for marine verneområde? .....	46
5.2 Verneføremål.....	49
5.3 Geografisk avgrensing .....	50
5.4 Vernereglar.....	60
Ivaretaking av naturmangfald.....	61
Kulturminne og kulturmiljø .....	63
Rekreasjon og friluftsliv.....	63
Fiskeri og hausting etter havressurslova .....	66
Landskapsbilete og verdsarv .....	68
Mineralutvinning.....	69
Vasskraft.....	70
Akvakultur .....	71
Energi, linjer og kablar .....	74
Marin samferdsel og cruise .....	75
Massar i sjø.....	78
Reiseliv .....	81
Forsvarsinteresser.....	82
Landbruk.....	83
Industri og tettstadar .....	84
Anleggstiltak og nye veganlegg .....	86
Forskning og undervisning.....	87
5.5 Oppsummering av verknadar .....	89
6. Verknad på andre planar og mål.....	91

Kommunane sine planar etter plan- og bygningslova .....	91
Aichi-mål, FNs berekraftsmål, naturavtalen, OSPAR og vassrammedirektivet .....	92
Økosystemtenester.....	95
Klimatilpassing.....	95
7. Vurdering etter naturmangfoldloven kapittel II .....	95
8. Økonomiske og administrative konsekvensar .....	99
9. Kjelder .....	100
Vedlegg: Forskrift om vern av Sognefjorden marine verneområde i Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster kommunar i Vestland fylke.....	101

*Framsidedfoto: Vegard Byrkjeland Aasen*

# 1. Innleiing

Statsforvaltaren i Vestland legg med dette fram forslag om Sognefjorden marine verneområde til offentlig høyring. Verneforslaget er eit ledd i arbeidet vårt med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, som er eit nasjonalt miljømål.

Føremålet med Sognefjorden marine verneområde er å verne den djupaste fjorden i verda, og med særeigen geologi og biologisk mangfald som følgje av den store variasjonen i det undersjøiske landskapet. Sognefjorden er Noregs lengste fjord og er representativ for norske fjordar, og inneheld samtidig unike kvalitetar. Av særlege verdiar kan nemnast at artar som vanlegvis lever på djupe havområde førekjem uvanleg grunt i enkelte fjordarmar. Dei indre fjordarmene er representative for indre fjordområde med særleg tilpassa biomangfald. Grunne areal er spesielt verdifulle som karbonlager og som næringsøkområde for fugl. Innanfor det marine verneområdet er vegetasjon og dyreliv freda mot skade og øydelegging.

Naturmangfoldloven legg ramma for marint vern i Noreg. Eksisterande bruk av arealet skal i hovudsak kunne fortsette som før eit vern blir etablert, men det er forslag om forbod mot nye tiltak og inngrep som kan truge verneverdiar. Ifølgje naturmangfoldlova § 39 (marine verneområde) må ingen foreta seg noko som forringar verneføremålet. Restriksjonar på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

For å sikre naturmangfaldet best mogeleg er verneforslaget særleg fokusert på å beskytte terskelområdet, djupvassmiljøet og referanseområda. Forvaltningsstyresmakta bør krevje botnkartlegging og maringeologisk kartlegging som kunnskapsgrunnlag før det blir vurdert dispensasjon til tiltak i område der sårbare naturtypar eller viktige geologiske førekomstar (som skredavsetningar) er sannsynlege. Dette sikrar at ukjende verdiar, særleg i djupet, blir teke omsyn til. Ved å etablere strengare restriksjonar i fjordarmar med poll-liknande eigenskapar som Finnabotn for å verne mot fysiske inngrep og forureining vil desse betre ivareta særprega biologiske forhold og avgrensa vassutskifting.

Allereie før høyring har Statsforvaltaren i Vestland gjennomført 50 eksterne møte i verneprosessen. Dei mange møta har vore viktige ledd i kunnskapsinnhentinga, formidlinga og forankringa av oppdraget vårt. Vi takkar for alle innspel og gode drøftingar så langt i prosessen, og forventar mange innspel også i høyringsfasen. Kommunane vert spesielt oppmoda til å involvere barn og unge i sitt arbeid med høyringsuttale. Det er eit nasjonalt miljømål å bruke naturen i større grad som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge. Å sikre at barn og unge blir involvert og at deira interesser (barns beste) blir vektlagt i avgjerdsprosessar er sentralt for ei berekraftig utvikling.

Vi minner om at sidan verneprosessen er under arbeid, kan det ikkje gjevast løyve til tiltak eller tilskot etter anna lovverk som kan få følgjer for verneforslaget jf. naturmangfoldloven § 44. Sektormyndigheita kan gjere unntak dersom tiltaket er utan nemneverdig betydning eller er positivt for forslaget til nytt vern. Vi legg difor lagt fram forslag om å forlenge verknadene av naturmangfoldloven § 44 med to år for det føreslåtte verneområdet i Sognefjorden, og høyringsfristen vil vere den same som for verneforslaget. Føremålet med paragrafen er å hindre at viktige naturverdiar vert skada eller øydelagde medan arbeidet med verneplanen pågår. Sidan dei noverande verknadene av kunngjeringa går ut 8. desember 2026, er ei forlenging nødvendig for at styresmaktene framleis skal kunne sikre naturverdiane i området fram til ein endeleg vedtak om vern er fatta. Dette inneber mellom anna at forvaltningsorgan framleis kan avslå søknader om tiltak som kan vere til skade for verneforslaget.

Verneforslaget vart i desember 2025 sendt til fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet. Miljødirektoratet har i brev datert 6. mars 2026 klarert at forslaget kan sendast på høyring. Grunneigarane har fått særskilt underretning og mogelegheit for å kome med merknadar før utsending av høyringa.

Vi sender forslaget med forskrift og vernekart ut på høyring med sikte på å opprette eit marint verneområde i Sognefjorden etter naturmangfoldloven § 39. Du er velkomen til å komme med uttale til forslaget innan 1. november 2026. Send innspelet med brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfvlpost@statsforvaltaren.no)


*Viktig informasjon: Vi har jobba med omlegging til nye nettsider, og vi er derfor usikre på om alle lenker frå dette dokumentet er gyldige heilt fram til høyringsfristen. På dei nye nettsidene vil vi ha minst like godt tilgjengeleg informasjon som før.*

God lesing!

## 2. Bakgrunn for verneprosessen

*Marine økosystem og marine naturkvalitetar utgjer ein viktig del av naturen i Noreg. Det vil i framtida vere behov for å ta vare på representative og særleine naturverdiar også i sjø, samt marine arter og habitat som er trua og/eller sårbare. Ikkje minst er behovet for referanseområde, der økosystema fungerer i mest mogleg urørt stand, viktig. Referanseområda skal kunne vere samanlikningsområde i høve til andre område som er meir utsette for inngrep. Det gjer at det langsiktige aspektet ved vernet står sentralt. Sikring av enkelte, urørte område for framtidige generasjonar er også eit viktig motiv. Sitatet er henta frå St.meld. nr. 43 (1998–99) Vern og bruk i kystsona. Tilhøvet mellom verneinteresser og fiskerinæringane vart lagd fram av regjeringa Bondevik I i 1999.*

Stortingsmeldinga førte til at det i 2001 vart sett ned eit breitt samansett utval med representantar frå forvaltninga og relevante interesseorganisasjonar. Mandatet var å finne fram til område som kunne eigne seg for marint vern i Noreg. Utvalet identifiserte 36 kandidatområde som vart valt ut for å dekke variasjonsbreidda av marine naturtypar og sikre representative, særleine, sårbare og trua marine naturverdiar. Utvalet tilrådde ei verneform der ein beskyttar det undersjøiske landskapet og artane der, samstundes som ein tillèt næringsverksemd som ikkje er i strid med verneføremålet. Utvalet kom fram til at ein kombinasjon av vern og bruk i stor grad er mogeleg. Områda vart sorterte inn i seks kategoriar: pollar, straumrike lokalitetar, spesielle grunnvassførekomstar, fjordar, opne kystområde og transekt frå kyst til hav og sokkelområde.



*Figur 1 Sognefjorden er eit eineståande naturfenomen. Dette er noko av grunngevinga for kvifor verdas djupaste og vår lengste fjord blir prioritert for å verne for framtidige generasjonar. Foto: Vegard Byrkjeland Aasen.*

I den førebelse tilrådinga til marin verneplan står følgjande om Sognefjorden, og kvifor den bør bli prioritert på A-lista i kategorien fjordar over dei viktigaste anbefalte marine verneområda i Noreg: *Sognefjorden er et enestående naturfenomen som verdens dypeste og vår lengste fjord. Den er formet av gravende isbreer med påfølgende sedimentasjon som har gitt en jevn og flat botn bestående av leire og slam i den dype hovedrenna. Fjordsidene er bratte fjellskråninger med vertikal forskjell på mer enn 2000 m fra fjordbotnen og opp til fjelltoppene rundt fjorden. Sidefjordene er relativt grunne og munner ut som hengende u-daler høyt oppe i fjordsidene. Dyrelivet i Sognefjorden er til dels spesielt med lokale sildestammer og grunne forekomster av dypvannsarter i noen av*

*sidefjordene. Verneverdiene er knyttet til den geologiske utformingen av fjorden med de spesielle botnforholdene og tilhørende dyreliv. De knytter seg også til vannmassene i dypbassenget med de spesielle miljøforholdene og biologiske forekomstene her.*

Det føreslegne marine verneområdet Sognefjorden har naturverdiar som gjer at gjennomføring av vern vil bidra til å oppfylle nasjonale og internasjonale mål om vern.

Å bevare eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar er eit nasjonalt mål. Dette handlar om å bevare eit utval av naturområde som viser variasjonsbreidda i norsk natur. Vern vil også bidra til dei nasjonale måla om bevaring av økosystem og artar og naturtypar.

Det går fram av naturmangfaldmeldinga (Meld. St. 14 (2015–2016)) at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfoldloven § 39, skal bidra til at eit utval av representative, særeigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tatt vare på for framtida.

Gjennom meldinga om bevaring av viktige område for marin natur (Meld. St. 29 (2020-2021)), blei det slått fast at arbeidet med 36 kandidatområda skal fortsetje, jf. også Klima- og miljødepartementets brev av 30.11.21 om vidare arbeid med marint vern 2022-2024. Meldinga peikar også på at det er behov for å supplere områda i marin verneplan med fleire område.

I Meld. St. 21 (2023-2024) *Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene*, er det vist til at Stortinget ved oppmodingsvedtak i 2021 har bedt regjeringa oppfylle målet om 10 prosent vern av kyst- og havområde innan 2030. I meldinga kjem det også fram at regjeringa vil vektlegge bevaring og restaurering av marin vegetasjon og område med karbonrike sediment i det vidare arbeidet med marint vern.

I Meld. St. 35 (2023-2024) *Bærekraftig bruk og bevaring av natur* leggast opp til at igangsette verneprosessar knytt til marint vern skal vidareførast, og at nye kandidatområde for marint vern skal identifiserast, både innanfor og utanfor territorialgrensa for å bidra til det globale målet i naturavtalen.

## **3. Prosess og medverknad**

### **3.1 Oppdraget**

Statsforvaltaren i Vestland fekk, i brev frå Miljødirektoratet datert 10.01.2022, i oppdrag å starte arbeidet med marint vern for Sognefjorden. Miljødirektoratet legg i oppdragsbrevet til grunn at Statsforvaltaren i prosessen gjennomfører møte med kommunane og andre interesser i saka for å sikre god lokal medverknad og forankring. Det er også lagt vekt på at verneforslaget i utgangspunktet bør unngå privat grunn, men at oppdraget likevel opnar for å inkludere areal opp til normal flo dersom det har spesielle vernekvallitetar.

Kandidatområdet dekkjer eit areal på meir enn 250 km<sup>2</sup>, og utløyser dermed krav om konsekvensutgreiing. Eit utgreiingsprogram som ramme sikrar både involvering, framdrift og kunnskapsproduksjon i løpet av verneprosessen. Det ligg tilgjengeleg på heimesidene våre, og vart fastsett av Miljødirektoratet den 30. november 2023.

Statsforvaltaren i Vestland gjennomfører det praktiske arbeidet med verneplanen. Dette omfattar oppstartsmelding med utgreiingsprogram, utarbeiding av verneforslag med konsekvensutgreiing (som sendast til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang før høyring), gjennomføring av høyring og til slutt tilråding av marint vern av Sognefjorden til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet utarbeider på

dette grunnlaget ei tilråding til Klima- og miljødepartementet, som i sin tur slutthandsamar vernesaka og gjennomfører mellom anna naudsynte avklaringar med andre departement. Det er til slutt regjeringa som legg vernet fram for Kongen i statsråd for vedtak.

Statsforvaltaren i Vestland meldte formell oppstart av planarbeidet for Sognefjorden den 8. desember 2022. Dermed gjeld naturmangfoldloven § 44 (tiltak ved igangsett sakshandsaming) for utgreiingsområdet. Dette inneber at eit forvaltingsorgan utan vidare kan avslå ein søknad om løyve mv. til eit tiltak som ligg innanfor verneforslaget. Løyve kan berre gis dersom tiltaket er utan nemneverdig betydning for forslaget. Verknadene av § 44 er avgrensa til fire år etter melding om oppstart av planarbeidet (kunningjering), dvs. at dette ikkje gjeld lenger 8. desember 2026. Miljødirektoratet kan forlenge verknadene med inntil to år. Statsforvaltaren vurderer at ei forlenging jf. § 44 kan vere naudsynt for Sognefjorden fordi verneprosessen er omfattande og kompleks, og inkluderer i dette høyringsdokumentet også høyring av ei forlenging av § 44. [Sjå meir om den parallelle høyringa i dette kapitlet.](#)

### 3.2 Sakshandsaming etter rundskriv T-2/15

Rundskriv T-2/15 om sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfoldloven legg føringar for gjennomføringa av verneplanprosessar. Vi skal gjennomføre ein open og inkluderande prosess, der alle relevante partar får sjanse til å medverke.



*Figur 2 Bilete frå møte mellom ordførarane rundt Sognefjorden og statsforvaltar Liv Signe Navarsete i juni 2025. Verneprosessen for Sognefjorden har medført eit stort informasjonsbehov og også lagt til rette for mange møtepunkt undervegs. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Halvor Røssum.*

Proessen har lagt opp til to opne høyringsfasar der alle har høve til å gi innspel og merknader:

1. Oppstart/meldingsfase. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanarbeidet med forslag til utgreiingsprogram. Oppstart vart annonsert i aviser, på nett og med brev til kommunar og kjende interessantar. Frist for innspel var god nok til å kunne leggje til rette for politisk handsaming i kommunane. Det vart lagt opp til omfattande informasjonsarbeid, både tilgjengeleg på nett og som orienteringar og i møte.

2. Høyring av verneframlegg. Statsforvaltaren legg eit forslag til vern med kartavgrensing, verneforskrift og høyringsdokument/konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir annonsert i aviser, på nett og med brev til kommunar og kjende interessentar. Frist for innspel er minimum to månader, men i denne saka legg vi opp til ei høyringsperiode på om lag seks månader. Det blir arrangert møte i løpet av høyringsperioden i kommunar og i bygder der det er interesse, samt orienteringar i kommunane sine politiske organ. Dei to omtalte opne fasane er dei viktigaste for å kunne påverke saksutgreiinga og tilrådinga frå Statsforvaltaren.

I tillegg til desse opne rundane, blir det lagt til rette for dialog og medverknad på andre arenaer, i tråd med kravet om *best mogleg samarbeid* i naturmangfoldloven § 41, gjennom heile prosessen. I merknadsheftet som ligg ved høyringa ligg oversikta over alle eksterne møtepunkt i prosessen sidan vi fekk oppdragsbrevet. Dette inkluderer informasjonsarbeid og samarbeid med kommunar, fylkeskommune, grunneigarar, rettshavarar, næringsinteresser, organisasjonar og lokalbefolkning for å få ut kunnskap om vernearbeidet, samstundes som møtepunktene også var viktig for oss å få kunnskap inn frå alle som har aktivitetar i fjorden. Temamøte og møte i referansegrupper er gjennomført før høyring og vil også vidareførast i høyringsperioden. Sametinget skal involverast der det er relevant, men det er ikkje aktuelt for Sognefjorden.

### 3.3 Forskrift om konsekvensutgreiing og krav om utgreiingsprogram

Utgreiingsområdet for marint vern i Sognefjorden er på om lag 1003 km<sup>2</sup>. I tråd med forskrift om konsekvensutgreiingar skal planar for verneområde større enn 250 km<sup>2</sup> alltid få ei konsekvensutgreiing. Føremålet med reglane om konsekvensutgreiing er å klargjere kva verknader planar og tiltak kan ha for miljø og samfunn. Saksbehandlinga etter forskrifta skal sikre at desse verknadene blir vurderte og tekne omsyn til når ein planlegg tiltak, og når det skal takast stilling til om – og på kva vilkår – tiltaket kan bli gjennomført. Konsekvensutgreiinga skal vere tilpassa det aktuelle tiltaket og dei avgjerdene som blir tekne, gjere greie for tiltaket og relevante alternativ, vurdere verknader for miljø, naturmangfald, landskap, kulturminne, samfunn og næring, foreslå avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar og drøfte korleis inngrep og brukarinteresser kan påverke verneverdiane – og motsett. Det skal òg vurderast verknad av tiltaket i lys av andre gjennomførte, vedtekne eller planlagde tiltak i området.

Utarbeiding av ei konsekvensutgreiing er eit tillegg til den ordinære utgreiingsplikta etter naturmangfoldlova. Utgreiingsprogrammet som ligg som ramme for konsekvensutgreiinga vart fastsett den 30. november 2023.

### 3.4 Referansegrupper og sær møte

I tråd med saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfoldlova, har vi også oppretta referansegrupper. Samansettinga av referansegruppene vart føreslege i utgreiingsprogrammet som var på høyring, og vart utvida etter innspel. Ei referansegruppe bidreg med kunnskap om bruksinteressar og verneverdiar, samt gjev råd til Statsforvaltaren i arbeidet med å utarbeide verneforslaget. Å vere medlem i referansegruppene gjev også ansvar for å informere om verneplanarbeidet vidare i sine verksemdar/organisasjonar ved behov.

### Referansegruppe for kultur, naturmangfald og reiseliv

- Vestland fylkeskommune v/kulturarv
- Forum for natur og friluftsliv
- Sognefjorden Vel
- Naturvernforbundet
- Høgskulen på Vestlandet
- Havforskningsinstituttet
- Natur og ungdom
- WWF
- Norske lakseelver
- Verdsarvparken
- Representant for reisemålselskap

### Referansegruppe for akvakultur og sjøfart

- Fiskeridirektoratet region Vest
- Vestland fylkeskommune v/akvakultur
- Mattilsynet
- Havforskningsinstituttet
- Kystverket
- Sjøfartsdirektoratet
- Hamnevesenet
- Sjømat Norge
- Sogn og Fjordane Fiskarlag
- Fiskarlaget Vest

### Referansegruppe for lokale myndigheiter

- Aurland kommune
- Gulen kommune
- Hyllestad kommune
- Høyanger kommune
- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune
- Stølsheimen verneområdestyre
- Nærøyfjorden verneområdestyre
- Verdsarvrådet

Det vart oppretta ei referansegruppe for lokale myndigheiter (13 aktørar) med saksbehandlarar frå kommunane og fylkeskommunen, verneområdestyra og verdsarvrådet. Referansegruppa for akvakultur, sjøfart og industri (11 aktørar) har representantar frå Fiskeridirektoratets regionkontor, fylkeskommunen (akvakultur-kompetanse), Mattilsynet, Havforskningsinstituttet (HI), Sjøfartsdirektoratet, Hamnevesenet, Sjømat Norge, Sør-Norges fiskerlag (samanslåing av Sogn og Fjordane Fiskarlag og Fiskarlaget Vest) og Hydro (innlemma etter oppstartsmeldinga). Referansegruppe for kultur, naturmangfald og reiseliv har representantar frå fylkeskommunen (kulturarv-kompetanse), FNF, Sognefjorden Vel, Naturvernforbundet, HVL, HI, Natur og Ungdom, WWF, Norske lakseelver, verdsarvparken og representant frå reiselivet v/Visit Sognefjord. Før høyring har alle referansegruppene hatt eitt møte.

Vi har også hatt sær møte med ordførarane, med akvakulturnæringa, fiskerinæringa, med Forsvarets forskningsinstitutt, Sogndal dykkarklubb og med hamnevesenet i Aurland. Sidan vi fekk oppstartsbrevet har vi, per 25.11.2025 hatt 46 eksterne møte/foredrag om marint vern i fylket. Omfanget inkluderer ikkje møte i samband med utarbeidinga av KU med Akvaplan NIVA, eller kartleggingane utført av Havforskningsinstituttet eller Rådgivende Biologer. Oversikta over alle møtepunkt og referat ligg i merknadsheftet.

## 3.5 Saksgang, rammar og organisering av arbeidet

Marin verneplan starta som eit samarbeidsprosjekt på 1990-talet mellom dåverande Direktoratet for naturforvaltning og Fiskeridirektoratet. Dette munna ut i ein rapport frå Rådgivende utvalg for marin verneplan (Skjoldal mfl. 2003, 2004, heretter omtalt som Skjoldal-utvalet) som tilrådde 36 kandidat område for marint vern i Noreg for å sikre marin natur for framtidige generasjonar. Sognefjorden er utvalt som kandidat område, og er det siste av seks kandidat område i Vestland som vart sett i gang verneprosess på. Per mars 2026 er fem marine verneområde i fylket formelt verna:

- [Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde](#) vart verna den 23. juni 2020
- [Stad marine verneområde](#) vart verna den 20. desember 2024
- [Ytre Hardangerfjorden, Krossfjorden og Dalsfjorden](#) marine verneområde vart verna den 13. februar 2026

Nedanfor er ei oversikt over dei viktigaste milepælane så langt i arbeidet, trykk for å følgje lenkje til aktuell nettside med utfyllande skildring av kvart steg i verneprosessen. For oversikt over møte og treffpunkt for å forankre og formidle oppdraget, sjå merknadsheftet som ligg som vedlegg.

[Oppdragsbrev frå Miljødirektoratet til Statsforvaltaren i Vestland: 10.01.2022](#)

[Oppstart av planarbeidet for Sognefjorden: 8.12.2022](#), med høyringsfrist for innspel til oppstartsmeldinga: 15.03.2023 (vart seinare utvida)

Sidan Miljødirektoratet er ansvarleg myndigheit, jamfør § 16 i forskrift for konsekvensutredning, vart utgreiingsprogrammet sendt frå oss til Miljødirektoratet den 20. september 2023 for fagleg godkjenning. Her er lenkja: [Oversending av utgreiingsprogram til Miljødirektoratet: 20.09.2023](#)

Miljødirektoratet fastsette dette i brev datert 30. november 2023, her kan du følgje lenkje: [Endeleg utgreiingsprogram som grunnlag for vidare arbeid: 30.11.2023](#)

Kunnskapsinnhentingfasen følgde deretter med kjøp av desse to fagrapportane som inkluderte kartlegging av sjøbotn. Trykk på tittelen under for å følgje lenkja:

- [Rådgivende biologer, kartlegging av naturmangfald på grunne område](#)
- [Havforskningsinstituttet, kartlegging og modellering av Sognefjorden](#)

Eit notat vart utarbeidd etter møte med FFI om dumpingområde for krigsmateriell, det ligg [her ved å følgje denne lenkja til heimesida vår](#).

[Konsekvensutgreiinga er tilgjengeleg på denne nettsida](#), du finn den også på [Akvaplan NIVA sine heimesider her](#). Konsulentselskapet Akvaplan NIVA vann anbodet med å gjennomføre konsekvensutgreiinga av verneplanen. Rapporten er utarbeidd i samsvar med det fastsette utgreiingsprogrammet. Den metodiske tilnærminga er basert på Miljødirektoratet si handbok for konsekvensutgreiing av klima og miljø (M-1941) og metodeelement frå Statens Vegvesen si handbok V-712 Konsekvensanalyser. Akvaplan NIVA har også utarbeidd faktaark for dei enkelte tema som er utgreidd i KU. Vi fekk laga faktaark fordi det senker terskelen for mange å få eit overblikk over ulike tema og konsekvensane av det marine vernet i eit så omfattande sakskompleks. Her kan du opne faktaarka ved å følgje den enkelte lenkje:

[Faktaark naturmiljø](#)

[Faktaark friluftsliv og rekreasjon](#)

[Faktaark kulturminne og kulturmiljø](#)

[Faktaark fiskeri](#)

[Faktaark vasskraft og energi](#)

[Faktaark akvakultur](#)

[Faktaark tettstader og industri](#)

[Faktaark massar i sjø](#)

[Faktaark marin samferdsel og industri](#)

## Høyring av verneforslag og tilråding vidare

På bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne uttalar vil vi gje vår tilråding etter høyringa til Miljødirektoratet. Ved oversending av tilrådinga blir alle høyringsuttalar og eit samandrag av desse med våre kommentarar lagt ved. Statsforvaltaren si tilråding blir sendt som kopi til kommunane, fylkeskommunen, andre offentlege styresmakter, involverte næringsaktørar, organisasjonar og

andre som har uttalt seg i verneprosessen, til orientering. Vi legg alt ut på heimesidene våre så det er lett tilgjengeleg. Miljødirektoratet gjer deretter si vurdering av saka og sender si tilråding vidare til Klima- og miljødepartementet.



*Figur 3 Høgdegradienten frå fjordbotn til fjelltopp kan vere meir enn 2500 meter. Det blir skapt særeigne fysiske vilkår og biologisk mangfald som følgje av den store gradienten, og store delar av fjorden er utan større tyngre naturinngrep. Foto: Vegard B. Aasen*

### Endeleg vedtak

Klima- og miljødepartementet sluttbehandlar vernesaka og gjer mellom anna naudsynte avklaringar med andre departement før saka blir behandla i regjeringa. Endeleg vedtak om vern etter naturmangfoldloven blir fatta av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon.

### Erstatning for økonomisk tap for følgje av marint vern

Reglar om erstatning for økonomisk tap som følgje av vedtak om oppretting av marint verneområde finn du i naturmangfoldloven §§ 50 og 51. I samsvar med § 50 første ledd har ein eigar eller rettshavar i eigedom som heilt eller delvis blir verna som marint verneområde, rett til erstatning frå staten for økonomisk tap dersom vernet gjer det vanskeleg å vidareføre den pågåande bruken. For bruk som krev løyve frå offentleg styresmakt, gjeld retten til erstatning berre dersom løyvet er gitt før det er gjort kunngjering etter naturmangfoldloven § 42. I samsvar med § 51 første ledd skal staten skal seinast eit år etter vernevedtaket, gi tilbod om erstatning etter § 50 til ein eigar eller rettshavar som har sett fram skriftleg krav om dette innan fire månader frå vernevedtaket.

## Høring av forslag om forlenging av verknadane av naturmangfoldloven § 44 i verneprosessen for Sognefjorden

Naturmangfoldloven § 44 gir reglar om tiltak ved igangsett behandling av verneforslag for å hindre at viktige naturverdiar vert skada eller øydelagde medan verneplanarbeidet pågår. Dersom verneplanprosessen er igangsett etter § 42, kan vedkomande forvaltningsorgan utan vidare avslå søknader om tiltak som krev løyve etter annan lov eller forskrift. Det kan berre bli gitt løyve når tiltaket er utan nemneverdig betydning for verneforslaget, med mindre vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Vidare følgjer det av § 44 at offentlege styresmakter ikkje kan gje tilskot til tiltak i eit område som inngår i verneforslaget, med mindre tiltaket er utan nemneverdig betydning eller er positivt for vernet.

Verknadene av naturmangfoldloven § 44 er i utgangspunktet avgrensa til fire år etter at forslaget er kunngjort. For Sognefjorden inneber dette at verknadene av kunngjeringa går ut 08.12.2026. Naturmangfoldloven opnar likevel for at verknadene kan forlengast med inntil to år, ei myndigheit som er delegert til Miljødirektoratet. Statsforvaltaren sendte brev til Miljødirektoratet den 25.03.2026 om forlenging av verknadane av naturmangfoldloven § 44 i verneprosessen for Sognefjorden. I brev frå Miljødirektoratet datert den 14.04.2026 er det opna at Statsforvaltaren kan sende forslag om verknadane av naturmangfoldloven § 44 på høyring som ein integrert del av høyringa av verneforslaget. Statsforvaltaren legg med dette fram forslag om at verknadene av naturmangfoldloven § 44 blir forlenga med to år. Innkomne uttalar til forslaget om forlenging vil bli sendt vidare til Miljødirektoratet når høyringa er avslutta.



Figur 4 Det skraverte området syner utgreiingsområdet for Sognefjorden marine verneområde då vi meldte oppstart av verneprosessen den 8. desember 2022. Det skraverte arealet inkluderer Liffjorden og Øystrebøvatnet. Sjå vedlegg for framlegg til vernekart. Kart: fylkesatlas.

## 4. Kandidatområdet Sognefjorden i dag

### 4.1 Områdeskildring generelt

Utgangspunktet for marint vern Sognefjorden er basert på rapporten frå Skjoldal-utvalet. Kandidatområdet skissert i marin verneplan inkluderte sjøareal i dei ni kommunane Aurland, Lærdal,

Årdal, Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Hyllestad og Gulen, og inkluderte verken Øystrebøvatnet, Lifjorden eller den austlegaste delen av sjøareal i Solund.

Vi meldte oppstart for vern av Sognefjorden i eit utvida område som dekte ti kommunar. Dette inkluderte Solund, Hyllestad, Høyanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik og Gulen i Vestland fylke, inkludert Lifjorden og Øystrebøvatnet. Utgreiingsområdet dekkar då heile fjordsystemet i Sognefjorden med bratte fjellskråningar midtfjords og grunne sidefjordar. Slik får vi inkludert den store variasjonen i geologisk utforming som grunnlag for eit tilpassa dyreliv, jf. grunngevinga for kvifor Sognefjorden er utvalt som kandidat område i kategorien fjordar.

Årsaka til utvidinga av utgreiingsområde var nyare kunnskap om at det kunne vere store naturverdiar på terskelen og noko vestover inn i Sognesjøen. Det var gode argument for å samle inn meir kunnskap og vurdere Lifjorden og Øystrebøvatnet i utgreiingsprosessen.

Avgrensinga omfattar heile Sognefjorden, men for å unngå inngrep i den private eigedomsretten er vernegrensa i utgreiingsprogrammet lagt til to meter under sjøkartnull. Der det er eksisterande verneområde som vil grense til det marine verneområdet, eller der det er særleg viktige grunne område, vert det føreslått å trekke vernegrensa opp til eksisterande vernegrense eller til strandlinja for å bevare viktig naturmangfald og økologiske funksjonsområde. Dei aktuelle eigedomane blir lista opp i forslaget til verneforskrift. Det var også omtalt i oppstartsmeldinga at det var aktuelt å redusere vernearealet i fjordarmar inntil tettstadar, industriområde og andre areal utan store verneverdiar og viktige kolliderande samfunnsinteresser.

Konsekvensutgreiinga har vurdert fire alternative vernegrenser og vekta disse alternativa i dei ulike tema som har vore utgreidd. Vi går ikkje i djupna på dei fire alternative vernegrensene i høyringsdokumentet, men viser til KU.

Vi har gjort endringar i vernegrensa etter oppstartsmeldinga, noko vi også signaliserte tidleg i verneprosessen. Grensa er trekt vekk frå m.a. tettstadar, hamner, industriområde og småbåthamner.

Vi har inkludert fleire økologisk viktige grunne område som går inn på privat eigedom. Desse er vald ut for å få med eit representativt utval av gruntområde i dei ulike delane av Sognefjorden. Det er langt fleire gruntvassområde i ytre delar av fjorden enn i indre, slik at det er mest kritisk å sikre område i den indre delen av Sognefjorden. Dessverre er også tilgangen til kart med detaljerte djupnekotar dårlegast i indre del, samtidig som det fleire stader kan vere vanskeleg å bruke flyfoto til å plukke ut kandidat område på grunn av brevatn med dårleg sikt i dei øvste vasslaga.

I innte del av Sognefjorden er det ofte bratt terreng langs fjorden, og gruntområda finst gjerne i form av elvedelta. Desse er ofte sterkt påverka av menneskeleg aktivitet (utfylling), og det kan stadvis vere ein viss konflikt mellom vern heilt opp til strandsona og ønske om vidare bruk og inngrep.

Mellom dei mest verdifulle gruntområda i indre Sognefjorden er utløpet av Lærdalselvi, utløpet av Jostedøla i Gaupne og nokre få små elvedelta. På nordsida av fjorden er det også enkelte grunne bukter som ved Solvorn i Luster, og i Amlabukti, Leirviki, Ylvesåknaset og Esebotn i Sogndal.

I midtre delar av fjorden kjem det gradvis fleire gruntområde også langs hovudfjorden, som ved Kvamsøy og i Ortnevik, mens det frå Høyanger og vestover aukar på med store og små gruntområde. Dei største er ved Rutletangane i Gulen, som også er det einaste arkipelet i Sognefjorden, og mellom Nesje og Rysjedal i Hyllestad. På sørsida av fjorden er det færre grunne område, men nokre lengre strandområde finst særleg i Gulen. Lenger aust er dei gjerne å finne inne i sidefjordane.

I fleire av gruntområda finst dei få, men svært viktige ålegrasengene som er registrert i Sognefjorden. Både ålegrasenger og gruntområde generelt er svært viktige for naturmangfaldet i fjorden, både som høgproduktive naturområde og oppvekstområde for mange artar.

På fylkesatlas, under kartlaget Natur, vidare under Naturvernområder ligg kartlaget Sognefjorden marine verneområde ligg det føreslegne vernekartet tilgjengeleg digitalt. Kartet ligg også tilgjengeleg digitalt på Naturbase og andre offentlege kartbasar, under kartlaget Foreslåtte verneområder.

Det har ikkje vore praktisk mogeleg å lage eit nøyaktig digitalt kart over utgreiingsområdet. Kartet som vart nytta i oppstartsmeldinga følgde kystkontur i mangel av betre kartdata. Det har vore presisert i vår formidling i vernearbeidet at grensa i all hovudsak går to meter under sjøkartnull. Høyringskartet er meir nøyaktig, men følgjer framleis i stor grad kystkontur unnateke der grensa går opp på privat eigedom (sjå gards- og bruksnummer i forskrifta).

## 4.2 Naturmangfald

### Sårbare og forvaltningsrelevante naturtypar

Sognefjorden er Noregs lengste (205 km) og verdas djupaste (1308 m) fjord, og syner ein relativt høg geologisk og biologisk diversitet. Sognefjorden er kjenneteikna av unike geologiske forhold og eit særeige marint naturmangfald, som er hovudgrunnen til at området vert vurdert for marint vern. Verneføremålet er å verne verdas djupaste fjord med den unike geologien og det biologiske mangfaldet, særleg dei unike djupvass-samfunna som førekjem uvanleg grunt i enkelte fjordarmar. Djupvassmiljøet i Sognefjorden er særst spesielt, med relativt varmt atlantisk vatn og lang opphaldstid. Kunnskapsgrunnlaget for marint naturmangfald, særleg i djupe farvatn og sidefjordar, er fragmentert og avgrensa, men verneprosessen bidreg til å framskaffe meir kunnskap.




*Figur 5 Sjøfjør dannar tette samfunn på blautbotn, og er internasjonalt anerkjent som ein naturtype som er trua og minkande grunna sårbarheit for ureining og fysisk påverknad. Foto: Espen Rekdal*

Her er eit samandrag av sårbare og forvaltningsrelevante naturtypar i Sognefjorden, basert på kartleggingsrapporten frå Havforskningsinstituttet (HI). Rapporten er lett tilgjengeleg på våre heimesider. Fem hovudtypar av forvaltningsrelevante habitat/naturtypar er identifiserte i HI-rapporten:

**Sjøfjørbotn (Sjøfjørsamfunn):** Sjøfjørbotn er ein sårbar og verdifull naturtype som finst flekkvis på mjuk botn i Sognefjorden. Naturtypen er bygd opp av sjøfjør som lever på blautbotn, hovudsakleg mudder til mudderhaldig sand. Sjøfjørene danner tette samfunn. Den mest utbreidde sjøfjørarten i desse områda er hanefot (*Kophobelemnon stelliferum*). Andre indikerande artar inkluderer stor piperensar (*Funiculina quadrangularis*), vanleg sjøfjør (*Pennatula phosphorea*) og artar av liten piperensar (*Virgularia mirabilis* og *Virgularia sp.*), i tillegg til fleire andre sjøfjørartar. For at eit område skal definerast som sjøfjørbotn, må det ha ein tettleik på meir enn 20 koloniar per 100 kvadratmeter, eller minst éin observasjon av sjøfjør kvart 5. sekund under kartlegging. Sjøfjørbotn er ikkje inkludert på den norske raudlista for naturtypar. Internasjonalt har han likevel ein status som indikerer sårbarheit. Naturtypen er anerkjent som eit sårbart marint økosystem ("VME" eller "Vulnerable Marine Ecosystems") av ICES ("Seapen fields"). Den er òg lista på OSPAR si liste over trua og minkande habitat ("Sea Pen and Burrowing Megafauna").

Sjøfjørbotn er funnen flekkvis fordelt over heile Sognefjorden, både på djupt og grunt vatn. Førekost er registrert i djupner mellom 40 og 600 meter. Under kartlegginga i 2023 vart det observert spesielt høge tettleikar av sjøfjør i enkelte område, inkludert ved Fimreite, Høyheimsvik og Skjolden. Totalt vart naturtypen observert på 22 stasjonar gjennom ulike kartleggingar. Modellering av utbreiinga viser at kystområda utanfor terskelen (ved fjordopninga) og nokre av sidefjordane er sannsynlege kjerneområda for sjøfjørbotn. Desse kjerneområda har ofte minimumstemperaturar mellom 6,5 og 9 °C, i tillegg til låg turbiditet (lite grums i vatnet) og låg profilkrumming. Totalt vart det observert seks ulike sjøfjørartar under kartlegginga i 2023. *Kophobelemnon stelliferum* (hanefot) var den mest talrike. Sjøfjørbotn førekjem generelt grunnare i fleire av sidefjordane.



Figur 6 Korallskog er ein naturtype med mange korallartar som lever i lag. Slik korallskog er registrert på to undersøkte transekt i Sognefjorden, og det er høg sannsynlegheit at det er korallar ved terskelen og

**Hardbotnskorallskog:** Desse korallskogane er tydeleg assosierte med loddrette fjellveggar. Dei er hovudsakleg bygde av hornkorallane sjøtre (*Paragorgia arborea*), dvergsjøtre (*Anthothela grandiflora*) og risengrynskorall (*Primnoa resedaeformis*). Her er det òg ein betydeleg innblanding av anemonane *Protanthea simplex* og *Kadosactis abyssicola* samt viftesvampar som *Axinella* og *Phakellia*. I tillegg finst flekkar med samlingar av kjøttkorallen *Anthomastus grandiflorus*. For å

karakteriserast som korallskog krevst ein tettleik på over 10 koloniar per 100 m<sup>2</sup>.

Hardbotnskorallskog er kategorisert som Nær Trua (NT) på den norske raudlista for naturtypar (2018-vurderinga). Den er òg på ICES si VME-liste som "Hardbottom coral garden" og på OSPAR si liste som "Coral gardens". Korallskog vart berre registrert på to undersøkte stasjonar i Sognefjorden. Under kartlegginga i 2023 vart korallskog funne på éi stasjon, SO58 ved Solsvika, i nærleiken av terskelen. Korallskog vart òg observert under testtokt ved Sognefjordens terskelstasjon S36-Tt (sjå HI si kartleggingsrapport). Modelling syner høg sannsynlegheit for førekomst av korallar ved terskelen og i kystområdet nordvest for terskelen. Dei krev høg salinitet (rundt 35‰) og føretrekk humpete terreng (høg rugositet). nordvestover. Foto: Mareano

**Svamphage (Hardbotnssvampsamfunn):** Svamphagar er ein særskild og forvaltningsrelevant naturtype som finst på hard botn i Sognefjorden. Svamphagane er hovudsakleg bygde av vifteforma svampar, spesielt artar frå slektene Phakellia og Axinella. Dei veks på hardbotn (fjell). Den sjeldne djupvassvampen glassvampen (*Asconema foliata*) vart dokumentert på ei stasjon på djupt vatn. For at eit område skal reknast som svamphage, må det ha ein tettleik på over 20 koloniar per 100 kvadratmeter. I Sognefjorden vert tettleiken av svampar likevel skildra som å vere i det nedre sjiktet av det som krevst for å karakterisere naturtypen. Dessutan er store, massive svampar sjeldne, noko som gjer at biomassen i fjorden er låg. Svamphagar er funne flekkvis fordelt på hard botn langs heile fjorden. Dei finst på djupt vatn, typisk mellom 200 og 600 meter. Naturtypen vart observert på fleire stader i hovudfjorden under kartlegginga i 2023. Tidlegare studium har òg identifisert svamphagar både ved fjordterskelen og lenger inne i fjorden. Modelling syner at det er høg sannsynlegheit for å finne svamphagar langs begge sidene av hovudfjorden. Dei mest eigna områda er djupe, med bratt skråning og ein maksimal temperatur under 8,5°C. Svamphagar er ikkje lista på den norske raudlista for naturtypar. Internasjonalt er dei derimot anerkjende som sårbare: Dei står på ICES si liste over sårbare marine økosystem (VME) som "Deep-Sea Sponge Aggregations" og på OSPAR si liste over trua og minkande habitat.

**Cerianthidebotn (Sylindersjørosebotn):** Denne naturtypen er karakterisert av sylindersjøroser (*Cerianthidae*), og finst på bløtbotn (mudder til sandig mudder). Det er vanskeleg å artsbestemme cerianthidar frå video/bilete. Tette samfunn krev meir enn 5 individ per 5 meter (ca. 1 kvart sekund). Den er ikkje per dags dato på den norske raudlista for naturtypar, men er lista som "Tube-dwelling anemone aggregations" under ICES sine VME. Cerianthidebotn vart observert flekkvis under kartlegginga i Sognefjorden, spesielt i dei sentrale og indre delane av fjorden. I 2023-kartlegginga vart naturtypen observert langs 8 transekt. Modelling syner at bassengområda i hovudfjorden er sannsynlege kjerneområde. Eigna habitat er kjenneteikna av høg salinitet (rundt 35‰), låg turbiditet og relativt flat botn. Denne naturtypen er mest sannsynleg å finne på djup mellom 40 og 600 meter under fjordoverflata.

**Reirskjell på fjell:** Naturtypen er kjenneteikna av tette bestandar av reirskjellet (*Acesta excavata*). Reirskjellet finst ofte på korallrev, men i norske fjordar kan det førekome i store tettleikar på fjellveggar og blokker. Dei byggjer habitat med skjel i svært høge tettleikar og spelar ei viktig rolle i nitrogen- og karbonsyklusen. Dei kan bli fleire hundre år gamle og er sensitive for forureining. Lokale tette bestandar er definerte som meir enn 10 individ per 10 m<sup>2</sup>. Denne naturtypen står ikkje på den norske raudlista for naturtypar, ICES si VME-liste eller OSPAR si liste, men blir likevel rekna som forvaltningsrelevant grunna likskapar med korallar og svamp. Reirskjell på fjell vart observert flekkvis med svært tette bestandar på vertikale fjellveggar og underheng i dei midtre og ytre delane av Sognefjorden, men ikkje i dei indre fjordarmene. Under 2023-kartlegginga vart tette bestandar

observert på åtte stasjonar. Desse funna strekkjer seg frå den ytre terskelen til dei indre delane av fjorden. Reirskjell på fjell er mest sannsynleg å trivst på djup mellom 50 og 200 meter.

### **Raudlista artar utover naturtypene**

I tillegg til disse nemnte fem naturtypene er fire raudlista korallartar registrert av HI i Sognefjorden: *Anthothela grandiflora* (dvergsjøtre), *Paragorgia arborea* (sjøtre), *Isidella lofotensis* (bambuskorall) og *Anthomastus grandiflorus* (kjøttkorall). Alle desse vart i 2021 vurdert som nær trua (NT) på den norske raudlista. Kjøttkorallen er den mest vanlege og vart observert på 15 ulike stader, nokre med svært høge tettleikar (opp til 108 individ på eit 200 m langt transekt). Terskelen er ein tydeleg "hotspot" for raudlista artar, medan bambuskorallen og kjøttkorallen òg vart funne lenger inn i fjorden. Desse naturtypene og artane er sentrale for forvaltninga av det marine verneområdet i Sognefjorden, og kunnskap om deira utbreiing og karakter er avgjerande for å redusere risikoen for skade frå menneskeleg aktivitet.

Konsekvensutgreiinga har i tillegg lista opp andre relevante naturtypar for den marine verneprosessen. Her er eit samandrag av naturtypene og geografisk plassering som Akvaplan NIVA har lagt fram i KU.

### **Pollar og fjordar med naturleg lågt oksygeninnhald:**

Fleire område i Sognefjorden har poll-liknande eigenskapar med avgrensa vassutskifting. Øystrebøvatnet i Fuglsetfjorden er klassifisert som ein brakkvasspoll med særne biologiske forhold og naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet under 30-50 meters djup. Det ligg på sørsida av Sognefjorden. Verneforslaget har vurdert dette området, men konsekvensutgreiinga meiner det ikkje er ein god representant for norske fjordar. Finnabotn inst i Finnafjorden har også poll-liknande eigenskapar med ein grunn terskel og svært lågt oksygeninnhald under ca. 35 meter. Barsnesfjorden (innanfor Sogndalsfjorden) og Lifjorden (i Hyllestad kommune) er også skildra med poll-liknande eigenskapar. Lifjorden har naturleg dårleg vassutskifting i den indre delen av fjordbassenget. Indre Fuglsetfjorden er den einaste lokaliteten som er klassifisert som ein fjord med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet, og vert rekna som eit viktig område. Nærøyfjorden indre er klassifisert med dårleg økologisk tilstand og er oksygenfattig med lang opphaldstid for botnvatn. Eidsfjorden og Barsnesfjorden har også område med naturleg lågt oksygeninnhald på grunn av tersklar. Desse områda er sårbare for fysiske inngrep som kan påverke vassirkulasjonen.

### **Ålegrasenger og andre undervassenger**

Det er registrert 16 førekomstar av ålegrasenger og andre undervassenger i utgreiingsområdet som låg til grunn for KU. Åtte av dei ligg i Sogndal kommune, sju i Høyanger kommune og ei i Vik kommune. Etter metodikken for verdivurdering i NIVA rapport 7454-2020 har 11 av førekomstane verdi A, tre har verdi B og to har verdi C. Det er ikkje grunntområde nok til verkeleg store ålegrasenger i Sognefjorden, men dei to største er på over 50 dekar: Kvamsbukti ved Kvamsøy, heilt vest i Sogndal kommune, og Kjenes inst i Esefjorden i same kommune. Andre ålegrasenger finst spreidd i fleire delområde, og med unntak for ei eng ved Norevik er dei å finne i store og små sidefjordar og viker: Amlabukti (ei i vest og ei i aust), Sogndalsfjorden, Fjærlandsfjorden, Vetlefjorden, Arnafjorden, Ortnevik, Fuglsetfjorden (fire enger) og Ikjefjorden. Djupnene varierer frå 0,5 til 7,5 meter. Desse engene er viktige karbonlager og oppvekstområde for ei rekkje artar, ikkje minst torskefisk.

### **Større taeskokgførekomstar**

Så mange som 20 større taeskokgførekomstar er registrerte, hovudsakleg i den ytre delen av Sognefjorden, frå Risnefjorden og utover, i kommunane Gulen, Solund og Hyllestad. Det er 18 lokalitetar som har viktig verdi (B). To har svært viktig verdi (A): Vardeneset-Kyrøy i Gulen kommune og Losnesgard i Solund kommune. Djupnene varierer frå 1 til 27 meter. Taeskok er viktig som karbonlager. Mesteparten av taeskogen ligg djupare enn to meter.

### **Grunne blautbotnsområde**

Tre område med blautbotn i strandsone er registrerte, alle med lokalt viktig verdi (C). Desse er alle lokaliserte i den ytre delen av Sognefjorden, utanfor terskelen: to i Rutletangen i Gulen kommune og eitt på øya Losna i Solund kommune. Blautbotnsområde er artsrike og viktige beiteområde for fisk og sjøfugl, men er sårbare for fysiske inngrep.

### **Deltaområde**

Det er registrert 11 deltaområde i Sognefjorden. Dei fleste ligg i midtre og indre delar av Sognefjorden, inst i fjordarmene ved elveutløp. To har svært viktig verdi (A), to viktig (B), og sju lokalt viktig (C). Vetlefjordøyra og Bøyaøyra naturreservat omfamnar allereie to av dei verdifulle deltaområda. Nagløyri, der Årøyelva munnar ut i Barsnesfjorden (Sogndal kommune), vert skildra som det einaste intakte deltaområdet i Sognefjorden og er i prosess for å bli vurdert som naturreservat. Deltaområde er viktige våtmarker for fugleliv og er vurdert som sårbare (VU) på norsk raudliste for naturtypar, ofte sterkt påverka av menneskeleg aktivitet som utfylling og utbygging.

### **Område med viktig økologisk funksjon**

Område med ein spesiell økologisk funksjon i Sognefjorden er viktig å ha kjennskap til for å få eit best mogeleg dekkande vern. Konsekvensutgreiinga har innhenta og samanfatta informasjon frå eksisterande kunnskapsbasar.

Sognefjorden har eit variert spekter av fiske- og skalldyrbestandar, inkludert unike lokale stammar og viktige habitat for gyting, oppvekst og beiting. Av unike fiskestammar kan vi nemne lokale sildestammar som er rapporterte frå Aurlandsfjorden (Fretheimssilda), Øystrebøvatnet og Lustrafjorden. Desse bestandane er svært små og genetisk forskjellige frå sild i havet, noko som gjer dei særleg sårbare for kommersielt fiske. For å verne desse er det forbod, jf. havressurslova, mot notfiske aust for 5°30'Ø i Sognefjorden, omlag ved grensa mellom Gulen og Høyanger kommunar. Sju gytefelt for sild er registrert i Sogndal (Bogen, Gjerdsviki, Vest for Kvitholmen, Skåpargjelet og Storesva) og Luster (Mårdøla og Ottom). Gyting for sild er òg registrert ved Ottom i Lustrafjorden og ved Bogen i Barsnesfjorden.

Ein stadeigen bestand av brisling held til i Sognefjorden heile livet. Denne har eit anna genetisk mangfald enn brislingen utanfor fjordbassenget. Også for djupvassfisken skolest er bestanden i

Sognefjorden genetisk åtskild frå andre kystbestandar, denne er observert både i ytre og indre delar av fjorden.



*Figur 7 Brisling er ein fiskeart som held seg innanfor Sognefjorden heile livet, og det finst såleis ei eiga kvote for denne bestanden i fjorden. Biletet er ikkje frå Sognefjorden. Foto: Erling Svensen*

Ni gytefelt for kysttorsk er kartlagde, hovudsakleg inst i sidefjordane. Dei største finst i Fuglsetfjorden (11,52 km<sup>2</sup>), Årdalsfjorden (8,80 km<sup>2</sup>) og Havhellefjorden (8,15 km<sup>2</sup>). Gyting av botnfisk som torsk, hyse, kviting, lyr, lysing er registrert i Vik (Arnafjorden/Indrefjorden, Ytre Finnafjorden), Hyllestad (Rysjedalsvika/Bøfjorden) og Sogndal (Vetlefjorden-Sværefjorden, Esefjorden). I Fjærlandsfjorden er gyting av pigghå og lysing registrert, medan flatfisk som piggvar, raudspette og skrubbe gyter i Esefjorden.

Fem viktige oppvekst- og beiteområde og område for yngel/småfisk og vaksen fisk er registrert; tre i Sogndal kommune (Amlabukti, Esefjorden, Vetlefjorden-Sværafjorden) og to i Hyllestad kommune (Rysjedalsvika-Bøfjorden og Lifjorden indre). Til dømes er førekomsten Kjenes, innerst i Esefjorden, nært (<200 m) registrert gyteområde og oppvekstområde viktig for ei rekke fiskeartar (torsk, hyse, lyr, hvitting, piggvar, rødspette, skrubbe). Desse områda er definert som område der tettleiken av yngel er større enn i andre område (oppvekstområde), eller der vaksen fisk vert fanga (beiteområde).

Av marine pattedyr er både sel og fleire kvalartar er observert i Sognefjorden. Steinkobbe har koloniar observert i Nærøyfjorden og Lustrafjorden, med liggeplassar for 15-30 dyr som er i bruk heile året. Bestanden i indre Sognefjorden har gått tilbake, moglegvis på grunn av auka turisme.



*Figur 8 Desse to spekkhoggarane fekk uttelling etter ei vellukka seljakt i Lustrafjorden. Foto: Vegard Byrkjeland Aasen*

For raudlista fisk og skaldyr er det registrert fleire i utgreiingsområdet. Av pigghå (VU) er det gjort spreidde observasjonar av i hovudfjorden og innover til Lustrafjorden, Lærdalsfjorden, Sogndalsfjorden og utanfor Aurlandsfjorden. Blålange (EN) er registrert i ytre del av Sognefjorden og utanfor Fjærlandsfjorden. Ål (EN) har berre to observasjonar i artskart (i Amlabukti og nær ytre Årdalsfjorden), men det er sannsynleg at ål førekjem i fleire vassdrag og område i Sognefjorden. Hummar (VU) er ikkje registrert i artskart, men det finst 17 fredingsområde for hummar i Sognefjorden og sidefjordane og det går føre seg fiske av hummar utanfor disse områda. Eit mangfald av sjøfugl, inkludert måsefugl (fiskemåse, gråmåse, hettemåse, svartbak), tjeld, raudstilk og ærfugl, er registrert i Sognefjorden. Grunne område er spesielt verdifulle som næringsøkområde for fugl. Fleire holmar og skjær er viktige hekkelokalitetar og er allereie verna som naturreservat, som Torsholmane i Solund, Storholmen i Høyanger og Fimreiteholmane i Sogndal. Det pågår eit arbeid med eit kandidatområde for vern, mellom anna med funksjon som beite- og overvintringsområde for fugl, inst i Barsnesfjorden, i Årøy.

### **Andre relevante naturverdiar**

#### **Anadrom laksefisk**

Sognefjorden har bestandar av sjøvandrande laks og sjøaure. Villaksen er klassifisert som nær trua (NT) på den norske raudlista. Sjøaurebestandane har hatt ein kraftig tilbakegang, særleg i Vestland. Heile utgreiingsområdet i fjorden blir rekna som viktig funksjonsområde for desse artane. Sjøauren held seg vanlegvis i fjordområda nær elva der han vaks opp, medan laksen vandrar ut gjennom heile Sognefjorden til ope hav. Den indre delen av fjorden vart i 2003 utpeikt som nasjonal laksefjord for å gje villaksbestandane særleg vern mot oppdrettsverksemd og andre inngrep. Fem nasjonale laksevassdrag munnar ut i fjorden: Flåmselva (Aurlandsfjorden), Årøyelva (Barsnesfjorden),

Lærdalselva (Lærdalsfjorden), Nærøydalselva (Nærøyfjorden) og Vikja (indre Sognefjorden). Den største trusselen mot villaks og sjøaure i sjø er knytt til lakseoppdrett, særleg lakselus, rømt oppdrettslaks og infeksjonar.

### **Geologisk mangfald**

Geologisk mangfald i Sognefjorden har sentral verdi i vernet og omfattar variasjonar i geologiske strukturar og prosessane som dannar dei. KU fokuserer på geostader (geologisk arv) med marin tilknytning, som blir vurdert etter vitskapleg verdi og verdi for undervisning. Sognefjorden er Noregs lengste og djupaste fjord (opptil 1300 meter djup), forma av istider gjennom millionar av år. Dette gjer fjorden til eit særprega naturfenomen. Landskapet er eit resultat av jordskorperørslar (tektoniske prosessar), erosjon frå isbrear gjennom fleire istider, og masserørslar (ras og skred) i varmare periodar. Fjorden har ein terskel i ytre del på om lag 140 meters djup, og fjordar generelt kan ha geologisk verdi knytt til fjordtersklar av fast fjell eller morenemassar. Geologisk mangfald blir på mindre skala (2–20 km<sup>2</sup>) vurdert under temaet naturmiljø, medan det visuelle inntrykket på stor skala blir vurdert under landskapsbilde og verdsarv (sjå også KU).

Heile Sognefjorden, både over og under overflata, har bidrege til auka forståing av regionens geologiske oppbygging og historie. Fjorden aukar også forståinga for geologiske prosessar knytt til norske fjordar. Dette gir heile Sognefjorden med alle 27 delområde ein middels verdi for geologisk mangfald, med ein verdi som ligg tett opp mot *stor*. Grunngevinga er at svært stor verdi er definert for stader som har gitt betydeleg bidrag til geologi som vitskap eller til global geologisk forståing. Enkelte sidefjordar har fått stor verdi fordi dei har vore gjenstand for forskning på fjellskred, og skredområde er registrerte under havoverflata. Dette gjeld spesielt for Aurlandsfjorden og Fjærlandsfjorden. Slike skredområde bidreg til auka forståing av geologiske prosessar representative for Noregs geologiske oppbygging. Generelt er kunnskapen om undersjøisk geologisk mangfald mangelfull i utgreiingsområdet.

### **Vassmiljø kystvatn**

Temaet i KU fokuserer på den økologiske og kjemiske tilstanden til vassførekomstane, i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Målet i tråd med vassforskrifta er å verne overflatevatn mot forringing og å betre tilstanden i førekomstar der miljømåla ikkje er nådde, slik at dei oppnår minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta §§ 4 til 7 fastset miljømål for ulike vassførekomstar. I vassforskrifta § 7 om miljømål for beskytta område, heiter det at *beskyttede områder skal oppfylle miljømålene i § 4–§ 6 og eventuelle miljømål som følger av grunnlaget for beskyttelse*. Eit marint verneområde blir rekna som eit *beskyttet område* etter vassforskrifta, sjå vassforskrifta vedlegg IV nr. 1 v. Vassforskrifta opnar for å utsette fristar for å nå miljømåla eller fastsetje mindre strenge miljømål dersom visse vilkår er oppfylte. Dette står i vassforskrifta §§ 9 og 10, som også gjeld for beskytta område etter § 7. Sjå også omtale av EU sitt vassrammedirektiv i kapittel 6.

Verdien av vassførekomstar i kystvatn vert sett til stor eller svært stor verdi i alle delområda i utgreiingsområdet basert på økologisk tilstand. Den kjemiske tilstanden er ikkje inkludert i verdivurderinga på grunn av avgrensa kunnskapsgrunnlag i utgreiingsområdet. Fleire delområde har god eller svært god økologisk tilstand etter vassressursindeksen. Eksempel på delområde med Svært stor verdi er Arnafjorden (ØT God i Indrefjorden og Svært God i Arnafjorden), Bøfjorden (ØT God i indre og Svært God i ytre Bøfjorden), Esefjorden (ØT God) og Finnafjorden (ØT God). Delområde som Amlabukti, Aurlandsfjorden og Barsnesfjorden er vurdert til Stor verdi med Moderat økologisk tilstand. Kunnskapsgrunnlaget om vassmiljøet i kystvatn er vurdert som fragmentert.

Statsforvaltaren i Vestland starta i januar 2025 eit treårig overvakingsprogram for å kartleggje tilstanden i Sognefjorden, inkludert hovudfjorden og sidefjordane, for å undersøkje påverknad frå spesifikke kjelder. Vassmiljøet i fjorden vert påverka av fleire kjelder, hovudsakleg knytt til utslepp og avrenning. Det er avdekt urovekkjande høge konsentrasjonar av miljøgifter i enkelte fjordarmar. Det er målt forhøgde nivå av tributyltinn (TBT), eit gammalt antigroemiddel, i cruiseskiphamna i Flåm, innerst i Aurlandsfjorden, og det er avdekt urovekkjande høge konsentrasjonar i indre delar av Nærøyfjorden. Styresmaktene åttvarar mot å ete brosmme i heile den indre delen av Sognefjorden på grunn av høgt innhald av kvikksølv. Det er òg åttvaringar mot skjell og brun krabbeinnmat frå Årdalsfjorden og Høyangsfjorden på grunn av forureining med tungmetall (kvikksølv, bly, kadmium) og PAH.

### Eksisterande og tilgrensande verneområde

Forslaget til marint verneområde i Sognefjorden overlappar med tre landskapsvernområde (LVO) og seks naturreservat som har vern for sjøfugl og våtmark.

**Landskapsvernområde med sjøareal:** Desse tre inkluderer marint areal og overlappar delvis med utgreiingsområdet for marint vern. Verneføremålet deira er å bevare natur- og kulturmiljø.

- Bleia-Storebotnen landskapsvernområde ligg i Aurland og Lærdal kommunar. Føremålet er å ta vare på eit vakkert og særlege natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Av det totale arealet på 66,127 km<sup>2</sup>, utgjer 7% (ca. 5 km<sup>2</sup>) marint areal som fell delvis inn under det marine kandidatområdet.
- Nærøyfjorden landskapsvernområde ligg i Aurland, Voss og Vik kommune. Det dekkjer 547 km<sup>2</sup>, og 5% av dette (ca. 27,35 km<sup>2</sup>) er marint areal. Verneføremålet er eit vakkert og særlege natur- og kulturlandskap som strekk seg frå fjord til fjell. Det overlappar med både Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden, med om lag 17 km<sup>2</sup> marint areal i Aurlandsfjorden.
- Stølsheimen landskapsvernområde ligg delvis i Høyanger og Vik kommune, og det strekk seg også inn i kommunar utan kystlinje i Sognefjorden. Verneføremålet er å ta vare på eit særleg utprega og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep. Området dekkjer 373 km<sup>2</sup>, der 1% (ca. 3,73 km<sup>2</sup>) er marint areal. Landskapsvernområdet dekkjer stort sett heile arealet av Finnafjorden og Finnabotn, med 4 km<sup>2</sup> marint areal som fell delvis inn under utgreiingsområdet.



*Figur 9 Garden Tufto i Nærøyfjorden ligg både i KULA og i verdsarven, og ligg omkransa av landskapsvernområdet. Det føreslegne marine verneområdet grenser til garden. Bak i biletet kan ein også sjå delar av Geitanosi naturreservat. Foto: Anbjørg Nornes*

**Naturreservat med sjøareal:** Seks eksisterande naturreservat har sjøareal innanfor kandidatområdet for MVO. Desse er sjøfugl- eller våtmarksområde, der mellom 68,9% og 90% av verneområdet er marint areal.

- Bleia naturreservat ligg i Aurland og Lærdal kommune. Det er eit lite marint areal på 0,007 km<sup>2</sup> som overlappar, og verneføremålet er knytt til bevaring av urvalmue og eit særeige fjordlandskap frå fjord til høgfjell. Verneområdet strekkjer seg 5 meter ut i fjorden.
- Bøyaøyri naturreservat ligg inst i Fjærlandsfjorden i Sogndal kommune. Av eit totalt areal på 0,23 km<sup>2</sup>, er 0,136 km<sup>2</sup> marint. Verneføremålet er knytt til eit viktig våtmarksområde, med særleg omsyn til deltaområdet som naturtype og verdien for våtmarksfugl i trekktida.
- Fimreiteholmane naturreservat ligg i Norafjorden (ytre del av Sogndalsfjorden) i Sogndal kommune. Av eit areal på 0,081 km<sup>2</sup>, utgjer 0,050 km<sup>2</sup> marint areal. Verneføremålet er knytt til sjøfugl, og området er ein svært viktig hekkelokalitet i indre del av Sognefjorden.
- Vetlefjordsøyra naturreservat ligg inst i Vetlefjorden i Sogndal kommune. Av eit areal på 0,170 km<sup>2</sup>, utgjer 0,115 km<sup>2</sup> marint areal. Verneføremålet er knytt til eit viktig våtmarksområde, med særleg omsyn til deltaområdet som naturtype og verdien for våtmarksfugl i trekktida.
- Storholmen naturreservat ligg ved Nordrevik i Høyanger kommune. Av 0,141 km<sup>2</sup> totalt, er 0,099 km<sup>2</sup> marint areal. Verneføremålet er knytt til sjøfugl som hekkelokalitet.

- Torsholmane naturreservat ligg sør for øya Losna i Solund kommune. Av 0,380 km<sup>2</sup> totalt, er 0,341 km<sup>2</sup> marint areal. Verneføremålet er knytt til sjøfugl og skal ivareta ein viktig hekke- og overvintringslokalitet.

**Verneområde på land som grensar til det føreslegne marine verneområdet:** Ni naturreservat med verneplan for skog grensar til kandidatområdet for marint vern eller ligg svært nær grensa. Desse har generelt restriksjonar mot fysiske inngrep og forureining, sjølv om marine verneverdiar ikkje er direkte knytte til desse landområda.

- Bergsstronda naturreservat i Høyanger kommune, i Høyangsfjorden. Verneføremålet er knytt til edellauvskog.
- Buggastrondi naturreservat ligg i Luster kommune. Føremålet med vernet er å ta vare på eit artsrikt område i indre fjordstrøk, inkludert kalkfuruskog og rik edellauvskog.
- Fimreiteåsen naturreservat i Sogndal kommune. Verneføremålet er knytt til bevaring av eit stort samanhengande naturområde frå fjord til fjell med særleg verdi for biologisk mangfald og sjeldne/trua dyreartar.
- Geitanosi naturreservat ligg i Aurland kommune. Reservatet er eit stort og urørt skogsområde med eit stort mangfald av skogs- og vegetasjonstypar.
- Luster Allmenning naturreservat i Luster kommune. Verneføremålet er å bevare ei stor skogkledd fjordside utan inngrep.
- Nordheimsdalen naturreservat i Aurland kommune. Verneføremålet er å ta vare på eit spesielt skogsområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Deler av skogen har urskogpreg.
- Tingastad naturreservat i Sogndal kommune og grensar mot Sognefjorden, rett aust for Fimreiteåsen. Føremålet er å ta vare på eit lite påverka skogsområde med geologisk og biologisk mangfald i ein kontinuerleg gradient frå fjord til fjell.
- Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune er nyleg utvida og grensar mot Bermålsnosi og Sognefjorden.
- Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune er nyleg oppretta og grensar mot Kvitingsmorki naturreservat og mot Sognefjorden.

## 4.3 Andre miljøverdiar

### Kulturminne, kulturmiljø og verdsarv

Sognefjorden er eit område med ei lang og rik historie av menneskeleg aktivitet. Det finst 31 registrerte kulturminne under vatn i utgreiingsområdet. Utgreiinga for marint verneområde fokuserer på kulturminnetypar som er relevante for sjøområdet. Det nasjonale miljømålet for kulturminne og kulturmiljø er at eit mangfald av desse skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Kulturarven og kulturminna i fjorden bidreg som økosystemtenester gjennom å gje grunnlag for opplevingar og kunnskap. Kystkulturen, med maritime kulturminne, er ein viktig del av norsk identitet og styrkjer lokal stoltheit. I tillegg kan skipsvrak bidra som habitat for marine organismar.

Sognefjorden inneheld fleire typar kulturminne under vatn. Det er viktig å merke seg at det samla talet på kjende kulturminne er vurdert til å vere eit minimumsestimat for det faktiske omfanget, då kunnskapsgrunnlaget for marine kulturminne i den djupe fjorden er fragmentert. Dei viktigaste kategoriane omfattar:

**Skipsfunn/skipsvrak:** Det er registrert 13 skipsvrak med ulik vernestatus i kandidatområdet for marint vern. Vrak som er eldre enn 100 år er automatisk freda etter Kulturminnelova § 14. Yngre vrak kan likevel vernast ved enkeltvedtak om dei har særleg kulturhistorisk verdi eller nasjonal tyding, til dømes vrak frå andre verdskrig som er av nasjonal/internasjonale betyding.

- D/S Begonia: Eit automatisk freda vrak frå 1940, funne i Aurlandsfjorden, som er av svært stor verdi.
- D/S Ørnen: Rutebåten som gjekk ned i Lærdalsfjorden i 1898 og no ligg på 140 meters djupne. Vraket er freda, noko som gjev området stor verdi.

**Hamnefunn og kulturlag:** Område i sjøen som har vore prega av langvarig menneskeleg aktivitet, som losse- og lasteplassar eller ankringsstader, kan føre til danning av kulturlag på botnen. Desse kulturlaga, samt gjenstandar som finst der, kan vere automatisk freda eller omfatta av Kulturminnelova § 14. Det er registrert hamneområde og kaianlegg i seks delområde. Eit døme er Bolverkskai, Aurlandsvengen, med mogleg tilknytning til ei kyrkje frå 1200-talet.

**Andre funn:** Dette kan vere spor knytt til samferdsel (t.d. båtstøer), fangst og fiske (t.d. garn/fiskesøkker), forsvarsverk (t.d. seglsperringar), eller oversvømde busettingar frå steinalderen. Alle objekt, lokalitetar og konstruksjonar eldre enn 1537 er automatisk freda.

Kulturmiljø langs fjorden er ofte sterkt knytte til sjøområda, det er ni registrerte slike område i utgreiingsarealet. Desse kulturmiljøa kan fredast ut frå den totale kulturhistoriske verdien, og dei er viktige for å forstå historia om korleis sjøvegen til alle tider har vore ein sentral kommunikasjonsveg.

**Verdsarvområde:** Sognefjorden rommar to område på UNESCOs verdsarvliste, noko som gjev dei svært stor verdi på grunn av deira internasjonale betyding:

- Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden: Dette området er anerkjent som eit av dei vakraste og best bevarte fjordlandskapa i verda. Verdsarvstatusen er knytt til den framifrå universelle verdien (FUV) som inkluderer unike geologiske prosessar som formar landskapet og viktige undersjøiske geomorfologiske strukturar. Området er kjenneteikna av dramatiske kontrastar mellom vill natur og småskala gardsbruk.
- Urnes stavkyrkje: Buffersona rundt denne verdsarvstaden strekk seg ut i sjøområdet i Lustrafjorden. Verdien ligg i konteksten som omkransar kyrkja, som gjev forståing av samanhengen kyrkja var ein del av, med gardsdrift og ferdsel på fjorden.

**Prioriterte marinarkeologiske område (PRIMAT):** Det er registrert 18 marinarkeologisk prioriterte område (PRIMAT) i Sognefjorden, der 17 ligg innanfor utgreiingsområdet for marint vern. Desse områda er utpeikte basert på historiske kjelder og vurdering av potensialet for funn av kulturminne under vatn. Dei bidreg til forvaltning og forskning ved å peike ut område med høgare sannsyn for å finne ukjende kulturminne.

Verdivurdering av delområde (utvalde døme) Fleire delområde i Sognefjorden har fått svært høge verneverdiar for kulturminne og kulturmiljø:

- Aurlandsfjorden: Vurdert til svært stor verdi på grunn av fleire freda kulturminne under vatn (inkludert vrak frå andre verdskrig), og at området inngår i både KULA-område og Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

- Lustrafjorden: Vurdert til svært stor verdi med fleire kulturminne under vatn (tre lokalitetar og fleire enkeltminne, inkludert skipsvrak og funn frå 1800-talet). Området inngår òg i PRIMAT-område og KULA-område.
- Nærøyfjorden: Vurdert til svært stor verdi som del av Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og KULA-område.
- Sognefjorden indre og ytre: Vurdert til stor verdi knytte til eit mangfald av kulturminne under vatn, inkludert skipsfunn, rester av steinkaiar og anker. Desse områda inneheld òg fleire PRIMAT-område og KULA-område.

Kunnskapsgrunnlaget for marine kulturminne i den djupe fjorden er relativt fragmentert, og det er sannsynleg at det finst mange fleire ukjende kulturminne på sjøbotnen som enno ikkje er kartlagde. Dette understrekar den potensielle verdivurderinga for heile området.

*Usikkerheit knytt til temaet: Kunnskapsgrunnlaget (sjå KU) er svært usikkert for prioriterte marinarkeologiske territorium (PRIMAT), og det er eit betydeleg potensial for ukjende kulturminne under sjøen som krev detaljert kartlegging.*

### **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA-område) som inkluderer sjøareal**

Det er fleire KULA-område som inkluderer sjøareal i kandidatområdet. Desse representerer landskap med stor kulturhistorisk verdi og tyding for nasjonal identitet.

- **Høyanger – vasskraftlandskapet:** Nasjonal interesse er knytt til eit heilskapleg industri- og vasskraftlandskap.
- **Balestrand og Vangsnes – dei første turistane sitt landskap:** Nasjonal interesse er knytt til området verdi som turistmål frå midten av 1800-talet.
- **Strendene i Vik – veilause fjordgardar:** Nasjonal interesse er knytt til eit sjeldan godt bevart kulturlandskap.
- **Nærøyfjorden – små grender i dramatisk fjordlandskap:** Omfattar Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, og nasjonal interesse er knytt til at det er eit av dei vakraste og best bevarte fjordlandskapa i verda.
- **Lustrafjorden – fjordlandskapet omkring Urnes stavkyrkje:** Nasjonal interesse er knytt til det storslagne landskapet rundt verdsarvområdet Urnes stavkyrkje.

*Usikkerheit knytt til temaet: Kunnskapsgrunnlaget for naturmiljø er noko fragmentert og avgrensa, særleg for naturtypar og artar på djupt vatn i sidefjordane, og det manglar oppdatert informasjon om lokale sildestammar.*



*Figur 10 Det føreslegne marine verneområdet overlappar med fem kulturhistoriske landskap av nasjonal betydning og verdi. Biletet syner fjordlandskapet rundt Hella-Balestrand-Vangsnes, sett frå toppen inst i Esefjorden. Området fekk stor kulturell og økonomisk betydning då turismen etablerte seg i Noreg på 1800-talet. Foto: Maria Knagenhjelm*

**Verdsarv:** To område på UNESCOs verdsarvliste ligg delvis innanfor kandidatområdet. Det største er Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Dette er anerkjent som eit av dei vakraste og best bevarte fjordlandskapa i verda. Eit marint vern vil styrke vernet av dei framifrå universelle verdiane (Outstanding Universal Values, OUV), som geologiske prosessar og viktige undersjøiske geomorfologiske strukturar. Verdsarvområdet inkluderer fleire eksisterande verneområde, men delar av indre Aurlandsfjorden og eit område nordvest i Aurlandsfjorden er ikkje dekt av eksisterande vern. Urnes stavkyrkje i Luster er også på UNESCO si verdsarvliste. Buffersona rundt denne verdsarvstaden strekk seg ut i sjøområdet i Lustrafjorden.

### Friluftsliv og rekreasjon

Sognefjorden byr på mange og gode moglegheiter for aktivitetar og opplevingar knytt til friluftsliv og rekreasjon. Friluftinteressene er registrerte for lokale, regionale, nasjonale og internasjonale brukarar. Friluftinteressar som er relevante for sjøområdet inkluderer bading, dykking, symjing, padling (kajakk/kano), roing og segling, og aukande interesse for fugletitting og naturopplevingar langs fjorden. Det er stor aktivitet med båtliv og ferdsel, både frå lokale og frå langvegsfarande, og åtkomst med småbåt er svært viktig for mange veilause område og for rekreasjon. Fritidsfiske føregår med passive reiskapar som stongfiske og med teiner. Fiske etter sjøkreps og hummar er særleg populært i indre delar av fjorden. Fritidsfiske er regulert av Havressurslova. Om vinteren kan delar av fjorden bli nytta til å gå på skøyter. Seks område langs fjorden er statleg sikra friluftsområde, der Nordnes i Sogndal har eit tydeleg overlapp med det marine vernet. Andre område som er tilgrensande eller noko overlapp er område ved Kvamsøy, Dragsvik, i Eidet og ved Kyrkjebø. Mange av friluftsområda er klassifiserte med svært stor eller stor verdi. Store delområde i

indre Sognefjorden, som Aurlandsfjorden, Barsnesfjorden, Nærøyfjorden, og Lustrafjorden, har generelt fått verdien svært stor for friluftsliv.

Det er mange småbåthamner i utgreiingsområdet, men oversikta over desse er noko mangelfull i kunnskapsgrunnlaget. Konsekvensutgreiinga identifiserte likevel 32 gjestehamner i Norsk Havneguide (per mars 2025). Kommunale planar set av areal til friluftsliv og tilretteleggingstiltak som småbåthamner. Det kan kome utfyllande informasjon i høyringa. Friluftsliv og rekreasjon er knytt til kulturelle økosystemtenester som handlar om korleis naturen styrker helse, livskvalitet og tilknytning til stader. Friluftslivet bidreg til å oppnå nasjonale miljømål, særleg knytt til ivaretaking av allemannsretten og bevaring av viktige friluftslivsområde.

*Usikkerheit knytt til temaet: Kunnskapsgrunnlaget knytt til T3 (sjå KU) for småbåthamner relevante for friluftslivet, er mangelfullt.*

## Landskapsbilete

Sognefjorden har eit landskap prega av store kontrastar. Det strekkjer seg frå opne kystområde og breie fjordar til tronge sidefjordar med bratte fjellsider som når inn mot høg fjell og isbrear. Bustader er spreidde, og større tettstadar ligg ofte inst i fjordarmene. Dette landskapet er eit resultat av både naturlege og menneskelege prosessar gjennom historia. Utgreiinga av landskapsbiletet er i stor grad basert på det visuelle inntrykket over havoverflata.

Ytre Sognefjorden er prega av breie hovudfjordar med bratte fjellsider og korte sidefjordar. Området tilhøyrar primært landskapsregionen *Midtre bygder på Vestlandet*. Her finst få urørte landområde som grensar til fjorden, og akvakulturanlegg er synlege på overflata. Området lengst ute mot Sognesjøen er meir oppe og mindre bratt, der fjordforma gradvis forsvinn i møtet med oppe hav. Indre Sognefjorden ligg i landskapsregionen *Indre bygder på Vestlandet*. Her er naturen storslagen med dramatiske fjordar, fjell og dalar. Sidefjordane er tronge og har bratte fjellsider som strekkjer seg langt innover landet. Det finst nokre spreidde urørte landområde, og det er ingen synlege akvakulturanlegg i den indre delen. Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden har fått høgaste verdi for landskapsbiletet. Heile Sognefjorden ber preg av lang tids menneskeleg aktivitet.

Landskapsforvaltning er styrt av Europarådets landskapskonvensjon, plan- og bygningslova, naturmangfoldloven og kulturminnelova.

*Usikkerheit knytt til temaet: Det undersjøiske landskapet er dårleg kartlagt. Kunnskapsgrunnlaget er derfor primært basert på det visuelle inntrykket over havoverflata. Metodikken (M-1941) er dårleg tilpassa eit tiltak som ikkje tilfører fysiske strukturar til miljøet.*

## 4.4 Arealbruk og brukarinteresser


Sognefjorden er verdas lengste fjord med spreidd busetting frå ytst til inst langs fjorden. Då er det naturleg nok også mykje aktivitet. Ordet fjord kjem frå det norrøne ordet *fjorðr*, som tyder ein smal havarm som går inn i land. Det er nært knytt til verbet *fara*, eller ferdast, å fare eller reise – noko som syner fjorden som historisk viktig ferdselsåre. Kapitlet er ei tematisk oppsummering av arealbruken og brukarinteressene, både dagens og planlagt bruk, i utgreiingsområdet. Høyringa vil kunne få fram fleire interesser og aktivitetar som vi til no ikkje har fanga opp.

## Fiskeri

Fiskeressursane i Sognefjorden varierer i tid og stad, men dei har stor samfunnsmessig verdi både regionalt og nasjonalt. *Fritidsfiske og turistfiske er omtalt under andre tema.* Fartøy frå både lokale

kommunar og andre fylke, frå Troms og Finnmark, Trøndelag, Vestland og Rogaland fisker i fjorden. Fiskeriaktiviteten er høgast i kystkommunane ytst i fjorden, spesielt Solund og Gulen, som står for hovuddelen av registrerte fiskefartøy og fiskarar. Fiskeriaktiviteten er størst i Sogndalsfjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden, medan ho er lågare i indre delar og midtre delar av utgreiingsområdet, sjå figur 11.

Kommersielt fiske nyttar hovudsakleg passive reiskap som teiner, garn, line og ruser, som har avgrensa botnkontakt. Snurpenot/ringnot er ein aktiv reiskap som blir brukt til pelagisk fiske. Fiske med teiner etter sjøkreps er populært i dei indre delane av fjorden, medan leppefisk blir mest fanga med ruser og teiner. Dei viktigaste kommersielle artane som blir hausta i Sognefjorden inkluderer sild, makrell, hestmakrell, brisling, sjøkreps, hummar, breiflabb og sei. Det er også fiske av leppefisk. Fisket etter reke med botntrål er ikkje aktivt lenger på grunn av fråverande førekomstar i fjorden. Det er ikkje registrert slik aktivitet i fjorden sidan 2013. Historiske rekefelt er framleis markert i offentleg tilgjengelege kart, men det blir ikkje hausta i felta. Sognefjorden har rapporterte lokale stammar av både brisling, skolest og sild (i Lustrafjorden, Øystrebøvatnet (ikkje foreslått verna), og Aurlandsfjorden). Desse sildestammene er genetisk forskjellige frå kystsilda, veks saktare og er sårbare for kommersielt fiske. Det er forbod mot å fiske sild med not aust for 5°30'Ø i Sognefjorden for å beskytte dei små, lokale sildebestandane.



Figur 11 Fiskeriaktivitet for norske fartøy (>15 m) i perioden 2019-2022 (Kjelde: Fiskeridirektoratet, Yggdrasil kartportal, kartlag Fiskerintensitet norske fartøy, lasta ned mai 2024, henta frå KU).

Det er 17 fredingsområde for hummar i Sognefjorden, og forskning viser at dette har positiv effekt på hummarbestandane også utanfor fredingsområda. Lysbåtar under 15 meter ankrar opp for brislingfiske, særleg i indre fjordområde, og dette er regulert av spesifikke forskrifter for bruk av lys ved notfiske. Fiskeriaktiviteten og hausting av marine ressursar er regulert av havressurslova og fleire detaljerte forskrifter (sjå KU for fleire detaljar). HI tilrår kvoter for brislingfiske kvart år, og dei siste åra har tilrådd kvote vore 360 tonn unnateke i 2025 då det vart tilrådd nullfiske grunna svake bestandmålingar.

Totalt er det registrert 77 låssetjingsplassar i Sognefjorden fordelt på alle ti kommunane. Låssetjingsplassar er arealavgrensa område der fiskarar fortøyer nøter/merdar for mellomlagring av fangst, som sild eller brisling. Låssetjing er viktig for kvalitetssikring og lønsemd for fiskeria. Kommunale arealplanar spesifiserer låssettingsplassane, og fiske har fortrinnsrett i desse områda. Havressurslova gir fiskarar rett til låssettingsplass ved å kunne fortøye slepekast i land med rimeleg avstand til bustader.

Hausting av tang og tare med trål eller anna mekanisk reiskap er forbode med mindre det er eksplisitt opna for det, og det finst ingen definerte haustefelt for tare i utgreiingsområdet i Sognefjorden.

Det er potensiale for at makrellstørje kan bli ein verdifull ressurs i framtida. Bestanden er på veg opp etter tidlegare tiders overfiske. Klimaendringar vil truleg påverke framtidig fiskeri.

*Usikkerheit: Kunnskapsgrunnlaget for fiskeriressursar og brukarinteresser er i KU henta frå Fiskeridirektoratet. Kommersielt fiske har godt oppdaterte data (sluttsetlar, satellittsporing), men kartgrunnlaget for fiskeplassar og låssetjingsplassar er delvis utdatert. Dette skapar usikkerheit fordi fiskeri er dynamisk og klimaendringar kan påverke eigna plassar. Det manglar òg nyleg oppdaterte data for oppvekstområde og gytefelt for alle arter. Fiskeridirektoratet vil sikte på å oppdatere kunnskapsgrunnlaget for Sognefjorden framover. KU tilrår å oppdatere kunnskapsgrunnlaget for bruksinteresser, særleg i terskelområdet der hardbotnskorallskog er påvist. Det er òg usikkert om tidlegare lokale sildestammar i Sognefjorden framleis eksisterer.*

## Mineralutvinning

I dag er det ikkje registrert førekomstar av mineralressursar for kommersiell utnytting på havbotnen i Sognefjorden. Sjølv om det er stadvis store uttak av skjelsand i fylket, mellom anna i Solund og i Gulen, føregår det ikkje slik verksemd innanfor utgreiingsområdet. NGU si kartlegging av botnsediment i ytre del av fjorden syner heller ikkje gunstige forhold for danning av skjelsand, og i indre delar er slike forhold få.

På land rundt Sognefjorden er det derimot registrert fleire førekomstar og uttaksstader for mineralressursar, inkludert industrimineralar, malm (metall), naturstein, samt pukk og grus. Totalt er det 79 registreringar fordelt på fleire kommunar som Aurland, Hyllestad, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Dei største mineralførekomstane ligg i Aurland kommune, der nedbørsfeltet har utløp til Nærøyfjorden. Her føregår utvinning av anortositt av internasjonal betydning med utskipping frå Gudvangen. Denne utvinninga skaper arbeidsplassar og økonomisk vekst lokalt, og anortositt har potensial i miljøvennleg aluminiumproduksjon. Det er elles ikkje registrerte prospekt i utgreiingsområdet for mineralressursar i dei undersøkte kartlaga, jf. KU.


Det er registrerte område for utvinning av pukk og grus i nedbørsfeltet på land i mange av kommunane langs Sognefjorden. Det er sett utslippsgrenser i disse utvinningsområda for å beskytte miljø og folkehelse ved mineralutvinning, og verksemdar må innhente løyve og utføre overvaking. Regjeringa si mineralstrategi syner ei målsetjing om å redusere behovet for sjødeponi i framtida, og ny teknologi kan redusere naturbelastninga.

*Usikkerheit: Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for dagens tilstand, men nyare og meir omfattande kartlegging vil vere nødvendig for framtidig drift.*

## Vasskraft

Om lag 10 % av landets totale kraftproduksjon kjem frå kommunane rundt Sognefjorden. I dei ti kommunane er den midlere årlege produksjonen 12,9 TWh (Terawatt-timer) per 11. april 2024, med ein installert effekt på 3837 MW (Megawatt). Landets totale midlere årlege produksjon var per 31. desember 2023 berekna til 137,3 TWh med ein installert effekt på 33 852 MW.

Det er eit stort tal eksisterande vasskraftverk i regionen. I tillegg er det 89 planlagde vasskraftverk som har nedbørsfelt som grensar til utgreiingsområdet. Ein bacheloroppgåve frå 2017 viste at om lag 64 % av nedbørsfeltet til Sognefjorden var upåverka av vasskraftutbygging. Kor stor del av dette som er realistisk å byggje ut, er uvisst, men det illustrerer eit potensial for auka produksjon utover dei sakene som er behandla eller er til behandling hos NVE. Det er i konsekvensutgreiinga vurdert potensialet for framtidige vasskraftverk basert på planlagd effekt (MW) i nedbørsfelt som har utløp i utgreiingsområdet. Meir om verdivurderingar i kapittel 5.



Figur 12 Eksisterande vasskraftverk i kommunane rundt Sognefjorden, framtidige og planlagde er ikkje inkludert (Kjelde: NVE Vannkraftsdatabase, henta frå KU).

I Lustrafjorden er det to prosjekt til behandling med samla effekt på 6 MW, samt 6 prosjekt med gjeldande konsesjon som ikkje er utnytta, med ein samla effekt på 102 MW. Øyane (51 MW) og Illvatn (48 MW) er dei viktigaste nye prosjekta her. I Årdalsfjorden er eitt kraftverk (Fardalen) er under utbygging med 23 MW effekt. Også i Årdalsfjorden ligg Offerdal kraftverk, eit vasskraftprosjekt som omfattar utbygging av både Øvre og Nedre Offerdal kraftverk. Prosjektet er venta å gje ein samla årsproduksjon på om lag 95 GWh. Offerdal kraftverk AS fekk opphavleg konsesjon i 2017, før igangsetjing av marint vern Sognefjorden. Det vart søkt i 2025 om vesentlege planendingar for å optimalisere prosjektet. NVE gav den 11. mars 2026 løyve til dei omsøkte planendingane for både kraftverket og nettilknytninga. Utbygginga påverkar Årdalsfjorden

hovudsakleg gjennom utfylling av tunnelmassar og legging av sjøkabel. Det er gjeve løyve til utfylling av totalt 61 000 fm<sup>3</sup> (fastkubikkmeter) massar i fjorden, noko som er ein reduksjon på ca. 50 000 m<sup>3</sup> samanlikna med tidlegare løyve i den opphavlege konsesjonen frå 2017. Massane skal fyllast ut i fjorden gjennom ein tunell aust for utløpet av Offerdalselvi i eit bratt og skredutsett område.

Nettilknyttinga frå Indre Offerdal til Naddvik koplingsstasjon er endra frå det opphavlege luftspennet til ei løysing med sjø- og jordkabel. Ein 2,2 km lang sjøkabel er godkjent over Årdalsfjorden frå Indre Offerdal til Klovningane. Dette er ei forkorting frå tidlegare planar om ein 5 km lang kabel. Frå Klovningane vert straumen ført vidare i jordkabel langs fylkesveg 53 til Naddvik.

Aurlandsfjorden inkluderer Skjerdal kraftverk (7,1 MW) under bygging og Kvammdalselvi (5,2 MW) med gitt konsesjon. Lærdalsfjorden har Gravdalen kraftverk (15,5 MW) under bygging og Ofta Kraftverk (9,4 MW) med godkjend konsesjon. Sognefjorden indre inkluderer Feios kraftverk (28,8 MW) som no er sett i drift og TVK kraftverk (5,49 MW) med gitt konsesjon. Det er ingen planlagde kraftverk med nedbørsfelt som har utløp i delområda Høyanger, Lifjorden, Risnefjorden, Vadheimsfjorden, Fuglsetfjorden, Høyangsfjorden, Sværafjorden, Vetlefjorden, Finnafjorden, Eidsfjorden eller Amlabukti.

*Usikkerheit: Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt og tilstrekkeleg for utgreiinga. Eksisterande konsesjonar eller eksisterande anlegg blir ikkje påverka, så temaet er ikkje beslutningsrelevant for vurdering av verdi og konsekvens.*

## Akvakultur

I utgreiingsområdet for marint vern Sognefjorden er det registrert 19 akvakulturlokalitetar i sjø per 2025, fordelt over kommunane Sogndal (1), Høyanger (12), Hyllestad (2) og Gulen (4). Tilgrensande kandidatområdet ligg 12 akvakulturlokalitetar på land (med utslepp til fjorden). Dei fleste akvakulturanlegga i Sognefjorden ligg i hovudsak utanfor den nasjonale laksefjorden, med unntak av to settefiskanlegg og eit forskingsanlegg som er plassert innanfor. I tillegg er det ein lokalitet i Solund og ein i Hyllestad som ligg utanfor kandidatområdet, men som har oppankring innanfor føreslått vernegrense.

Dei fleste lokalitetane er knytte til oppdrett av laks, aure og regnbogeare (20 lokalitetar), men det finst òg tre lokalitetar for kveiteoppdrett og to for tare dyrking og forskning. Det vert òg drive oppdrett av andre artar som blåskjel, harpeskjel, hummar, kamskjel, kongsnegl, sjøkreps og østers innanfor den nasjonale laksefjorden. Opne merdar i sjøen for produksjon av matfisk er den mest utbreidde driftsforma.

*Tabell 1 Oversikt over akvakulturanlegg innanfor utgreiingsområdet i dei ulike kommunane. Anlegg som er lokalisert i sjø er matfiskanlegg, lågtrofiske oppdrettsanlegg (tare, blåskjel, sekkedyr o.l. og slaktemerdar). Anlegg som er lokalisert på land er settefiskanlegg, matfiskanlegg og forskingsanlegg. Tabell henta frå KU.*

Kommune	Plassering av anlegg		Merknad
	Sjø	land	
Luster	0	0	Nasjonale laksefjord
Årdal	0	0	Nasjonale laksefjord
Lærdal	0	0	Nasjonale laksefjord
Aurland	0	0	Nasjonale laksefjord


Sogndal	1	3	Nasjonal laksefjord
Vik	0	1	Nasjonal laksefjord
Høyanger	12	6	Alle innanfor utgreiingsområdet
Hyllestad	8	0	2 lokalitetar innanfor utgreiingsområdet, 1 har i tillegg ankringspunkt innanfor
Gulen	21	3	4 lokalitetar innanfor utgreiingsområdet
Solund	22	2	Ingen innanfor utgreiingsområdet, 1 har ankringspunkt innanfor

Sognefjorden er ein del av produksjonsområde PO4, som har den nest høgaste tillatingskapasiteten av dei 13 norske produksjonsområda i Noreg. Lokalitetane for laks og aure i Sognefjorden utgjer om lag 20 prosent av dei totale lokalitetane i PO4. Produksjonsområde PO4 har hatt raudt lys i trafikklyssystemet sidan 2017 på grunn av høg miljøpåverknad frå lakselus, noko som har ført til redusert produksjonsvolum.

Akvakultur er generelt rekna som den viktigaste kjelda til auka næringstilførsel til norske marine økosystem. Spesifikt i Sognefjorden tilfører akvakultur, som i hovudsak er lokalisert i dei ytre delane av fjorden, næringsstoff til fjordsystemet. Kjelda til desse utsleppa er laksen sitt matinntak og stoffskifte, og det er berekna at det blir slept ut om lag 5 kg løyst fosfor (P) og 39 kg nitrogen (N) per tonn fisk som blir produsert.

Det har vore ei tydeleg auke i tilførsel av næringsstoff (N og P) til Sognefjorden sidan 1990-talet. Av alle menneskelege påverknader i Sogn og Fjordane i perioden frå 1990 til 2022, er det utslepp frå akvakultur som har vore størst og auka mest. Denne auken i tilførsel av næringssalt og organisk materiale bidreg til risiko for eutrofiering og oksygenmangel i botnvatnet i fjorden. Det er påvist ein nedgang i oksygenkonsentrasjonen på 1000 meters djup i Sognefjorden i perioden frå 1970 til 2020. Denne nedgangen kan skuldast både auka tilførsel av næringssalt og organiske stoff, i tillegg til stigande havtemperatur. For store mengder næringssalt kan føre til algeoppblomstring, dårleg vasskvalitet og nedgang i oppløyst oksygen i vatnet.

Akvakulturanlegg med laksefisk i open merd gjennomfører med jamne mellomrom avlusing når tal lus overstig grenseverdiane. Avlusing føregår anten medikamentelt (kjemisk, anten gjennom badebehandling i ein brønnebåt, eller ved å tilsetje kjemikaliar i føret til fisken), ikkje-medikamentelt (til dømes med varmtvatn eller børstar) eller biologisk (bruk av reinsefisk). Omfanget av bruken av avlusingsmiddel er ikkje greidd ut i konsekvensutgreiinga, men kunnskapen kan hentast ut for kvar enkelt akvakulturlokalitet på Barentswatch.no (sjå også meir info under Kjelder). Dei vanlegaste badebehandlingane nasjonalt er cypermetrin, deltametrin, azametifos og hydrogenperoksid, medan førbehandling nyttar diflubenzuron, teflubenzuron (utgått f.o.m. 2025) og emamektin benzoat. Mattilsynet har hovedansvar for dyrevelferd og helse ved behandling mot lakselus. Jamfør akvakulturdrifts-forskrifta kan ikkje medikament for behandling av fisk tømme frå brønnebåt til sjø nærmare enn 500 meter frå rekefelt eller gytefelt. Vi er usikre på det totale omfanget av medikament og om behovet for bruk av legemiddel og andre avlusingskjemikaliar som blir brukt vil auke med aukande havtemperatur eller avta ved utvikling av alternative behandlingar med lågare miljøbelastning. Vi ønskjer innspel og meir kunnskap om dette i høyringsperioden.



Figur 13 Kartet syner utgreiingsområdet skravert lilla i KU, og akvakulturanlegga med sine plasseringar i rosa og tilhøyrande ankerfeste. Den lange rosa streken i aust er ei feilføring. Kjelde: Fylkesatlas

Bøfjorden, Fuglsetfjorden og Ytre Sognefjorden har fleire anlegg med høg maksimalt tillaten biomasse (MTB). Bøfjorden har eit matfiskanlegg med ein klarert kapasitet på 5460 tonn laks, aure og regnbogaure og Fuglsetfjorden har to matfiskanlegg i sjø med tillating for produksjon av laks, aure og regnbogaure, kvar med 2340 tonn. I tillegg er det to taredyrkingslokalitetar i Fuglsetfjorden med kvar 100 dekar klarert kapasitet, ein stamfisklokalitet for regnbogaure på 780 tonn, og eit settefiskanlegg på land for laks, regnbogaure og aure med ein kapasitet på 300 000 stykk. I Arnafjorden har eit settefiskanlegg på land med ein tillaten kapasitet på 4 000 000 stykk laks, aure og regnbogaure.

Fleire kommunar i Sognefjorden har avsett areal til framtidig akvakultur. Høyanger kommune har søkt om utviding av areal for seks eksisterande lokalitetar og anbefalt å avsetje areal til to nye lokalitetar. Kommunen har ein ny arealplan for 2024-2036 med fleire arealbruksendringar for sjø, inkludert utviding og nye anlegg. Gulen kommune har tre område avsett til framtidig akvakultur i sin gjeldande arealplan, mellom anna i Risnefjorden og langs Sognefjorden. Hyllestad kommune har avsett tre område for framtidig akvakultur, inkludert to i Bøfjorden og eitt i Lifjorden. Vik kommune har fire område avsett til framtidig akvakultur i sin arealplan for 2024-2035. Fiskeridirektoratet har frårådd torskeoppdrett i delar av Vik av omsyn til ville kysttorskbestandar. Søknadane om torskeoppdrett på Straumsnes og Håstrondi i Vik vart avslått i brev frå Statsforvaltaren datert 20.05.2025. Lustrafjorden har ingen akvakulturlokalitetar, heller ikkje kommunane Lærdal, Aurland og Årdal.

Det finst ingen lokalitetar for havbeite i utgreiingsområdet. I Stølsheimen LVO, Nærøyfjorden LVO og Bleia-Storebotnen LVO er det i dag tillate med havbeite utan synlege installasjonar i overflata. Eit forbod vil medføre eit strengare vern enn det som gjeld i dei eksisterande landskapsvernområda som overlappar med det marine verneområdet. I Bleia naturreservat er det gjort unntak frå vernereglane for utsetting og gjenfangst av stadeigne marine organismar i samband med havbeite, men dette vil ikkje vere lov i eit marint verneområde.

*Usikkerheit: Tidsperspektivet og teknologiske løysingar for utvikling av nye artar gjer det vanskeleg å føreseie korleis framtidig akvakultur kan drivast i Sognefjorden. Det er også meir krevjande å drive oppdrett av laks med auka havtemperatur og redusert oksygen. I løpet av dei neste tre åra vil nye overvåkingsdata gi betre oversikt over utviklinga av m.a. næringsstoff.*

## Energi, kablar, røyr og linjer

Eksisterande linjer, kablar og røyr gater over fjordar er rekna som kritisk infrastruktur og inkluderer elektrisitetskablar, nettverkskablar og andre typar kablar, samt avløpsrøyr for overflatevatn og kloakk. Spesifikt er det registrert minst éin sjøkabel i Øystrebøvatnet (ikkje i føreslått verneområde), ein over Føsundet, ein Ikjefjorden og ein i Lifjorden, ein i Rysjedalsvågen, frå Nordeide til Måren, over Arnafjorden, Esefjorden, Vetlefjorden og fleire i Fjærlandsfjorden. Ein sjøkabel er registrert frå Årdalstangen til Kolnosi. I Sogndalsfjorden er det to sjøkablar på tvers, samt ein sjøkabel ved utløpet av Barsnesfjorden. I Nærøyfjorden går ein kabel mellom Styvi og Tufto, samt ein mellom Bakka og Ramsøy. Mellom Kaupangerhalvøya og Ramnaberget i Vik kommune ligg ein utrangert sjøkabel som rauk i 1967. Denne har fått dispensasjon frå forureiningslova til å bli liggjande, då ho består av stål og aluminium, er fire kilometer lang og vekta er anslått til 30 tonn. Det kan vere fleire sjøkablar som ikkje er kartfesta. Det er planlagd og sett i gang arbeidet med etablering av sjøkabel frå Aurland til Flåm for å etablere landstraum til skip. Prosjektet omfattar 6,3 km sjøkabel, omlag 500 meter landkabel i kvar ende og ny trafokiosk i Flåm. Arbeidet offshore ventast utført hausten 2026, og prosjektet vart fullfinansiert over statsbudsjettet i 2025. Målet er at cruiseskip skal kunne nytte landstraum frå 2027 og slik redusere CO2-utslepp frå skip ved kai, i god tid før krava til utsleppsfrie fartøy trer i kraft i verdsarvfjordane. Ein søknad om etablering av to sjøkablar i Lustrafjorden er til behandling hos Kystverket. Det er planlagt ei småbåthamn i Lifjorden i Hyllestad kommune, og det er avsett areal for framtidig bruk til småbåthamner i arealplanar i andre kommunar. Desse småbåthamnene vil ha behov for straum. Ein sjøkabel er under planlegging mellom Indre Offerdal og sørsida av Årdalsfjorden i samband med kraftutbygging.

Flytande solcelleanlegg og varmeutveksling er moglege framtidige energikjelder. Ut i frå vår kjennskap er det ikkje konkrete prosjekt under planlegging på det noverande tidspunkt.

*Usikkerheit: Forskjellige kjelder viser ulike resultat for kablar og rør, og det er usikkert om alle kablar, røyr gater og utsleppspunkt er inkluderte i datagrunnlaget. Data er ikkje presentert på kart av omsyn til tryggleik og beredskap, og dagens kablar/rør blir ikkje direkte påverka av vernet.*


## Marin samferdsel og cruise

Sognefjorden er og har vore ei viktig ferdelsåre for både person- og godstrafikk, og er i tillegg no ein stor destinasjon for cruisetrafikken. Marin samferdsel har stor samfunnsinteresse, og for enkelte veilause bygder er fjorden einaste transportveg. Ferjer og hurtigbåtar er ein kritisk del av samferdselsnett, då dei bind saman lokalsamfunn, turistmål og næringsliv langs fjorden. I utgangspunktet kan båtar og skip ankre opp fritt etter behov. Utgreiingsområdet inkluderer, og grenser til, ein omfattande infrastruktur for marin trafikk:

- 10 ISPS-hamner (hamner underlagt International Ship and Port Facility Security Code). Desse er sentrale for cruise- og godstransport.
- Cruisehamnene ligg i Flåm (Aurlandsfjorden), Skjolden (Lustrafjorden), Fjærland gjestehamn (Fjærlandsfjorden) og Vik cruisehamn (Sognefjorden indre).
- 20 ferjekaier i utgreiingsområdet.
- 23 hurtigbåtkaiar fordelt på 8 delområde, hovudsakleg i hovudfjorden.
- 23 markerte ankringsområde kor skip kan ankre opp utan å kome i konflikt med infrastruktur på sjøbotnen. I tre av desse ankringsområda (Lustrafjorden, Lærdalsfjorden og Sognefjorden

indre) vart det funne sjøfjørsamfunn, men det er sannsynleg at sårbare artar allereie er forsvunne frå dei mest brukte delane.

Sognefjorden husar også eit opplagsområde for skip i Vetlefjorden, som har vore nytta i fleire tiår og tidvis har hatt skip liggjande (t.d. fem skip under koronapandemien). Fjorden har i tillegg eit stort tal navigasjonsinstrument langs hovud- og bi-leier, inkludert fyr, fyrlykter, lanterner, bøyer, stakar, radartranspondarar (Racon) og AIS-stasjonar, som alle er av stor betydning for skipstrafikken, sjå figur 14.



Figur 14 Oversikt over hamner, kaier, ferjestrekningar og farleier i Sognefjorden (Kjelde: Kystverket 08.01.2025, Fylkesatlas, 12.12.2024) Henta frå KU.

Cruisetrafikken i Sognefjorden er betydeleg, sjølv om talet på unike cruiseskip som anløp Flåm og Geiranger vart halvert frå 65 i 2019 til 37 i 2022. Dette skuldast nye utsleppskrav for verdsarvhamnene. Trenden er at nyare og større cruiseskip brukar desse hamnene. For 2025 var det planlagd 98 anløp i Flåm. Mange cruiseskip ankrar på svai i meir avsidesliggjande område på grunn av avgrensa hamnekapasitet. Regjeringa innfører krav om nullutslepp til luft for turistskip og ferjer under 10.000 bruttotonn i verdsarvfjordane (Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden) frå 1. januar 2026. For større skip gjeld kravet frå 1. januar 2032. Fylkeskommunale rutebåtar får inntil vidare unntak. Det er målt forhøgde nivå av tributyltinn (TBT) i cruiseskiphamna i Flåm. TBT var eit botnstoff som blei forbode i 2008.

Utslepp av kloakk og gråvatn er regulert av MARPOL-konvensjonen. I verdsarvfjordane (Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden) er utslepp av kloakk, gråvatn og skrubbevattn forbode. Elles i Sognefjorden er det lov å sleppe ut ureinsa kloakk lengre enn 300 meter frå land. Dei fleste større skip har likevel reinseanlegg om bord, men vassløyselege stoff vil vanlegvis sleppast ut i straumen, mens slam ofte blir levert godkjent mottaksanlegg.

*Usikkerheit: Det har ikkje vore mogleg å finne informasjon om omfanget av utslepp av kloakk og gråvatn frå cruise, ferjer og hurtigbåtar til Sognefjorden.*

## Massar i sjø

Langs fjorden kan ein sjå utfyllingar i strandsona, ved vegar, tettstadar, industriområde og i område med spreidd busetnad. Masser i sjø inkluderer fleire formar for deponering. Verneprosessen har ikkje klart å lage ei fullstendig oversikt over areal i og langs fjorden med tilførte massar, då det ikkje finst eit samla datasett for slik bruk. Historisk sett har steinmassar frå tunnelbygging, som Lærdalstunellen, Fatlatunnelen (1990-talet) og Stedjeberg tunnelen (midt på 2000-talet), i stor grad blitt brukt i eller ved fjorden, ofte i samband med vegbygging. Ved bygging av vasskraftverk oppstår det også store mengder overskotsmassar, og den billegaste løysinga for plassering av deponi har ofte vore i sjøen. Dei store massane frå utbygginga av kraftverket i Feios vart likevel ikkje dumpa på fjorden etter at dei fann alternativ bruk på land. Ikkjefjorden har fått redusert vassutskiftinga etter bygginga av tersklar av masse som pålefundament under Ikkjefjordbrua. Av nyare prosjekt har massar frå bygginga av Leikanger kraftverk, Indre Offerdal kraftverk og Seimsdalstunellen vore deponert i sjø. Vinteren 2026 mottok Statsforvaltaren søknad om dumping av opptil 30 000 m<sup>3</sup> elvemasse frå Nysetelvi ut midt i Årdalsfjorden. Det er dokumentert eit karakteristisk og levande blautbotnsamfunn med førekomstar av blant anna dei raudlista fiskeartane blålange og uer, og førekomstar av sjøkrep, trollhummar og sjøfjær. Dumping på den omsøkte lokaliteten midtfjords vil ikkje få løyve, men saka er ikkje sluttført pr dags dato (10.03.2026). Inst, nordvest, i Høyangsfjorden har Statkraft planar om å dumpe masse frå kraftutbygging i regi av Statkraft. Høyanger kommune har lagt inn utviding av næringsområdet i sjø i kommuneplanen sin arealdel, og etter dialog mellom kommunen og Statsforvaltaren før høyringa er forslaget til vernegrense justert for å unngå konflikt med fyllingsfoten i sjø.

*Tabell 2 Avsett eller føreslått areal for utfylling i sjø per desember 2024. Lista er ikkje uttømmende og nye tiltak vil komme til etter kvart som planar vert utvikla. Disse vil hamne utanfor vernegrensa. Kjelde: KU*

Kommune	Stad/Delområde	Kjelde	Tiltak	KU tilråd
Vik	Hamna i Viksøyri Sognefjorden indre	Arealdel Vik kommune 2024-2035	Utfylling i sjø for etablering av molo	Samfunnsmessig viktig for friluftsliv og nærmiljø. Skjerming av småbåthamn og etablering av park med sitteplassar
Vik	Fresvik sentrum, Sognefjorden indre	Arealdel Vik kommune 2024-2035	Utfylling i sjø, for utviding av hamneareal Behov for auka kapasitet og bølgedemping	Tilråd justering av vernegrenser jf. samfunnsmessige interesser, for ev flytebrygge kan det søkjast om dispensasjon
Høyanger	Sandvika, Høyanger Høyangsfjorden	Høyanger kommune, høring KU & ROS	Utfylling i sjø for nærings- verksemd	Tilråd justering av vernegrenser jf. samfunnsmessige interesser, næring. Sjå også omtale over.

<b>Høyanger</b>	Nordeide, Høyangsfjorden	Høyanger kommune, høring KU & ROS	Utfylling i sjø for utbetring av kaianlegg, etablering av ladeanlegg	Tilråd justering av vernegrenser jf. samfunnsmessige interesser, samferdsel
-----------------	-----------------------------	--	--	---

Sognefjorden blir trafikkert av store skip, og i enkelte grunne område er det truleg behov for vedlikeholdsmudring for å oppretthalde seglingsdjupna. Mudra massar blir ofte dumpa på djupare område i sjøen. Både mudring og dumping krev løyve frå Statsforvaltaren.

Fleire vegstrekningar langs Sognefjorden er utsette for ras og skred. Når slike hendingar oppstår, blir rasmassane ofte brøyta rett ned i sjøen ved vegskuldra for å opne vegen så raskt og trygt som mogleg. Steinmassar som hamnar nedanfor «kantslått-området» blir vurderte som ein naturleg del av landskapet i område der det går steinskred. Dersom vegen ikkje hadde vore der, ville massane kome same vegen ned fjellsida uansett. Fylkeskommunen, som driftar fylkesvegane, praktiserer at ikkje-menneskeskapte massar kan lemast utanfor vegen i samband med arbeidet med å halde vegane opne. Entreprenørar med vedlikehaldsansvar ser dessutan ofte på rasmassar som ein ressurs. I mange tilfelle kan dei ta massane med seg og nytte dei vidare, då rasmassar ofte er av god kvalitet. Samtidig er tryggleik ein avgjerande faktor. Å laste rasmassar på bil tek lengre tid og gir auka eksponering i eit rasutsett område. Då er det i mange tilfelle tryggare å lempe massane direkte over vegskuldra og vidare ned i fjorden langs same rasvifte. På stader som Skjerdalsvegen i Aurland er låg eksponeringstid heilt sentralt, og det tryggaste HMS-tiltaket er å dumpe massane der dei ligg. Dersom rasmassane blir lasta på lastebil for transport, blir situasjonen derimot vurdert som ei menneskeskapt utfylling dersom massane skal tippast i fjorden ein annan stad. I slike tilfelle utløyser tiltaket krav i plan- og bygningslova, inkludert grunnundersøkingar (stabilitet), miljøundersøkingar, kulturminnesjekk og vurdering av ålegras, tare og gyteperiodar.

Snødumping i sjø føregår òg fleire stader, til dømes har Sogndal kommune dumpa brøytesnø i Sogndalsfjøra og i Balestrand. Dumping av forureina snø krev løyve etter forureiningslova.

Bru over Esefjorden er eit aktuelt framtidig prosjekt som er truleg er avhengig av plassering av pålar i fjorden og noko masse ved fundamenta.

*Usikkerheit: Det finst ingen lett tilgjengeleg samla oversikt over utfyllingar eller deponi av massar i sjøen i Sognefjorden. Kunnskapsgrunnlaget er ufullstendig, og vurderingane er difor skildrande og heft med uvisse.*

## Reiseliv

Reiseliv i Sognefjorden har vore ei viktig næring sidan midten av 1800-talet, og fjorden er framleis ein svært populær turistdestinasjon. Det er spådd ei stor auke i besøkande også framover.

Reiselivsnæringa er stor og dannar grunnlag for arbeidsplassar, busetjing og utvikling i andre næringar. Temaet reiseliv overlappar i stor grad med andre utgreiingstema, spesielt marin trafikk og cruise og rekreasjon og friluftsliv.

Turistane tek del i sjøbaserte aktivitetar som dykking, kajakkpadling, båtsafari (med fugl og kval) og fiske. Fritidsfiske i fjorden føregår med passive reiskapar som fiske med stang og teine, og fiske etter sjøkreps og hummar er populært i indre delar av fjorden. Turistfiske føregår med passive reiskapar. Om lag 16 % av dei registrerte fisketurismebedriftene i Vestland fylke (pr. april 2025) har postadresse i Sognefjorden. Cruise er ein stor næring som bidreg gjennom inntekter til hotell, restaurantar, transport og aktivitetar. Cruise er greidd ut under tema marin trafikk og cruise.

Kommunale planar, som i Luster ("Luster – ein god stad å besøkja"), understrekar nødvendigheita av areal knytt til reiseliv. Lærdal kommune prioriterer utvikling av reiselivsnæringa, særleg berekraftig turisme som tek vare på lokalsamfunn og miljø.

*Usikkerheit: KU tilrår å oppdatere kunnskapsgrunnlaget for bruksinteresser, særleg i terskelområdet der hardbotnskorallskog er påvist. Kunnskapsgrunnlaget for reiseliv er i KU vurdert som mangelfullt og lite samanstilt.*



*Figur 15 Sognefjorden har vore ein attraktiv turistdestinasjon frå inst til ytst i lange tider, frå keisar Wilhelm i seglskutetida til i dag. Foto: Maria Knagenhjelm*

## Forsvarsinteresser

Forsvaret spelar ei viktig rolle for nasjonal sikkerheit og beredskap. Desse aktivitetane kan inkludere trening av personell og testing av utstyr, som òg kan omfatte detonasjonar under vatn. Forsvaret treng øvings- og treningsområde, men det er ikkje registrert skyte- og øvingsfelt i Sognefjorden, heller ikkje militære forbodssoner. Det er likevel øvingar med t.d. ubåt med jamne mellomrom, primært med fokus på ferdsel, navigasjon og kommunikasjon. I tillegg har Forsvaret oppgåver knytt til sikkerheit, overvaking av marine aktivitetar og beskyttelse av kritisk infrastruktur.

Det finst to større dumpefelt i Sognefjorden som vart brukt etter andre verdskrig. Det eine feltet ligg i indre del av Sognefjorden i området der kommunane Vik, Lærdal og Sogndal møtest i sjø, sør for Fimreiteåsen. Dumpingmateriell i indre Sogn ligg truleg på ca. 800 meters djup og kjem frå eit areal mellom Voss, opp mot Hemsedal og indre Sogn. På grensa mellom Hyllestad og Gulen ligg det andre dumpeområdet, litt sør for Rysjedalsvika. Sannsynlegvis er det krigsmateriell frå dei tyske kystforta i Sognefjorden, men ammunisjon frå kystforta heilt opp mot Florø kan ha blitt dumpa her. Det meste her ligg sannsynlegvis på 1200 meters djup. Det finst fleire enn dei registrerte dumpeområda som kan ha større mengder krigsmateriell frå tyske festningsverk i Risnes, Nesje, Rutledal, Klevaldneset

og Kyrkjebø. Disse dumpeområda er berre omtrentleg plassert i kartet, då dumping mellom anna vart utført ved at kasser med ammunisjon vart kasta over bord over ein periode. Materialet kunne òg flyte og drive før det sokk. Dette gjer at arealet med krigsmateriell potensielt kan vere veldig stort. Materiellet frå 2. verdskrig kan vere våpen og alle typar ammunisjon, som til dømes torpedoar, land- og sjøminer, granatar, båtar og bilar av ulik storleik. Det finst ingen oversikt over kor mykje krigsmateriell som vart dumpa.

I etterkrigsåra og fram mot midten av 1990-talet vart desse dumpeområda òg brukte til å senke kasserte fiskebåtar og andre større ting som bussar ein ville kvitte seg med. Det finst ingen oversikt over omfanget.

Det er betydelege kjelder til forureining i form av til dømes tungmetall rundt dumpeområda, og forureininga kjem til å auke i framtida ettersom vassinntrenginga i ammunisjonen aukar. Det er også høg tettheit av miner i ytre del av utgreiingsområdet vest for Rutledal, og FFI tilrår fiskeforbod grunna tryggleikssyn i området. Forsvarsinteresser knytt til skipsvrak frå andre verdskrig er behandla under tema Kulturminne.

## Landbruk

Landbruket er ei viktig næring for matproduksjon, med spreidd busetnad og drift av kulturlandskapet. Det er fleire som bur langs Sognefjorden som anten er heiltidsbønder, eller driv med dyr og landskapsskjøtsel som ein bi-jobb. Landbruksarealet i kommunane som grensar til sjøområdet i Sognefjorden utgjer til saman 138 425 dekar. Dette utgjer om lag 1,5 % av det totale jordbruksarealet i Noreg. Sjølv om nokre jordbruksområde ligg eit stykke unna fjorden, er størsteparten av landbruksareala knytt til fjorden via avrenning til elver som munnar ut i det foreslegne marine verneområdet.



*Figur 16 Landbruket er ei spreidd næring langs fjorden, og held landskapet i hevd. Kommunane følgjer opp regelverket knytt til utslepp frå gjødsling og pløying. Foto: Anbjørg Nornes*

Avrenning frå landbruksaktivitetar kan føre til spreining av nærings salt (fosfor og nitrogen) og plantevernmidlar til sjøen. Den estimerte årlege tilførselen av nærings salt frå landbruket i området er berekna til om lag 12 tonn fosfor og 436 tonn nitrogen jf. KU. Tilførsel av nærings salt kan også i

denne næringa i ekstreme tilfelle føre til eutrofiering av vatn, vassdrag og fjordar. Eutrofiering er overgjødsling som kan føre til algeoppblomstring og nedgang i oksygen, noko som er kritisk for livet i vatnet. Det er registrert ein nedgang i oksygeninnhaldet i botnvatnet på om lag 15 % dei siste 30 åra. Årsakene er klimaendringar (varmare vatn) som står for ca. 1/3 av oksygentapet, og tilførsel av næringssalt og organisk materiale som står for ca. 2/3 av oksygentapet. Næringstilførsla kjem i hovudsak frå fiskeoppdrett, men også jordbruk, avløp og industri er medverkande. Statsforvaltaren starta eit treårig overvakingsprogram (2025–2028) som inkluderer måling av næringssalt, oksygen, klorofyll og undersøking av makroalgar og botndyr for å sjekke teikn på eutrofiering. Første rapport kjem i 2026.

Utslepp frå landbruksverksemd til sjø er regulert av forureiningslova og forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. Kommunane fører tilsyn med lagring og bruk av husdyrgjødsel. Dersom det blir strengare reglar i framtida knytt til landbruk og til dømes avrenning vil dette bli regulert gjennom landbruksregelverk og stimulerande verkemiddel.

*Usikkerheit: Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg for utgreiinga.*

## Industri og tettstadar

Industrien og tettstadene i Sognefjorden er avgjerande for busetjing, sysselsetjing og kommunale inntekter. I Sognefjorden er det registrert 17 tettstadar som har kloakkutslepp til fjorden.

Tettstadene bidreg til forureinande aktivitetar gjennom avløpsanlegg, overløpsvatn og deponi.

Utslepp knytt til kommunale avløp krev utsleppsløyve. Ein tettstad er definert som ei samling hus og bygg med minst 200 busette, der avstanden mellom husa normalt ikkje skal overstige 50 meter.

Kaupanger (Sogndal kommune) er eit døme på eit tettstad med 1075 innbyggjarar som har kommunalt avløp på nordvestsida av Amlabukti. Det er forventa folketalsauke i Sogndal kommune, og det er erkjent behov for nye kloakkreinseanlegg i planperioden 2023–2033.

Det er registrert 11 industriverksemdar med aktive utsleppsløyve i Sognefjorden. Industrien medfører utslepp og avrenning, og utsleppsløyva er regulerte i samsvar med gjeldande regelverk. Industriverksemdene med aktive utsleppsløyve er fordelt i kommunane Gulen, Høyanger, Vik, Sogndal og Årdal. Industri knytt til akvakultur, som til dømes slakteriet i Risnefjorden, er òg vurdert under dette temaet, i tillegg til under temaet Akvakultur. Høyanger kommune har tre aktive utsleppsløyve, der to ligg i Høyangsfjorden. I Årdalsfjorden indre er det tre verksemdar med aktive utsleppsløyve: Hydro Aluminium AS Årdal metallverk (produserer primæraluminium), Hydro Aluminium AS Årdal metallverk karbon og Norsun. Utslepp frå Hydro Aluminium i Årdal har historisk sett bidrege til forureining av fjorden. I indre del av Sognefjorden har tre verksemdar utsleppsløyve, inkludert eit energigjengvinningsanlegg og Vik Ørsta AS (metallkonstruksjonar, bytar snart namn til Saferoad) i Vik kommune, samt Avinor (Sogndal lufthamn Haukåsen) i Sogndal. Eit anlegg for handsaming og disponering av farleg avfall (SafeClean AS) ligg i Høyanger kommune ved Kyrkjebø.

Utslepp frå industri og tettstadar på 1980- og 90-talet bidrog til forureining i fleire sidefjordar. Vassførekomstene Indre Årdal og Høyangsfjorden er under tiltaksretta overvaking fordi dei står i fare for å ikkje nå miljømåla. Høyangsfjorden er rangert blant dei 20 mest forureina sjøområda i landet basert på sjøbotnforureining (ureininga blir mindre konsentrert utover fjorden). Årdalsfjorden indre er på B-lista grunna mistanke om alvorleg forureining, men datagrunnlaget er utilstrekkeleg for fullstendig dokumentasjon. Sjå gjerne i KU for meir utførleg skildring av temaet.

Kommunale planar er gjennomgått for å identifisere avsett areal i sjø, og for dei fleste kommunane er det sett av areal til ulike føremål i sjøen. Meir om andre planar i kapittel 6.

- I Gulen kommune er det sett av areal til industri og hamneområde i sjø ved Listraumen.
- I Høyanger kommune er det sett av areal i sjø til næringsverksemd og hamneområde i sjø.
- Vik kommune har planar om å satse på Vangsnes som framtidig utbyggingsområde for næring og bustadbygging, med avsett areal til framtidig næring.
- I Årdal kommune er det sett av areal i sjø til hamn og næring.
- Det er òg registrert planar for utfylling i sjø for næringsverksemd i Høyanger kommune.

*Usikkerheit: Bedrifter med små utslepp eller låg miljørisiko (som ikkje rapporterer) er ikkje inkluderte i datagrunnlaget.*

### Anleggstiltak og nye veganlegg

Sognefjorden og området rundt har mange skredutsette vegstrekningar. Dette gjer at det er og vil vere relevant med framtidige skredsikringstiltak, som til dømes bygging av tunellar. Utbetring av eksisterande veganlegg er òg tiltak som ikkje kan unngåast, og bygging av bru er vurdert på spesielt utsette stadar eller for å meir effektive transportløysingar. Klimaendringar med meir ekstremvêr og påfølgjande flaum kan gjere Sognefjorden meir sårbar for ras og skred i framtida. Vestland fylkeskommune støttar kravet frå Nasjonal rassikringsgruppe om å utbetre alle punkt med høg og middels skredfare i samband med Nasjonal transportplan.

I KU er det omtale av kjende samferdselsprosjekt i og nær utgreiingsområdet. Relevante prosjekt som er nemnde inkluderer Esefjordbrua, eit aktuelt prosjekt som er inkludert i Regional transportplan for 2027–2033. I tillegg kan framtidig infrastruktur for kryssing av Sognefjorden over ytre del av fjorden òg bli aktuell. Statens vegvesen leverte i 2017 ei konseptvalutgreiing (KUV) for dette. Førreslegne løysingar, som til dømes nedsenka røyrbru, kan vere i strid med verneføremålet. Eit anna alternativ som er nemnt er hengebru over Sognefjorden mellom Lavik i Høyanger og Ytre Oppedal i Gulen kommune. Bru på strekket der det i dag går ferje Mannheller-Fodnes har også vore førreslege.

Den viktigaste aktiviteten knytt til anleggstiltak er dumping av massar i sjø og eventuell sprenging i samband med bygging av veganlegg, bruer og tunellar. Massar i sjø kan inkludere overskotsmassar frå tunellar og kraftverkutbygging, stein og jordmassar etter ras og snøskred, samt snødumping. Tradisjonelt vert rasmassar frå vegar ofte brøyta ut i sjøen for å opne vegane raskast mogleg. Snødumping i sjø etter brøyting på veganlegga føregår òg fleire stader langs Sognefjorden, mest kjent frå medieoppslag er frå Sogndal sentrum og frå Balestrand sentrum.

Arealplanar fastset føringar for bruk og vern av sjøområda. Til dømes er det i Sogndal kommune sett av areal til småbåthamner, ferjekai, fiske og akvakultur. I Sogndal sin gjeldande arealplan er det òg sett av areal i sjø for utfylling mellom Nestangen og Kvam, og mellom Ylvisåker og Ølmheim, i tillegg til samferdselslinjer for gang- og sykkelveg. Kommunen har vurdert at denne arealbruken legg opp til bruk av overskotsmassar og vil gje stor samfunnsmessig nytte. Forureiningslova regulerer mange av desse aktivitetane. Mudring frå land og utfylling i sjø og vassdrag krev ofte løyve etter forureiningslova. I tillegg er det krav om kartleggingar av naturmangfald og forureining i mange tilfelle. Utbyggingstiltak må òg ta omsyn til Plan- og bygningslova og Kulturminnelova.

*Usikkerheit: Kunnskapsgrunnlaget manglar lett tilgjengelege, systematiske, oppdaterte oversikter over alle kommunale, regionale og nasjonale anleggstiltak.*

## Forsking og undervisning

Sognefjorden har vore gjenstand for forsking innan fleire felt, som til dømes biologi, geologi og hydrologi. Forsking og undervisning inkluderer òg overvakingsaktivitet i Sognefjorden. Det finst likevel ikkje ei samla oversikt over tidlegare, pågåande eller framtidig forskings- og undervisningsaktivitet i Sognefjorden, men om ein søker på Google Scholar får ein opp om lag 6550 treff på søkjeordet «Sognefjord». Det skjer regelmessig overvakingsaktivitet i fjorden. Dette inkluderer årleg overvaking av vassmiljøet i regi av ØKOKYST, tiltaksretta overvaking (i tråd med vassforskrifta) og systematisk overvaking av mudderbotn ved akvakulturanlegg. Statsforvaltaren i Vestland starta i tillegg nyleg (januar 2025) opp eit treårig overvakingsprogram for å kartlegge tilstanden i Sognefjorden.

Høgskulen på Vestlandet (HVL) nyttar fjorden i samband med undervisning og studentoppgåver, ofte med prosjekt knytt til dei spesielle forholda i utvalde sidefjordar. Døme på forskingstema er studium av lokal sildebestand i Lustrafjorden, plankton, mikrobiell økologi, vandringsåtferd til sjøaure, og maringeologi. HVL har også uttalt, til oppstartsmeldinga, at spesielt Aurlandsfjorden er arena for omfattande skredforskning innan fagfeltet maringeologi. Med alle kulturminna i Sognefjorden legg vi til grunn at også fjorden har relevans for arkeologisk forsking. Når spekkhoggarane kjem til Sognefjorden blir det samla inn kunnskap til programmet Norwegian Orca Survey (NOS).

Rådgjevande utval foreslo Sognefjorden som eit supplerande område for forsking og undervisning. Dette skuldast det unike djupvassmiljøet og nærleiken til universitet og forskingsmiljø. I det foreslåtte verneføremålet for Sognefjorden står det at området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Finnafjorden/Finnabotn er trekt fram som eit mogleg referanseområde for forsking og undervisning, særleg fordi det representerer område med tilnærma urørt natur, og er lite påverka av tekniske inngrep og vasskraftutbygging. Konsekvensutgreiinga støttar ei anbefaling om å bruke dette området som referanseområde, primært fordi det er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Etablering av eit referanseområde for forsking og undervisning, eventuelt med strengare restriksjonar, kan opne for nye forskingsmoglegheiter i framtida.

*Usikkerheit: Kunnskapsgrunnlaget manglar samla oversikt over tidlegare, pågåande eller framtidig undervisnings- og forskingsaktivitet i Sognefjorden.*

## 5. Forslag til marint verneområde i Sognefjorden

I dette kapittelet går vi gjennom juridiske kriterium for marint vern, forslag til verneføremål, enkel omtale av vernegrenser, dei utgreidde tema i KU, samt vårt forslag til utforming av vernereglar. Kwart tema (etter verneføremålet) startar med ein tekstboks i blå ramme som inneheld eit samandrag av konsekvensutgreiinga og vår vurdering av tilrådingane. Til slutt foreslår vi korleis verneforskrifta kan sjå ut. Statsforvaltaren sitt forslag til verneforskrift er presentert i sin heilskap i vedlegget.

### 5.1 Oppfyller Sognefjorden kriteria for marine verneområde?

I naturmangfoldloven (nml) § 39 går det fram at eit kandidatområde må oppfylle eitt eller fleire av dei oppførte kriteria for å kunne kvalifisere til marint vern. Som det står i § 39 første ledd *Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.* Statsforvaltaren vurderer at eit marint vern i

Sognefjorden vil oppfylle sju av dei sju kriteria lista opp frå a-g under andre ledd i lova. [Denne lenkia syner heimelen i naturmangfaldlova.](#)

*a. Inneheld særeigne eller representative økosystem og som er utan tyngre naturinngrep*

Sognefjorden oppfyller dette kriteriet gjennom både særpreg og representativitet, særleg i dei lite påverka områda. For særpreg er Sognefjorden er verdas djupaste fjord (største djup på 1308 meter) og Noregs lengste. Den har eit unikt marint naturmangfald og eit djupvassmiljø. Spesielt verdifullt er emergens – at djupvass-artssamfunn førekjem på uvanleg grunt vatn i enkelte fjordarmar, som Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. For representativitet er Sognefjorden foreslått verna som eit område i kategori Fjordar jf. Skjolddal-utvalet, og er utpeikt som representativ for norske fjordar. Sidefjordane, som Lifjorden, Barsnesfjorden og Finnabotn er representative for poll-liknande fjordar. Når det gjeld kriteriet om å vere lite påverka av inngrep er Finnafjorden/Finnabotn særleg trekt fram. Området er eit område som har tilnærma urørt natur, då landområda rundt er lite påverka av tekniske inngrep, og som einaste fjordarm som er heilt veglaus. Dette gjer området eigna til å tene som referanseområde for forskning.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav a som i stor grad oppfylt. Eit slikt marint vern vil ha mange likskapstrekk med ein nasjonalpark, og for denne vernekategorien finst det eit tilsvarende kriterium.

*b. Inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur*

Kriteriet er oppfylt gjennom funn av raudlista naturtypar og fleire sårbare djupvasshabitat i Sognefjorden. Terskelområdet har førekomstar av hardbotnskorallskog, som er klassifisert som Nær Trua (NT) på Norsk raudliste for naturtypar. Dette er dei einaste registrerte førekomstane av denne naturtypen i utgreiingsområdet. Terskelområdet er også ein hotspot for raudlista korallar. I djupare område finst det forvaltningsrelevante og sårbare naturtypar som svamphage, sylindersjørosebotn og sjøfjørbotn. Sjøfjørbotn er på internasjonale lister (ICES og OSPAR) over trua/minkande habitat. Verneverdiane inkluderer også andre raudlista artar, spesielt korallar og andre botndyr, samt lokale bestandar av sild. Dei fleste deltaområde langs Sognefjorden er allereie utbygd, og dei få naturlege delta- og grunne område som er att er såleis også trua, sårbare og sjeldne langs fjorden.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav b som sterkt oppfylt.

*c. Representerer ein bestemt type natur*

Sognefjorden representerer ikkje berre den djupaste fjorden i verda, men også varierte naturtypar knytt til tersklar og hydrografi. Fjorden med terskelen i ytre Sogn på ca. 140 meters djup representerer ein fjord med karakteristiske hydrologiske forhold. Og ei lang rekkje grunne sidefjordar. Området inkluderer kartlagde naturtypar etter DN handbok 19, som større tareskogførekomstar (konsentrert i ytre delar og ved terskelområdet), sterke tidevasstraumar som i Barsnesfjorden, og fjordar med poll-liknande eigenskapar (sjå bokstav a). Også fjordar med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet (Indre Fuglsetfjorden) er representert i utgreiingsområdet.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav c som oppfylt.

*d. På annan måte har særleg betyding for biologisk mangfald*

Sognefjorden kan oppfylle kriteriet ved at det marine verneområdet har viktige økologiske funksjonar utover det reint artsbaserte vernet. Grunne område har til dømes ein viktig økologisk funksjon som spesielt verdifulle i form av næringsøkområde for sjøfugl og som oppvekstområde for marine artar. Sognefjorden marine verneområde kan såleis støtte økosystem gjennom FNs


berekraftsmål 14 (Livet i havet) og 13 (Stoppe klimaendringane) ved å verne marine naturtypar som også bidreg til karbonlagring. Vernet bidreg til å styrkje økosystem på land (SDG 15) ettersom dei er kopla saman, til dømes via fugl.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav d som (delvis) oppfylt.

*e. Utgjer ein spesiell geologisk førekomst*

Dette kriteriet i naturmangfoldloven er sentralt i verneføremålet for Sognefjorden, der fjorden er kjenneteikna av karakteristiske geologiske forhold. Heile området er viktig for å forstå regionen sin geologiske oppbygging og historie. Det marine vernet vil bidra til å styrkje statusen til verdsarvområdet i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden ved å verne unike geologiske prosessar og viktige undersjøiske geomorfologiske strukturar som framragande universelle verdiar (FUV, eller outstanding universal values, ouv). Også det maringeologiske akademiske miljøet på Høgskulen på Vestlandet viser til geoforskning i spesifikke undersjøiske skredområde, som dei i Aurlandsfjorden og Fjærlandsfjorden, som har vore gjenstand for forskning på fjellskred og vert tillagt stor verdi som geosteder.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav e som sterkt oppfylt.



Figur 17 Illustrasjon henta frå boka *Fjord. Livet i dypets skjulte univers*, av Per Robert Flood, Skald forlag, 2014.

*f. Har særskilt naturvitskapleg verdi*

Den høge terskelen til hovudfjorden med stabile djupvassområde innanfor som utgjer verdas djupaste fjord gjev Sognefjorden relevant å overvake når verdas marine område gradvis vert meir og meir påverka av klimaendringane. Kriteriet er også oppfylt ved at vernet har eit eksplisitt mål om å etablere referanseområde. Slik kan området ha ein særskilt naturvitskapleg verdi som referanseområde for forskning og overvaking. Finnfjorden og Finnabotn er føreslege som referanseområde for forskning og undervisning, primært fordi det representerer eit område med tilnærma urørt natur. Som ein veglaus fjordarm utan påverknad frå nærliggjande oppdrett, kraftutbygging eller industri, er området eigna for langtidsovervaking av eit relativt upåverka fjordsystem. Lustrafjorden er føreslege som ein oppdrettsfri referansefjord for å kunne bli

samanlikna med andre fjordsystem med etablert havbruk, og dermed kunne ha ein særskilt naturvitskapleg verdi for overvaking av oppdrett.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav e som oppfylt.

*g. Har særskilt betyding som økologisk funksjonsområde for ein eller fleire nærare bestemte arter*

Sognefjorden er eit kritisk funksjonsområde for fleire viktige og sårbare artar. For anadrom laksefisk har den indre delen av Sognefjorden innanfor Ortnevik/Nessane status som nasjonal laksefjord. Størstedelen av utgreiingsområdet er såleis vurdert som eit viktig funksjonsområde for villaks og sjøaure. Villaks er klassifisert som Nær Trua (NT). Sognefjorden har unike lokale sildestammar. Fleire delområde som i Lustrafjorden og Aurlandsfjorden er økologisk funksjonsområde for lokale sildestammar, som er sårbare for overbeskatning. Også brislingen og skolest har genetisk unike bestandar i Sognefjorden. For eit mangfald av artar er grunne område som deltaområde og ålegrasenger viktige beite-, oppvekst- og gyteområde. Vi veit også at artar som vanlegvis lever på djupare farvatn er registrert på grunne område i Sognefjorden. Dette kan underbygge at naturmangfoldloven § 39 bokstav g, jamfør § 33 første ledd bokstav b, at også genetisk mangfald kan vere mål for områdevern.

Statsforvaltaren i Vestland vurderer kriteriet i nml § 39 bokstav g som klart oppfylt.

Verneføremålet og restriksjonane i det marine verneområdet vil gjelde sjøbotn og vassøyla.

Restriksjonar skal elles stå i forhold til verneføremålet.



*Figur 18 Langs Sognefjorden er det få, intakte grunne område att. Disse er svært verdifulle som oppvekst-, nærings- og overvintringsområde for ei rekkje artar. Foto: Vegard Byrkjeland Aasen*

## 5.2 Verneføremål

Ein vesentleg del av ei verneforskrift er verneføremålet. Det har betydning for utforming av verneforslaget både geografisk og kva reglar som skal stå i forskrifta. Formuleringane i verneføremålet vil også ha betydning når forvaltingsstyresmakta skal forvalte områda etter at vernet er vedtatt. Dette er spesielt viktig der forskrifta opnar for å gi løyve til tiltak/aktivitetar som *ikkje strir mot verneføremålet*, og tilsvarande for tiltak som må ha dispensasjon i medhald av naturmangfoldloven § 48, altså den generelle unntaksheimelen. Vi har, etter tilbagemelding frå Miljødirektoratet endra formuleringa i verneføremålet frå å omtale grunne område som verdifulle

som karbonlager til å fokusere på grunne område som oppvekstområde for marine artar. På bakgrunn av dette, samt utgreiingsprogrammet, tilrådingane i konsekvensutgreiinga, og ordlyden i nyleg vedtekne marine verneforskrifter foreslår Statsforvaltaren i Vestland følgjande verneføremål for Sognefjorden marine verneområde:

### § 1. (Verneføremål)


*Føremålet med det marine verneområdet er å verne den djupaste fjorden i verda, med særeigne geologiske kvalitetar og biologisk mangfald som følgje av den store variasjonen i det undersjøiske landskapet.*

*Sognefjorden er Noregs lengste fjord og er representativ for norske fjordar, og inneheld samtidig unike kvalitetar. Av særlege verdiar kan nemnast at samfunn av djupvassarar førekjem uvanleg grunt i enkelte fjordarmar. Dei indre fjordarmene er representative for indre fjordområde med særleg tilpassa biomangfald, som til dømes lokale sildestammer og som økologisk funksjonsområde for ville anadrome laksefiskestammer. Grunne areal er spesielt verdifulle som næringsssøkområde for fugl og oppvekstområde for marine artar. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.*

*Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.*

## 5.3 Geografisk avgrensing

Miljødirektoratet har, gjennom fastsetting av utgreiingsprogrammet, akseptert konsekvensutgreiing av fire ulike forslag til vernegrense for eit marint verneområde i Sognefjorden. Det første forslaget som er greidd ut er det som låg til grunn i marin verneplan frå 2004, og som dekker ni kommunar.



Figur 19 Dei fire alternative grensene som vart greidd ut i konsekvensutgreiinga. For betre oppløysing av karta, sjå konsekvensutgreiinga i fullformat. Kart: Akvaplan niva.

Det andre alternativet har utvida vernegrensa til ti kommunar ved å inkludere terskelen og noko inn i Solund kommune, i tillegg til å inkludere både Lilefjorden i Hyllestad og Øystrebovatnet i Høyanger. Det tredje og fjerde forslaget er framleis inklusive terskelen, men utan Øystrebovatnet (alternativ 3) og Lilefjorden (alternativ 4) jamfør figur 19.

Det vert konkludert i KU at den samla konsekvensen for alle utgreiingstema er positiv og at alternativ 2 for avgrensing av delområdet har høgast rangering i flest tilfelle. Rapporten tilrår likevel at

Øystrebøvatnet (som er inkludert i alternativ 2) heldast utanfor det marine verneområdet. Hovudårsaka til å ekskludere Øystrebøvatnet er at det ikkje er dokumentert store verneverdiar her. Området er klassifisert som ein poll heller enn ein fjord. Sjølv om naturmiljøet i Lifjorden er skildra som alminneleg utan registreringar av relevante naturtypar, raudlista artar, lokale bestandar eller anadrom laksefisk, er det registrert eit oppvekst- og beiteområde der som vil få auka vern. Inkluderinga av terskelen til Sognefjorden og området vest for denne er føremålstenleg for naturmiljøet. Dette området tilfører ei rekkje naturverdiar til verneområdet. Det er dokumentert førekomst av svamphage, reirskjel og hardbotnskorallskog ved terskelen. Alternativ 1 (som ikkje inkluderer terskelen) blir rangert lågast for nesten alle registreringskategoriar.

Generelt vert det tilrådd i utgreiinga at vernegrensene blir trekte ut i god avstand frå småbåthamner, tettstadar og industri av samfunnsmessige omsyn og vidare at vernegrensa bør setjast til 2 meter under sjøkartnull.

Det vert tilrådd i KU at vernegrensa for marint verneområde skal leggjast kant i kant med eksisterande naturreservat. Dette gjeld reservat både med og utan sjøareal, til dømes naturreservat for skogvern og sjøfuglreservat. For landskapsvernområde som overlappar med marint vern, er det tilrådd at marint vern held same grense som elles (2 m under sjøkartnull). Dette er fordi LVO og MVO har ulike verneføremål.

For å unngå negative konsekvensar for utvikling av lokalsamfunn og industri, tilrår KU at vernegrensa vert trekt lengre ut enn 2 meter under sjøkartnull utanfor tettstadar og viktige hamneområde. Det vert tilrådd å inkludere ålegrasenga midt ute i Ortnevik i det marine vernet, sjølv om ho kan vere grunnare enn 2 meter. Også deltaområde som Årøy, Lærdal og Skjolden bør bli vurdert inn i marint verneområde. Når det gjeld småbåthamner, tilrår rapporten spesifikt å trekke vernegrensa utanfor etablerte og planlagde småbåthamner og område sette av til framtidig areal for småbåthamner, då den samfunnsmessige interessa her er vurdert som svært viktig. Sjå elles KU for meir djuptgåande innblikk i tilrådingane.

Statsforvaltaren er einig med konsekvensutgreiinga si vurdering om at det er svært viktig å inkludere terskelen i verneforslaget, og grunngeiv arronderinga med det høge biologiske mangfaldet og tilføringa av viktige naturverdiar til verneområdet.

Statsforvaltaren støttar seg på rapporten om å ekskludere Øystrebøvatnet frå det marine verneområdet. Det har over lang tid vore akvakulturaktivitet, kraftutbygging og dumping av masse i vatnet, og nyare undersøkingar kan ikkje påvise Øystrebøvida i vatnet lengre. Øystrebøvatnet har eigenskapar både av fjord (før landhevinga) og av poll (etter landhevinga) og vi vurderer i ein heilskap at verneverdiane ikkje står så sterkt. Ved å utelate Øystrebøvatnet frå kandidatområdet vil vi også forsterke verneføremålet med målsettinga om å halde verneområdet utan større grad av ytre påverknad.

Statsforvaltaren ser argument både for og mot å inkludere Lifjorden i vernet. Ved å inkludere Lifjorden støttar det hovudsakleg opp om interesser knytt til friluftsliv og vern av ressursgrunnlaget for fiskeri. Alternativ 2 (som inkluderer Lifjorden) rangerast høgast av alle alternativ for friluftsliv, då det er det største området og dermed gir mest positiv konsekvens for friluftsliv og rekreasjon. Lifjorden har eit registrert oppvekst- og beiteområde for fisk, og marint vern vil slik kunne gje auka beskyttelse. Landskapet i Lifjorden er eit naturprega landskap med varierende innslag av busetnad, kultur og landbruk. På den andre sida er naturmiljøet i fjorden skildra som alminneleg utan registreringar av relevante naturtypar, raudlista artar, lokale bestandar eller anadrom laksefisk. Den

er ein terskelfjord (3 meters terskel, 176 m djup) og har poll-liknande eigenskapar med avgrensa vassutskifting. Forslaget for Sognefjorden gjeld for kategori 4, *Fjord*, og ein kan argumentere for at slike poll-liknande område ikkje er veldig representative for norske fjordar, samstundes har vi argumentert i kapittel 5.1 med at Lifjorden bidreg til å byggje opp under at Sognefjorden er både unik og representativ. Lifjorden har eit registrert steinbrot som har utslepp til fjorden, og det har tidlegare vore matfiskanlegg der. Dette indikerer at området er påverka av industriell aktivitet. Vi ønskjer spesielt innspel i høyringa om Lifjorden.

I arbeidet med å fastsetje vernegrensa for det marine kandidatområdet i Sognefjorden, vurderer Statsforvaltaren at det er eit viktig prinsipp å sikre heilskapleg og samanhengande vern i samsvar med intensjonen i naturmangfaldlova. For å oppnå dette, og for å styrkje den samla bevaringa av naturmiljøet i området, er det eit sentralt føremål at det marine verneområdet skal ha felles grense i sjø, lagt kant i kant, med eksisterande naturvernområde som grensar til sjøarealet.

For naturreservat vil dette prinsippet gjelde både for dei som inneheld marint areal, og dei som grensar direkte til sjølina. Desse områda er: Torsholmane naturreservat, Storholmen naturreservat, Vetlefjordøyra naturreservat, Bøyaøyri naturreservat, Fimreiteholmane naturreservat, Bleia naturreservat, Bergstronda naturreservat, Buggastrondi naturreservat, Fimreiteåsen naturreservat, Geitanosi naturreservat, Luster allmenning naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat og Tingastad naturreservat, samt naturreservata Kvitingsmorki og Bermålsnosi.

Statsforvaltaren foreslår altså å leggje vernegrensa for marint vern kant i kant med tilgrensande naturreservat. Eit framtidig Årøy naturreservat i Barsnesfjorden vil også ha grense kant i kant med eit Sognefjorden marine verneområde. At det marine verneområdet ligg inntil grensa for andre verneområde som grensar til, eller går ut i sjø, bidreg til å oppretthalde ein einskapleg forvaltning i overgangen mellom land- og sjøområde.

Landskapsvernområda Nærøyfjorden, Bleia-Storebotn og Stølsheimen inneheld sjøareal, men utan at anna enn vassflata i realiteten er verna i sjøen. Her foreslår Statsforvaltaren at landskapsvern og marint vern overlappar, då blir landskapet over overflata verna (med LVO) og under overflata verna (marint vern). Det betyr at det marine vernet må femne om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo), altså privat grunn i landskapsvernområda. Då unngår vi eit «ingenmannsland» i eit belte rundt fjordarmane Nærøyfjorden og Finnafjorden mellom normal høgvasstand (der landskapsvernet gjeld) og ned til to meter under sjøkartnull (der marint vern normalt tar til).

Statsforvaltaren ønskjer innspel på alternative vernegrenser i ulike fjordarmar av omsyn til tettstadar, industri, småbåthamner og eksisterande næring. Vernekartet syner ein raud vernegrense og ei gul vernegrense. Den raude inkluderer meir vern enn den gule. Utsnitt av kart som viser vernegrense rundt hamnar, kaier og større småbåtanlegg er å finne i vedlegg. Vi ønskjer innspel på gule og raude vernegrensealternativ på disse stadane:

### *Fuglsetfjorden*

Oppsummering frå KU: Inste del av Fuglsetfjorden har stor naturverdi som fjord med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet, den har også fire registrerte ålegrasenger. Området har middels verdi som funksjonsområde for sjøaure og har utløp frå to elver med sjøaurebestand vurdert til svært dårleg tilstand. Fleire raudlista sjøfugl er registrert i Fuglsetfjorden, inkludert hettemåke (CR), makrellterne (EN) og storskarv (NT). Fuglsetfjorden har eit av dei største kartlagde gytefelta for kysttorsk (MB) i heile kandidatområdet, på 11,52 km<sup>2</sup>. Delområdet får Middels verdi for ressursgrunnlaget. Det er registrert eitt fiskefelt for aktive reiskap (rekestrål), men dette er ikkje i bruk i dag. Delområdet har éin lassetjingsplass. Høyanger kommune (som Fuglsetfjorden ligg i) har

12 akvakulturanlegg i sjø og 6 på land innanfor kandidatområdet. Den samla påverkjingsgraden for Fuglsetfjorden (AK10) er vurdert til forringa på grunn av akvakulturlokalitetar. Fjorden har eitt pukkuttak med lokal råstoffbetyding, vurdert til noko verdi. Fuglsetfjorden er vurdert til å ha middels negativ konsekvens av vernet for tema marin samferdsel. Det er også eit skipsvrak i Fuglsetfjorden med uklar vernestatus, fjorden får middels verdi for kulturminne/kulturmiljø. Fuglsetfjorden har svært stor verdi for friluftsliv og rekreasjon. Ein geostad knytt til Søreide, lokalisert i grenseområdet mellom Fuglsetfjorden og Øystrebøvatnet, har stor pedagogisk verdi og er viktig geologisk dokumentasjon av isavsmeltingshistoria i Stølsheimen. Dette er knytt til ein svært markert morenerygg (endemorene) i eit område med stupbratte fjellsider. Konsekvensen av å utelate Fuglsetfjorden (jf. gul vernegrense) vil vere negativ då ein ikkje får verna eit av dei største kartlagde gytefelta for kysttorsk i Sognefjorden. Utelating av fjorden vil fjerne vernet av dette ressursgrunnlaget for fiskeri. Indre del av Fuglsetfjordent er også einaste lokalitet i utgreiingsområdet som er klassifisert som fjord med naturleg lågt oksygeninnhald i botnvatnet. Denne naturtypen er sårbar for inngrep som påverkar vassirkulasjonen, slik som sprenging i fjordinnløpet. Å utelate fjorden ville auke risikoen for framtidige inngrep som kan forringe desse naturverdiane. Arealet innanfor den gule alternative vernegrensa er 8,2 km<sup>2</sup>.



*Figur 20 Vi høyrer to alternative vernegrenser i enkelte fjordarmar, slik som her i Fuglsetfjorden på sørsida i Høyanger kommune. Raud vernegrense følgjer fjorden langs to meter under sjøkartnull, mens gul grense utelet mesteparten av sidefjorden frå det marine verneområdet. Kartarbeid: Statsforvaltaren i Vestland*

### Årdalsfjorden

Årdalsfjorden er vurdert til stor verdi for anadrom laksefisk, ettersom den ligg innanfor nasjonal laksefjord. Fjorden har fleire elver med sjøarebestand vurdert til dårleg tilstand, inkludert Årdalselva, Seimsdalselvi og Vikadalselva. Det er gjort éi registrering av ål (som er klassifisert som sterkt trua (EN) på raudlista) nær ytre Årdalsfjorden. Modelling indikerer at det er størst sannsynlegheit for å finne sårbare naturtypar som svamphage i ytre delar av fjorden. Årdalsfjorden er vurdert til svært stor verdi for marin samferdsel og svært stor verdi for friluftsliv. Dette inkluderer fire kartlagde område klassifiserte som viktig/svært viktig strandsone. Årdalsfjorden er vurdert til middels verdi for landskapsbilde. Fjorden har naturprega landskap med utbygging og infrastruktur i

indre delar. Deler av fjorden er likevel relativt urørt natur utan veg på den nordlege fjordsida. Årdalstangen er registrert som eit marinarkeologisk prioritert område (PRIMAT-område). Utgreiinga tilrår generelt at vernegrensene trekkast ut i god avstand frå tettstader og industri av samfunnsmessige omsyn, noko som indikerer at bevaring av industrihamna i Årdal er viktig. Dersom større eller mindre indre delar av Årdalsfjorden vart utelaten frå verneområdet, ville ein unngå den middels negative konsekvensen vernet har for temaet industri og tettstader og marin samferdsel. Dersom endå større delar av fjorden vart utelaten, ville dette likevel fjerne det marine vernet for det store funksjonsområdet for laksefisk og den potensielle positive effekten vernet har for å oppnå midlar til opprydding i forureina sjøbotn. Arealet innanfor den gule alternative vernegrensa er 0,5 km<sup>2</sup>.



*Figur 21 Biletet syner to alternative vernegrensar for eit framtidig marint verneområde inst i Årdalsfjorden. Den raude grensa er trekt langs kommunen sitt plankart, og den gule grensa er trekt lengre vekk frå tettstaden. Kartarbeid: Statsforvaltaren i Vestland*

### *Høyangsfjorden*

Høyangsfjorden er eit område med stor betydning for tungindustri og har historisk vore sterkt påverka av forureining. Fjorden er rangert som nr. 2 blant dei 20 mest forureina områda i Noreg (2021), særleg grunna høge konsentrasjonar av PAH-sambindingar i sedimenta. Det blir gjennomført tiltaksorientert overvaking fordi området står i fare for å ikkje nå miljømåla.

Fjorden har også viktige natur- og samfunnsverdiar. Landskapet er prega av høge, bratte fjell, tettstaden Høyanger og markerte industriminne, medan sørsida av ytre fjorden har urørte, vegause naturområde. Høyangsfjorden er vurdert til svært stor verdi for marin samferdsel, middels verdi for rekreasjon og friluftsliv (to område i strandsona), og har éi registrering av sjøfjørbotn, vurdert til middels verdi. Eit marint vern vil kunne styrkje grunnlaget for opprydding av forureina sjøbotn og kan gi betre tilgang til statlege midlar.

Utelating av delar av fjorden vil kunne svekke prioritering og finansiering av oppryddingstiltak, redusere presset for strengare miljøreguleringar og fjerne vern mot fysiske inngrep. Dette kan ha uheldige effektar sidan fjorden har dårlege oksygenforhold og inneheld sårbare habitat. På kortare sikt vil utelating likevel kunne gi fordelar for industri og samferdsel, med enklare tilgang til utfylling

og utvikling av kaianlegg og ladeanlegg, slik kommunen har etterspurt. I konsekvensutgreiinga er det uansett tilrådd å trekkje vernegrensa bort frå industriområdet for å unngå mange dispensasjonssøknader.

Statsforvaltaren legg to ulike vernegrenser ut på høyring. Det eine, raude grense alternativet er trekt godt vekk frå industriområdet og avsette utbyggingsareal i kommunen sine plankart. Det andre, gule alternativet, er trekt betydeleg lenger vekk frå fjordbotnen. Høyringa vil kunne få fram ulike vurderingar av desse to alternativa. I dialog med Høyanger kommune, etter at Statkraft trengte større utfylling av næringsområdet med massar frå ei kraftutbygging, har Statsforvaltaren tilpassa den raude vernegrensa til utvidinga av næringsområdet, samt med ein buffer for fyllingsfoten i sjø. Arealet innanfor den gule alternative vernegrensa er 0,3 km<sup>2</sup>.



Figur 22 Biletet syner Høyangsfjorden med to alternative vernegrenser. Den blå vernegrensa er trekt vekk frå kommunen sitt arealplankart, og den gule streken er trekt endå lengre vekk frå tettstad og infrastruktur. Kartarbeid: Statsforvaltaren i Vestland

### Grunne område

Det marine verneområdet vil primært omfatte sjøområde med grense lagt til to meter under sjøkartnull (middels lågvatn). Statsforvaltaren vurderer likevel å inkludere biologisk verdifulle grunne område på privat eigedom. Slike grunne område har spesiell verdi som oppvekst- og leveområde, beiteområde og karbonlager, og det er frå naturen si side få slike område i Sognefjorden, særleg i den indre delen. Ved å inkludere desse grunne områda oppnår ein auka beskyttelse av produksjonsgrunnlaget for livet i fjorden. Grunne naturtypar, inkludert deltaområde, er sårbare for fysiske inngrep som utfylling, mudring og utbygging av moloar. Inkludering vil gje økt beskyttelse mot tiltak som kan forringe verneverdiane. For å sikre at desse viktige, grunne områda får tilstrekkeleg vern, foreslår vi at vernegrensa for marint vern kan justerast til grunnare enn to meter for å inkludere desse verneverdiane. Nokre av dei viktigaste grunne områda er omtalt under:

## Lærdal

Inkludering av det grunne området ved utløpet av Lærdalselvi i det marine verneområdet er viktig av flere grunner. Grunntområdet er mellom dei største i Sognefjorden, og er av stor verdi både som funksjonsområde for anadrom laksefisk, for naturmangfald knytt til grunne område, som næringsøkområde for fugl og fisk, som karbonlager og for det marine økosystemet generelt. Utløpet av Lærdalselva er det einaste større deltaområdet i Sognefjorden. Elvedelta er ein raudlista naturtype i Noreg, og i Sør-Noreg finst det knapt nokre større, upåverka deltaområde igjen. Vern av deltaet heilt inn mot land bidreg til å gje denne høgproduktive naturtypen med så mange viktige funksjonar særleg beskyttelse. I utgreiingsprogrammet er det spesielt nemnt at det kan vurderast å utvide verneområdet til å inkludere grunne område til dømes i Lærdal. Historisk sett har deltaområdet i Lærdal blitt betydeleg endra som følgje av arealendringar, utfyllingar, kanalisering og fordjuping av elveløp. Dette understrekar behovet for å sikre arealet som er att til framtidige generasjonar. Statsforvaltaren foreslår også ein alternativ, gul verneområdegrense der verneforslaget er trekt vekk frå arealet nærmast det mest nedbygde området. Vi ønskjer innspel i høyringa på disse alternative grensene. Arealet innanfor den gule alternative vernegrensa er om lag 0,03 km<sup>2</sup>.



*Figur 23 Raud strek syner føreslege vernegrense for marint vern i Lærdal. Vernegrensa her inkluderer privat eigedom, og er såleis grunnare enn to meter. Disse grunne områda har funksjon som deltaområde, er svært viktige funksjonsområde både for laksefisk, som oppvekstområde for andre marine artar, for fugl og som karbonlager. Gul strek syner ei alternativ vernegrense der vernet er trekt vekk frå det mest utbygde arealet. Kartarbeid: Statsforvaltaren i Vestland*

## Amlabukti

Inkludering av det grunne område i Amlabukti i det marine verneområdet er viktig for å verne to registrerte undervassenger, som begge har stadvis tette førekomstar av ålegras og havgras. Desse engene, som ligg på 1,5–4,5 meters djup, er viktige grunne naturtypar som fungerer som oppvekstområde for fleire viktige marine artar og som karbonlager. Heile Amlabukti er i tillegg vurdert som eit viktig oppvekst- og beiteområde for kommersielt viktige fiskeartar og får middels

verdi for anadrom laksefisk, då det har to elver med sjøarebestandar. Utan vern kan dei grunne områda bli utsett for tap av habitat gjennom fysiske inngrep som utfylling langs strandlinja, som allereie har fleire inngrep i form av busetnad og bryggjer.

### Gaupne/Røneidsbukti

Gaupnefjorden bør inkluderast i marint verneområde grunna sin store verdi som funksjonsområde for anadrom laksefisk. Fjorden husar utløpet til Jostedalselva, som har stort potensiale for smoltproduksjon med 12 km anadrom strekning. Vern av deltaområdet ved utløpet av Jostedalselva er derfor kritisk for å verne dette viktige funksjonsområdet. Deltaområde er generelt viktige for karbonlagring og som oppvekstområde for artar, men dei fleste deltaområde i Sognefjorden er allereie sterkt påverka av utfyllingar og utbygging. Dei produktive mudderbankane inst i Gaupnefjorden er likevel framleis ganske intakte. Generelt kan vernegrensa for marint vern vurderast grunnare enn to meter for å inkludera slike viktige grunne deltaområde. Vernet er naudsynt for å hindre framtidige fysiske inngrep som utfylling i sjø eller sprenging, tiltak som i utgangspunktet ikkje vil vere tillate i eit marint verneområde og som truar desse sårbare habitata. Inkludering av disse grandane vil dermed sikre Jostedalselvas funksjonsområde.



*Figur 24 Kvamsbukti ligg mellom Kvamsøy og fastlandet på nordsida av Sognefjorden i gamle Balestrand kommune. Lokaliteten er den største registrerte ålegrasenga i indre Sognefjord. Flyfoto frå fylkesatlas.*

### Kvamsbukti ved Kvamsøy

For Kvamsbukti er inkludering viktig for å verne den største og viktigaste ålegrasenga i indre Sognefjorden. Ålegrasenga i Kvamsbukti dekkjer heile sundet mellom nordsida av Sognefjorden og Kvamsøy. Denne engtypen er viktig som karbonlager og oppvekstområde for mange artar i det marine økosystemet. Sidan delar av ålegrasengene har djupne frå 0,5 meter og utover, kan marint vern ned til to meter berre delvis dekke førekomsten. Ved å inkludere Kvamsøyri sikrar ein betre vern for denne store og viktige marine naturtypen i eit område som er vurdert til svært stor verdi for naturmiljøet.

### Ortnevik

I Ortnevik er det registrert ei glissen ålegraseng som ligg på ei grunne midt i Ortnevika. Denne ålegrasenga er knytt til Storelvas utløp og deltaområde, og sidan ho ikkje ligg langs strandlinja, er det spesifikt føreslått at det marine verneområdet skal inkludere denne lokaliteten sjølv om ho kan vere grunnare enn den generelle grensa på to meter. Deltaområde er generelt sårbare (VU) på raudlista

og har høg natur- og miljøverdi. Inkludering sikrar dermed vern av både den sårbare naturtypen og det verdifulle deltaområdet.

### Nornes

Ved Nornes i Sogndalsfjorden er ei registrert ålegraseng som har lokalt viktig verdi (C). Vi føreslår at området inkluderast, ettersom ålegrasenger er ein type grunn naturtype som er verdifull som oppvekstområde for fleire viktige artar i det marine økosystemet og som karbonlager. Ålegrasenga ved Nornes har svært grunn utbreiing, registrert til å liggje mellom 0,5 og 1,5 meter djupne. Sidan den generelle vernegrensa for marint vern er sett til to meter under sjøkartnull, vil ålegrasenga ved Nornes truleg falle utanfor verneområdet utan ei justering av vernegrensa. Nornes er den einaste av dei kartlagde ålegrasengene med djupneinformasjon som truleg vil falle heilt utanfor. Førekosten verkar relativt urørt av utbygging i strandsona og ligg nær viktige områder for fisk og sjøfugl, blant anna om lag 1 km frå Fimreiteholmane naturreservat (eit viktig hekkeområde for sjøfugl) og 2 km frå eit gyteområde for hyse, lyr og lysing. For å sikre at desse sårbare og verdifulle grunne naturtypene får vern mot inngrep, føreslår Statsforvaltaren vernegrensa grunnare enn to meter her. Inkludering av Nornes ville dermed sikre vernet av denne spesielle og relativt urørte ålegrasenga.

### Gulen

Vi tilrår at grunne blautbotnsområde ved Rutletangene i Gulen bør inkluderast i det marine verneområdet når føremålet er å beskytte sårbar natur mot fysiske inngrep. Sidan blautbotnsområda mest sannsynleg fell utanfor den standardiserte grensa på to meter, er det naudsynt med ei justering av vernegrensa for å inkludera disse. Det finst ein registrert førekost av naturtypen skjellsand vest for Rutletangene i Gulen kommune, nær den vestlege grensa av utgreiingsområdet.

### Årøy/Nagløyri

Nagløyri i Årøy, inst i Barnesfjorden er kandidatområde for supplerande vern, der er det no er meldt oppstart av prosess for oppretting av naturreservat. Sjå heimesida vår for meir informasjon. Vi vurderer såleis at deltaområdet på Nagløyri blir sikra i Årøy-prosessen. [Her er lenkje til meir informasjon om starten av verneprosessen for Årøy naturreservat.](#)

## § 2. Geografisk avgrensing

*Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.20xx.*

*Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 1003 km<sup>2</sup> i Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster kommunar med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der::*

- a) *Grensene er trekt utanom hamner og annan infrastruktur.*
- b) *Vernet grenser inntil Torsholmane naturreservat, Storholmen naturreservat, Vetlefjordøyra naturreservat, Bøyaøyri naturreservat, Fimreiteholmane naturreservat, Fimreiteåsen naturreservat, Bleia naturreservat, Geitanosi naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Bermålsnosi naturreservat, Kvitingmorki naturreservat, Buggastrondi naturreservat, Luster allmenning naturreservat, Tingastad naturreservat og Bergsstronda naturreservat. Vernet overlappar med Nærøyfjorden landskapsvernområde, Stølsheimen landskapsvernområde og Bleia-Storebotn landskapsvernområde; avgrensinga femner om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).*

- c) Vernet overlappar med Nærøyfjorden landskapsvernområde, Stølsheimen landskapsvernområde og Bleia-Storebotn landskapsvernområde; avgrensinga femner om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).
- d) Ved eigedomane nemnt i fjerde ledd, der også heile eller delar av landarealet i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.

Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Det marine verneområdet omfattar eigedomane:

- Gulen kommune: 6/1-3, 7/1-2, 7/11, 7/24, 117/1, 117/3-4, 117/6-8, 117/11, 117/21-22, 117/24, 117/26, 117/35, 118/6, 118/9, 118/12, 118/16, 118/18, 128/1, 128/5, 129/4, 129/9, 130/1, 133/4, 133/6, 134/1-3, 135/4, 137/1-2, 138/1-2, 139/1
- Høyanger kommune: 1/1-2, 3/1-2, 4/3, 4/5, 4/11, 25/4, 26/1, 26/3, 26/13, 26/15, 26/18, 26/28, 26/32, 32/1, 45/2-3, 45/7, 45/17-18, 45/30, 46/1, 46/3, 46/5, 46/12, 46/30, 49/1-2, 55/1-2, 58/1, 64/1, 64/9, 64/27, 66/2-3, 72/2-4, 72/6, 72/14-15, 73/4, 73/10, 95/1-2, 95/7, 96/1-4, 97/1, 97/3-4, 97/9, 99/1, 99/6, 100/2, 100/4, 100/7, 101/1, 101/3-4, 102/2, 103/1, 103/3, 103/6, 103/8, 103/14-15, 105/4, 108/5, 109/2-3, 109/5, 114/1-2, 114/4, 114/10, 187/1-2
- Vik kommune: 37/1, 37/4-5, 37/12, 45/1, 51/2, 51/4, 52/1, 52/15, 59/3, 59/47, 63/1-3, 63/11, 64/1, 64/3-5, 64/8, 64/10, 64/11, 64/15, 64/70-71, 65/1-2, 66/4, 67/1, 67/2, 68/1-4, 68/6, 68/7, 97/2, 97/94, 136/9, 150/1
- Aurland kommune: 2/1, 3/1, 5/1, 5/5, 5/8-10, 6/1, 6/3, 7/1-3, 7/28, 8/1, 8/5-6, 12/1, 33/1, 51/1, 51/15-16, 51/18-20, 51/22, 51/27, 51/32, 51/40, 51/52, 51/60, 51/108, 52/2, 55/1-2, 56/1, 57/1-2, 58/1-2, 64/1, 64/16, 64/45, 66/1, 67/1-4, 67/6, 67/9
- Lærdal kommune: 29/1, 29/28, 29/62, 47/1, 85/1, 125/1, 129/1
- Årdal kommune: 2/1, 2/5, 3/1, 3/2, 3/23, 3/34
- Luster kommune: 17/1, 76/3, 76/11, 76/15, 76/16, 81/9, 83/14, 88/90, 88/93, 88/120, 88/150, 88/186, 88/196, 102/3, 102/9, 102/12, 106/1-2, 106/4, 107/1-2, 107/4-5, 170/3, 172/1, 172/10, 173/1, 174/1, 174/5, 176/5, 176/8-9, 176/28-29, 176/61, 176/75, 177/1, 177/15, 177/17, 178/1-8, 178/15, 182/3, 183/20, 183/37, 183/39, 216/1
- Sogndal kommune: 3/1, 3/5-8, 3/12-15, 3/20, 3/31, 3/34, 3/57, 3/60, 3/97, 64/5, 64/241, 67/1, 79/2, 79/22, 79/33, 81/3, 81/11, 81/63-64, 82/3, 84/1-2, 84/8-10, 84/28, 85/1-9, 85/11, 85/18, 86/1-4, 105/1, 105/95, 105/201, 105/385, 105/568, 106/1, 107/1, 107/3, 108/2, 144/1-5, 146/1, 147/1, 148/1-2, 161/1, 161/3, 202/3, 202/21, 209/1-2, 209/6, 209/13, 210/1-2, 210/7, 210/10, 210/14, 210/20, 210/24, 210/28, 210/41, 210/36, 210/46, 211/1, 216/11, 216/16, 224/215, 224/176, 224/198, 224/218, 302/1, 303/1-2, 303/7-8, 306/1, 306/4-5, 306/11, 306/16-17, 307/1, 307/4, 307/6, 308/2-4, 308/6, 308/8, 308/26, 308/31, 309/1, 309/3, 310/1, 310/14, 310/17, 310/32, 313/1-3, 313/11, 314/1-2, 317/1, 317/4, 318/1, 319/1, 319/4, 325/2-3, 327/3, 391/1-2, 392/1, 392/6, 392/8-12, 392/16, 392/19-21, 392/26-27, 392/32, 393/2
- Hyllestad kommune: 46/1-3, 83/1, 84/1, 103/1, 104/1, 104/3
- Solund kommune: 63/1, 64/3, 65/1-3, 65/5
-

## 5.4 Vernereglar

I ei verneforskrift som for Sognefjorden vert føremålet med vernet fastsett i § 1 (sjå kapittel 5.2). Dette er sjølv grunngevinga for kvifor området er verna. Restriksjonar på aktivitet i verneområdet skal stå i forhold til dette føremålet. Deretter kjem den geografiske avgrensinga av verneområdet i § 2. Forskrifta inneheld vidare ein heimel, som vanlegvis legg ned eit generelt forbod mot alle inngrep og tiltak som kan skade eller forringe verneverdiane som er nemnde i føremålet, jf. § 3. Etter dette følgjer § 4 med generelle unntak frå forboda. Dette er tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan at det er naudsynt å søke om dispensasjon. § 4 i forslaget til verneforskrift inneheld mellom anna unntak for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar. Som vedlikehald blir rekna naudsynte tiltak eller arbeid for å halde oppe noverande eller tidlegare tilstand. Ombygging eller utviding reknast ikkje som vedlikehald. Unntaket for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar berre gjeld for anlegg og innretningar som ligg innanfor verneområdet sine grenser. Forskrifta har også eigne reglar som opnar for at det kan søkjast om dispensasjon. Desse er resultat av konkrete avvegingar av brukarinteresser i verneområdet og står i § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar). Formuleringa *kan etter søknad gje dispensasjon til* i § 5, betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men det betyr at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon. Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle dispensasjonsregelen det kan gis dispensasjon til. Sjølv om eit tiltak det er søkt om er innanfor ramma av ein spesifisert dispensasjonsregel, må det likevel gjerast ei sjølvstendig vurdering av om ein skal gje dispensasjon i einskildtilfelle. Sjølv om ordlyden i regelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må dispensasjonen også vurderast i lys av verneføremålet, naturforholda i området, lokalisering innanfor området, teknologi, storleik/omfang av tiltak mv. I tillegg vil mellom anna forarbeid til vernet og forvaltningspraksis vera sentrale tolkingmoment.

I tillegg vert det i forskrifta § 6 vist til naturmangfoldloven § 48, som er ein generell dispensasjonsheimel og kan nyttast i tilfelle som ikkje var påtenkt under verneprosessen. Her gjeld visse kriterium: Tiltaket må ikkje vere i strid med føremålet til vernevedtaket, det må ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, eller det må vere naudsynt av tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser.

Naturmangfoldloven § 48, jf. § 6 i forskriftsutkastet, er ein generell dispensasjonsregel. Regelen inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Regelen opnar for at det kan gis dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Det følgjer av forarbeida til naturmangfoldloven at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 i første alternativ ikkje kan brukast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal være en sikkerheitsventil for tiltak som ein ikkje kunne føresjå eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Med tryggingssomsyn i andre alternativ blir det mellom anna sikta til tryggleik for liv og helse og tryggleik mot omfattande og direkte skade på eigedom. Det er eit krav at tiltaket må vere naudsynt. Med det siktar ein til at tryggingssomsyna må vere av kvalifisert art, og at det ikkje er praktisk mogleg å vareta dei ved tiltak utanfor verneområdet eller med mindre inngripande tiltak innanfor verneområdet.

Med *vesentlege samfunnsinteresser* i tredje alternativ meinast tungtvegande omsyn av nasjonal tyding. Dette kan for eksempel vere viktige kommunikasjonsanlegg som flyplassar, jernbaner eller større samferdselprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional tyding er ikkje

tilstrekkeleg som grunnlag for å gi dispensasjon etter denne dispensasjonsregelen. Dersom det let seg gjere å ta vare på samfunnsinteressa på ein anna måte, for eksempel ved val av eit anna område eller ein annan trasé, er ikkje kriteriet *naudsynt* oppfylt. Alternative løysingar vil derfor vere ein sentral del av vurderinga av kva som er naudsynt.

Unntaka og dispensasjonsføresegnene fastset i praksis rammene for vernet. Hovudregelen er at lovleg aktivitet som er i gang når vernet blir vedtatt, skal kunne halde fram. Forskrifta inneheld også ein regel om skjøtsel i § 7. Forvaltningsstyresmakta, eller den ho peikar ut, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

Naturmangfoldloven gjeld side om side med anna regelverk. Tiltak i verneområde må ha løyve både etter naturmangfoldloven og det regelverket tiltaket elles er regulert av. Ei verneforskrift gjeld berre innanfor verneområdet.

Naturmangfoldloven § 49 har ein føresegn om verksemd utanfor vernegrensa som kan medføre skade inne i eit verneområde. Kan verksemd som treng løyve etter anna lov, innverke på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane tilleggjast vekt ved avgjerda av om løyve bør gjevast, og ved fastsetjing av vilkår. Døme på slik verksemd kan vere forureinande utslepp. Det er forvaltningsorganet for det aktuelle regelverket, dvs. vedkommande sektormynde, som har plikt til å leggje vekt på desse omsyna i skjønnsutøving si.

Nærmare rettleiing om forvaltning av verneforskrifter, mellom anna om handsaming av dispensasjonssøknadar, finst ved å følgje [denne lenkja til Miljødirektoratet sitt rundskriv M106-2014](#).

## Ivaretaking av naturmangfald

I utgreiingsprogrammet vart det skissert restriksjonar mot tiltak som kan skade og øydelegge vegetasjon og dyrelivet på botn. Det inkluderer forbod mot sprenging, boring, oppankring, fiske med reiskap som påverkar sjøbotn, etablering av installasjonar på botn, osb. Det er likevel ein hovudregel i verneprosessar at eksisterande aktivitet i all hovudsak skal kunne fortsetje. I konsekvensutgreiinga er det vurdert at etablering av marint vern vil vere positivt for naturmiljøet.

Ved å etablere særlege restriksjonar knytt til passive fiskereiskap over hardbotnskorallskogen på terskelen ved Solvika vert det vurdert i KU at eit marint verneområde vil få betydeleg større positiv konsekvens for naturmangfaldet. Det er difor tilrådd i KU å markere arealet med høgare restriksjonsnivå i vernekartet.

Det er i KU understreka at det vil ha stor verdi å inkludere grunne areal som oppvekst- og næringsområde for marine organismar og fugl, samt som karbonlager. Både Nagløyri/Årøy, Lærdal og Skjolden er nemnt som aktuelle område, samt ålegrasenga i Ortnevik som ligg på ei grunne. Ei anna ålegraseng som er nemnt og tilrådd inkludert ligg på Nornes i Sogndalsfjorden. I KU er det vidare lagt til grunn at føreslått vernegrense på to meters djup gjev tilstrekkeleg vern av dei større tareskogsførekomstane i Gulen, Solund og Hyllestad, slik at det ikkje er tilrådd å inkludere privat eigedom der.

I utgreiinga er det foreslått å avsette referanseområde, til dømes i Finnafjorden, for å kunne gje større positiv konsekvens for naturmiljøet, og betre rammer for å kunne måle effekt av vernet. Også Lustrafjorden er føreslege i KU som eit referanseområde, men spesielt for akvakultur. I avsette referanseområde er det foreslått i KU å ha ein høgare terskel for å gje dispensasjon.

Statsforvaltaren er einig i slutningane i konsekvensutgreiinga om at opprettinga av eit marint verneområde i Sognefjorden vil vere positivt for naturmangfaldet. I tillegg vil ivaretaking av natur også kunne sikre karbonrike marine område som ledd i Noregs forpliktingar i klimasamanheng.

Statsforvaltaren er einig i vurderinga i konsekvensutgreiinga om at det er svært viktig å inkludere terskelen ytst i Sognefjorden i det marine verneområdet. Statsforvaltaren ser argument for å ha strengare restriksjonar på fiskerireiskap over korallområda ved terskelen. Vi ser at KU har kunnskapsmanglar om bruken av området i omtalen under tema som friluftsliv/rekreasjon og reiseliv, og vi ønskjer difor innspel i høyringa som kan auke kunnskapsgrunnlaget for dette temaet. Vi vurderer at korallane ligg relativt djupt og er usikre på omfanget av friluftsliv- og reiselivsrelatert fiske der som rører botn. Passive fiskerireiskap som garn og teiner held seg truleg på grunnare farvatn. I vernekartet føreslår vi eit skravert areal med forbod mot fiske med reiskap som kan røyre botn, meir om dette i kapittel 5.4 om rekreasjon og friluftsliv. Høyringa bør kunne få fram kunnskap om temaet, både omfanget av friluftsliv-, reiselivsaktivitet i skravert område, og kva slags reiskap som i hovudsak er i bruk.

Statsforvaltaren ser store fordelar av å inkludere viktige grunne område, og foreslår ei rekkje eigedomar inn i det marine verneområdet for å sikre disse som beite- nærings- og oppvekstområde, i tillegg til å inneha eigenskapar som karbonlager, for framtida. Vi er likevel usikre på om dei innte delane av fjorden i Skjolden er intakte nok til å bli inkludert innanfor verneområdegrensa. Dette vil bli nærare vurdert i den vidare prosessen.

Statsforvaltaren vidarefører marin verneplan frå 2004 sitt argument om å behalde heile verneområdet som referanseområde for forskning og overvaking grunna dei spesielle eigenskapane Sognefjorden har i dag. Med aukande behov for å overvake naturen gjennom klimaendringane har Sognefjorden gode eigenskapar grunna dei store vassmassane. Formuleringar om Sognefjorden som referanseområde er inkludert i verneføremålet, sjå kapittel 5.2. For avgrensing av arealet som er viktig for å fremje verneføremålet, sjå kapittel 5.3.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt blir teke med i verneforskrifta:

### **§ 3. (Vernereglar)**

*I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande vernereglar gjeld:*

- a) *Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.*
- b) *Dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.*
- c) *Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, opplag av skip, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn, utslepp av lusemiddel frå brønnebåt og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar, mudring, graving, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode.*

## Kulturminne og kulturmiljø

Vern av naturmiljøet vil bidra til at kulturminne på botnen innanfor det marine verneområdet får eit auka vern mot skade som følgje av ulike tekniske inngrep og annan menneskeleg aktivitet. For marine kulturminne og kulturmiljø konkluderer KU med at eit marint vern vil ha positive verknadar. Då botntråling og tarehausting ikkje vil bli tillate innanfor det marine verneområdet, ettersom sjøbotn og vegetasjonen er verna, vil skadepotensialet som følgje av slik aktivitet bli redusert for kulturminna og kulturmiljøa på sjøbotnen. Generelt vil restriksjonar mot aktivitetar som sprenging, boring, deponering og uttak av massar også redusere skadepotensialet for eksisterande kulturminne i Sognefjorden. I tillegg kan restriksjonar mot oppføring av installasjonar og ankringsforbod utanfor godkjende ankringsplassar sikre kjende og ukjende kulturminne mot negative påverknadar.

Det er registrert ein del kjende kulturminne under vatn i den djupe fjorden, men registreringane som ligg til grunn for konsekvensutgreiinga er vurdert som eit minimumsestimert for omfanget av kulturminne under vatn. Likevel vert marint vern vurdert til å gje ei forbetra tilstand samanlikna med null-alternativet, og vernet vil utan tvil vere positivt for dei marine kulturminna i området.

Statsforvaltaren har ingen merknadar til konsekvensutgreiinga.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt blir teke med i verneforskrifta:

### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

k) *Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.*

## Rekreasjon og friluftsliv

I konsekvensutgreiinga er det vurdert at etableringa av eit marint verneområde i Sognefjorden vil føre til ein positiv konsekvens for temaet rekreasjon og friluftsliv. Friluftslivsinteresser omfattar aktivitetar som bading, padling, roing, dykking, fugletitting, fritidsfiske og båtliv, samt bruk av småbåthamner og fritidsbustader langs fjorden. I følgje KU vil marint vern gi ein forbetra påverkningsgrad for friluftsområda i alle delområda. Vernet vil også bidra til å beskytte det marine miljøet, og dette gjer fjorden meir attraktiv for opplevingar og aktivitetar langs fjorden. Marint vern vil òg styrke det biologiske mangfaldet, til dømes gjennom å verne viktige beiteområde for sjøfuglar, noko som kan auke naturopplevingane ved fugletitting.

Det blir understrekt i KU at vurderingane er gjort utan at verneføresegnene legg restriksjonar på sjølve utøvinga av friluftsliv. Ferdsla og utøving av friluftsliv, som dykking, bading, surfing, jakt, fangst og fiske, eller ferdsla med båt blir ikkje påverka av restriksjonar med marint vern. Fritidsfiske skjer hovudsakleg med passive reiskapar (som fiske med garn, stang og teiner) på grunnare område, noko som vil vere tillate i verneområdet, jf. utgreiingsprogrammet. Konsekvensutgreiinga tilrår likevel å ha restriksjonar på fiskereiskap som kan røyre botn i område med korallar, som ved Solsvika. Sjå meir om temaet under temaet fiskeri og reiseliv.

For småbåthamner er konsekvensane vurdert separat i ei skildrande vurdering fordi dei ikkje inngår i den standardiserte kategorien for friluftsliv. Småbåthamner er viktige for mange si utøving av friluftsliv til sjøs. Dersom etablering av marint vern vil medføre negative konsekvensar for småbåthamner vil det kunne føre til auka kostnader og lengre søknadsprosessar for tiltak som treng dispensasjon (som utfylling i sjø, bølgedempande tiltak eller tiltak for elektrifisering). Det er i KU

tilrådd at vernegrensa blir trekt utanfor etablerte og planlagde småbåthamner på grunn av denne samfunnsinteressa. Det blir også tilrådd i KU å opne for dispensasjon for tilretteleggingstiltak for friluftsliv, samt tekniske tiltak som flytebrygger og fortøyingar. Sjå også avsnitt om reiseliv for litt overlappende tema.

Statsforvaltaren er einig i vurderingane i konsekvensutgreiinga om at friluftsliv vil kunne få ein auka verdi med eit marint vern i Sognefjorden. Vern bidreg til å ta vare på naturverdiar og naturopplevingar, noko som er positivt for friluftslivet. Statsforvaltaren vil påpeike at kunnskapsgrunnlaget i KU er svakt for fritidsfiske og fiskebasert reiseliv/turistfiske. Statsforvaltaren ønskjer difor innspel i høringsperioden om det vil vere konflikt med eksisterande friluftsliv/reiseliv å forby fiske med reiskap som kan røyre botn i områda som er skravert på vernekartet. Vi har ei modellering for utbreiinga av korallar, men korallutbreiinga er ikkje verifisert i felt. Eit pågåande korallkartleggingsarbeid utanfor vernegrensa i Sognesjøen kan likevel indikere at modelleringa av korallar er god. Statsforvaltaren tek atterhald om at det kan kome endringar på både kart og vernereglar spesielt på dette etter høyringa. Sjå også drøfting under kap. 5.4 Ivaretaking av naturmangfald og Reiseliv.

Der vernegrensa går ved to meter under sjøkartnull vurderer Statsforvaltaren at få tilretteleggingstiltak for friluftsliv vil kome i konflikt med vernet. Flytebryggjer vil i hovudsak liggje grunnare og då bli handsama etter plan- og bygningslova, mens småbåtanlegg utanfor dei grunnaste områda vil truleg kome innanfor vernegrensa og måtte bli handsama av fleire regelverk. Det er difor understrekt i vårt verneforslag at eksisterande småbåthamner skal liggje utanfor vernegrensa og potensielle framtidige småbåthamner avsett i nyleg oppdaterte kommuneplanar også i hovudsak ligg utanfor vernegrensa. Vi har inkludert areal i verneforslaget som er avsett til småbåthamn der vi ser at kommuneplanen er anten gamal, uavklart eller i kombinasjon har manglande vurdering av marine naturkvalitetar på grunne område. Vi foreslår ein dispensasjonsheimel i verneforskrifta både for tilretteleggingstiltak for friluftsliv (til dømes flytebryggje med stupetårn utanfor ei tilrettelagt strand), og for nye småbåtanlegg og flytebrygger. Vi legg til grunn at det kjem innspel frå kommunane på dette i høringsperioden.

I fjøresona på privat grunn der vernegrensa går opp til normal flo er det viktig for Statsforvaltaren å understreke at alminneleg ferdsel skal kunne fortsetje, slik som friluftsliv, bålbreining, undervisning og også beiting. Plukking av skjell til privat bruk vil også vere lov, jf. verneforskrifta. Elles er det presisert i forskrifta at jakt og fangst er lov, samt ferdsel med båt og oppankring mot land for småbåt under 15 meter. For oppankring av båt over 15 meter, sjå kap. 5.4 om Marin samferdsel og cruise. Også høve til drift og vedlikehald av bryggjer, moloar, båtstøer og naust har vi foreslått i verneforskrifta, sjølv om dei fleste eksisterande slike anlegg vil hamne utanfor vernegrensa. Sjå vernekartet digitalt, til dømes på fylkesatlas.



Figur 25 Dei fleste flytebyggjer og flytande badstover, som denne i Fjærland, vil i hovudsak liggje utanfor vernegrensa. Forvaltningsstyresmakta kan elles vurdere å gje dispensasjon for tilretteleggingstiltak for friluftsliv eller flytebyggjer og fortøyingar. Foto: Maria Knagenhjelm

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt i tillegg blir teke med i verneforskrifta, sjå også vernereglar § 3 bokstav c:

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- b. Etablering av mindre fartøysfeste for småbåt, medrekna fastfortøying og dragfortøying. Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
- c. Hausting av villlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter, med unntak for:
  - 3. fiske med andre reiskap som kan røyre botn i område som inneheld korallskog og som er merka på vernekartet.
- d. Plukking av skjell til privat bruk.
- g. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.
- h. Jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter.
- i. Alminneleg ferdsel og bruk av fjøresona, inkludert friluftsliv, bålbrekking, undervisning og beiting.
- j. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og ankring mot land for småbåt.
- o. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.

#### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

- e. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.*
- f. Småbåtanlegg, flytebrygger og fortøyingar som ikkje fell inn under § 4 bokstav b.*
- g. Bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg.*
- h. Ankring av skip eller andre fartøy større enn 15 meter utanom etablerte ankringsområde markert på vernekart .*
- i. Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane medrekna vassutskifting og straumforhold, nemneverdig.*
- j. Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båttopptrekk.*

## Fiskeri og hausting etter havressurslova

I konsekvensutgreiinga er det vurdert at marint vern i Sognefjorden vil ha positiv effekt for fiskeri og hausting regulert etter havressurslova. Dette kjem av at vernet styrkjer ivaretakinga av ressursgrunnlaget for fiskeria, særleg gytefelt, oppvekst- og beiteområde. Samtidig vil vernet medføre restriksjonar for aktivitetar som kan komme i konflikt med fiskeriinteresser som til dømes tarehausting og botntråling. Sidan desse aktivitetane ikkje føregår i fjorden i dag, og det ikkje er registrert reker i fjorden på mange år, blir konsekvensen vurdert som liten. Vurderinga er likevel med ein viss negativ effekt for framtidig hausting dersom ressursgrunnlaget skulle endre seg.

Tradisjonell låssetjing av fisk skal framleis vere tillate, noko også utgreiinga tilrår. Vernet vil gi strengare restriksjonar for andre aktivitetar som kan skape arealkonflikt med låssetjingsplassar, og dette blir vurdert som positivt for fiskeria.

Eksisterande fredingsområde for hummar blir ikkje påverka.

Fisken etter marine ressursar skal regulerast etter havressurslova innanfor ramma av verneforskrifta. Det er tilrådd eigne restriksjonar over korallområda, sjølv om KU-arbeidet ikkje har avdekket fiske med passive reiskapar der. Fiske med garn, line, teiner og ruser skal i hovudsak halde fram utan vesentleg negativ påverknad, men særlege restriksjonar blir tilrådd i KU i Solsvika dersom bruk av passive reiskapar truar korallskogen. Ei spesifisert formulering om fiskeforbod i forskrifta for areal med raudlista korallar vil sikre verneverdiane. Per i dag overlappar ikkje korallskogen med registrerte passive fiskefelt, og restriksjonane er såleis retta mot framtidig bruk.

Statsforvaltaren i Vestland er einig i vurderingane i konsekvensutgreiinga for fiskeri, der ressursgrunnlaget generelt kan få positive konsekvensar ved at gyte-, oppvekst- og beiteområde får betre vern. Forsking viser at vern kan føre til meir robuste og produktive økosystem, men dette er likevel avhengig av kor strenge reguleringane er. I område med fullstendig vern (null-fiskeområde) aukar tettleiken og storleiken på fisk og skaldyr som er direkte påverka av fiske, særleg for torsk og hummar. Effekten er også signifikant utanfor disse nullfiskeområda.

Statsforvaltaren ser argument for å innføre strengare restriksjonar for fiske med reiskap som kan medføre skade på raudlista korallskog. Vi legg opp til eit forbod, i høyringa, for eit avgrensa areal i høyringskartet for fiskereiskap som kan røyre botn, og legg det inn i forskrifta § 4 bokstav c, punkt 3. Sidan området ikkje har registrert aktivitet, jf. konsekvensutgreiinga, verken av passive eller aktive fiskereiskap vil dette neppe gå ut over dagens bruk og brukarar, men vil likevel kunne påverke framtidig bruk. Statsforvaltaren understrekar likevel at KU har svakheiter i å dokumentere omfanget av reiselivs- og friluftaktivitet i området, og vi ønskjer innspel på omfang og konsekvensar i

høyringsperioden. Sidan forskning syner at restriksjonsområde over tid kanskje kan bidra til at vaksne individ og larver spreier seg til omkringliggende område, kan det teoretisk styrke fiskeressursane også utanfor restriksjonsområdet. Høyeringa kan få fram meir kunnskap om bruk som ikkje er fanga opp i KU og eventuelle konsekvensar. Sjå også omtale i kapittelet om Ivaretaking av naturmangfald/Rekreasjon og friluftsliv og Reiseliv.

I høyeringa føreslår Statsforvaltaren å nytte ordet *tradisjonell* saman med omtalen av låssetjing av fisk, og følgjer såleis malen for slik formulering for marine verneforskrifter. Då tek vi også utgangspunkt i dagens aktivitet og bruk av området. Første ledd i havressurslova § 27 om lås- og stengsetjing, lyder slik: "*Alle som haustar med not, har rett til å fortøye slepekast i land når det skjer i rimeleg avstand frå hus der det bur folk, eller hytte som er i bruk, og utan utilbørleg fortrengele eller ulempe for andre.*" I tidlegare marine verneprosessar i Noreg er det lagt til grunn at tradisjonell låssetjing omfattar mellomlagring av notfanga villfisk i små kvanta og over korte periodar (vanlegvis frå nokre dagar til opp mot éi veke), og at dette inneber liten eller ingen påverknad på sjøbotn og vassmiljø. I den nyleg vedtekne verneforskrifta for Ytre Hardangerfjorden marine verneområde er formuleringa *oppankring mot landfeste for låssetjing av fisk* brukt. Vi ber om innspel om forslaget i forskrifta § 4 bokstav e er dekkjande nok for aktiviteten eller om den bør justerast.

Spøkelsesfiske er ei utbreidd utfordring der fiskeaktivitet går føre seg. Spøkelsesfiske skjer når tapte eller forlatne fiskereiskapar held fram med å fange fisk og andre organismar utan tilsyn. Dette fører til unødvendig død, ressurstap og skade på økosystemet. Statsforvaltaren opnar difor i verneforskrifta for at søk og opprydding av slike tapte fiskereiskap kan gå føre seg utan vurdering og behov for dispensasjon *utanom* den viktige sona med korallskog. Søk og opprydding av fiskereiskap kan medføre skade på sårbart naturmangfald dersom reiskap har ligge lenge.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt blir teke med i verneforskrifta:

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

*c) Hausting av villlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter, med unntak for:*

- 1. skjellskraping og hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.*
- 2. bruk av reiskap som slepast under fisket og i den forbindelse kan røyre botn.*
- 3. fiske med andre reiskap som kan røyre botn i område som inneheld korallskog og som er merka på vernekartet.*

*d) Plukking av skjell til privat bruk.*

*e) Tradisjonell låssetjing av fisk.*

*f) Søk og oppreinsking av tapte fiskereiskapar utanom sone med korallskog avmerkt på vernekartet.*


*g) Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.*

#### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

n) Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker.

v) Søk og oppreinsking av tapte fiskereiskap i sone med korallskog som er merka på vernekartet.



Figur 26 Kartutsnitt av vernekartet med rosa skravert areal der vi foreslår forbod mot fiskereiskap som kan røyre botn. Vi ønsker innspel i høyringa på omfanget av fiskeaktivitet som går føre seg her og kva konsekvens vårt forslag om restriksjonar vil kunne medføre. Kartarbeid: Statsforvaltaren i Vestland

## Landskapsbilete og verdsarv

Temaet landskapsbilete og verdsarv er i konsekvensutgreiinga vurdert som eit miljørelatert tema, der den samla konsekvensen av marint vern er vurdert som positiv. Utgreiinga baserer seg hovudsakleg på det visuelle inntrykket over havoverflata og tek ikkje med undersjøiske landskap i vurderinga av landskapsbiletet. Påverknaden frå marint vern er primært knytt til forbod mot installasjonar som er synlege på overflata. Dette vil til dømes gjelde restriksjonar mot nyetablering av akvakulturanlegg og utbygging av vind- eller solenergi i fjorden, noko som er vurdert til å gje ein forbetra tilstand for det visuelle inntrykket samanlikna med nullalternativet (utan vern). Marint vern vil òg styrkje vernet mot fysiske inngrep på fjordbotnen, sjølv om det undersjøiske landskapet ikkje her er vurdert som del av landskapsbiletet.

For dei eksisterande landskapsvernområda som Stølsheimen, Nærøyfjorden og Bleia-Storebotn, samt Bleia naturreservat, er landskapet på overflata allereie verna. I desse områda gjeld allereie restriksjonar mot etablering av synlege installasjonar i overflata. Difor vert etableringa av marint vern her vurdert til å ha ubetydeleg effekt eller ingen direkte ytterlegare positiv konsekvens for landskapsbiletet (på overflata) samanlikna med eksisterande vern. Det kan likevel gje auka vern for det marine naturmangfaldet, då marint vern vil t.d. hindre sprenging og boring i det undersjøiske landskapet, i desse overlappende områda.

Når det gjeld verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområdet Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, vurderer KU at etablering av marint vern vil bidra til å styrke verdsarvstatusen. Dette skjer ved at vernet styrker bevaringa av dei framragande universelle verdiane (FUV eller outstanding universal values, OUV) i området. FUV inkluderer geologiske prosessar som formar

landskapet og viktige undersjøiske geomorfologiske strukturar. Vernet sikrar òg landskapet mot visuelle inngrep i dei fjordområda som i dag manglar vern, noko som KU vurderer gjev ein positiv konsekvens for verdsarvområdet.

Utgreiinga tilrår den største geografiske avgrensinga av kandidatområdet ettersom dette alternativet inkluderer alle delområde, og etableringa av marint vern er vurdert å ha positiv verknad. Terskelområdet blir vurdert å tilføre området som heilskap større verdi for landskapsbilete ved å representere overgangen til den bratte fjordforma.

Det vert også tilrådd at marint vern bør overlape med landskapsvernområda i kandidatområdet, og at Sognefjorden marine verneområde bør ha same grense som elles, altså på to meters djup under sjøkartnull. Sjølv om vernet primært har positiv konsekvens, er det understrekt i KU at eit marint verneområde vil gje eit styrkt ivaretaking av marine område under havoverflata mot fysiske inngrep, som dumping av massar og ankring for store skip utanfor etablerte område.

Statsforvaltaren har ingen merknadar til konsekvensutgreiinga. Vi syner til heilskapen i føreslege verneforskrift.

## Mineralutvinning

I konsekvensutgreiinga er det vurdert at påverknaden som marint vern vil kunne ha på mineralutvinning i Sognefjorden er ubetydeleg, men peikar på visse framtidige utfordringar og restriksjonar. Vurderinga av konsekvensen som ubetydeleg skuldast i stor grad at det eksisterande rammeverket for mineralverksemd er så omfattande at det i stor grad vil oppfylle kriteria som marint vern vil kunne utløyse. Det er ikkje registrert førekomstar av mineralressursar for kommersiell utnytting på sjøbotnen i Sognefjorden. Uttak av skjelsand i Vestland fylke er betydeleg nasjonalt, men det finst ingen slik verksemd i utgreiingsområdet. Mineralutvinning på sjøbotnen som skjelsand, sand og grus vil ikkje bli tillate i eit marint verneområdet, men sidan det ikkje er dokumentert større førekomstar av skjelsand i området er det lite sannsynleg at dette blir relevant framover. Påverknaden for denne kategorien er såleis vurdert som ikkje relevant.

Uttak av mineralressursar på land vil i utgangspunktet ikkje bli påverka av marint vern. Graden av påverknad marint vern vil ha på eksisterande aktivitet blir vurdert til ubetydeleg. Marint vern kan likevel påverke mineralutvinning på land dersom verksemda påverkar fjordmiljøet i så stor grad at aktiviteten får ein vesentleg negativ påverknad på verneverdiane. I slike tilfelle kan naturmangfoldloven § 49 om utanforliggjande verksemd som kan medføre skade inn i verneområdet, kome til bruk. Ein viktig faktor er at sjødeponi i samband med mineralutvinning ikkje vil bli tillate i verneområdet. Dette er eit punkt som særleg kan påverke framtidig utbygging og drift knytt til mineralutvinning. For framtidig utvinning av potensielle mineralressursar er det ein moglegheit for økt saksbehandlingstid og strengare krav til utredningar for å kartlegge eventuell påverknad på verneverdiane, jamfør naturmangfoldloven § 49.

Konsekvensutgreiinga tilrår å vurdere dispensasjonsreglar for utanforliggjande verksemd som kan medføre skade inn i verneområdet. DMF (Direktoratet for mineralforvaltning) har peika på at utvinning som påverkar verneverdiane eventuelt kan vurderast ut frå generelle dispensasjonsreglar i naturmangfoldloven § 48. KU tilrår vernegrensa frå 2004 for å unngå framtidige konflikttar knytt til potensiell skjellsandutvinning utanfor terskelen i Gulen.

Statsforvaltaren er einig med vurderinga i KU om at marint vern ikkje vil påverke eksisterande eller framtidig mineralutvinning på land, med mindre mineralutvinninga har ei så stor negativ effekt på

fjordmiljøet at aktiviteten kan true verneføremålet. Statsforvaltaren er ueinig med tilrådinga i KU om å vurdere ein dispensasjonsheimel for utanforliggjande verksemd som kan medføre skade inn i verneområdet. Det er styresmakta for det aktuelle sektorlovverket for tiltaket/aktiviteten som skal vurdere dette, og i denne samanheng ta omsyn til verneverdiane slik naturmangfoldloven § 49 gir føringar om.

Statsforvaltaren visar til den generelle dispensasjonsheimelen, sjå også vernereglar § 3 bokstav c:

### **§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)**

*Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfoldloven § 48.*

## Vasskraft

I konsekvensutgreiinga er det vurdert at etableringa av marint vern vil kunne medføre noko negativ konsekvens for temaet vasskraft. Denne vurderinga gjeld primært for framtidige vasskraftprosjekt. Eksisterande vasskraftverk vil ikkje bli påverka, heller ikkje ved vilkårsrevisjon, og er dermed ikkje eit beslutningsrelevant tema i utgreiinga.

Sidan vasskraftverk i hovudsak vil liggje utanfor ei marin vernegrense, er den primære påverkmekanismen knytt til naturmangfoldloven § 49. Denne paragrafen gjeld for utanforliggjande verksemd som kan medføre skade inn i verneområdet. Påverknaden vert i KU vurdert som størst for prosjekt som ikkje har fått konsesjon enno, og tilstanden for framtidig vasskraft blir difor gradert til noko forringa. Vasskraftverk påverkar fjordmiljøet hovudsakleg gjennom endra ferskvassutslepp og gjennom deponering av massar. Ordinær drift, spesielt i form av straumproduksjon om vinteren og tidleg på våren, fører til auka utslepp av ferskvatn på andre tider av året enn i ein normal syklus. Dette kan skylje ut fiskelarver, fiskeegg, algar og andre organismar frå dei øvre vasslaga i fjorden – effektar som allereie er gjeldande i Sognefjorden. Bygging av kraftverk fører som regel også til at overskotsmassar frå til dømes tunellboring må plasserast ein ny stad. Den billigaste løysinga er oftast sjødeponi, noko som negativt påverkar fjordmiljøet. I KU er det understreka at forbod mot deponering av massar i sjø under bygging av kraftverk vil påverke kraftprosjekt negativt. Sjølv om marint vern truleg ikkje vil føre til avslag på ein konsesjonssøknad, vil vernet av fjorden likevel kunne føre til strengare vilkår for både drifts- og anleggsfasen for nye vasskraftverk ved Sognefjorden. Marint vern ikkje vil føre til strengare krav til sjølve konsekvensutgreiingane for nye anlegg, sidan det gjeldande juridiske rammeverket allereie er dekkande for slike vurderingar. Vernet av Sognefjorden vil truleg bidra til å forsterke krav til eit vassføringsregime (spesielt minstevassføring om vinteren og tidleg på våren) som reduserer negativ påverknad på det marine miljøet, jamfør naturmangfoldloven § 49.

Skjolddal-utvalet, det rådgjevande utvalet for marin verneplan, understreka allereie i 2004 at ein må vere varsam med utbygging av vasskraft i verneområde i vernekategori Fjord (som Sognefjorden er klassifisert som).

Statsforvaltaren er einig med vurderinga i KU om at vasskraft påverkar fjordmiljøet. Det er vanskeleg å få oversikt over den samla belastning på økosystemet som både enkelte fjordar, men også Sognefjorden som heilskap har hatt av det store omfanget av vasskraftutbyggingar. Statsforvaltaren legg til grunn at det framleis vil bli bygd ut vasskraft framover, gitt dei politiske rammene sett i

Stortinget. Ved å gjere vurderingar etter naturmangfoldloven § 49 vil konsesjonsmyndigheitene få verdifulle innspel til kunnskapsinnhenting og vilkårssetting for slik å ta heilskapleg omsyn til fjordøkosystemet. Naturmangfoldloven § 49 har ein føresegn om verksemd utanfor vernegrensa som kan medføre skade inne i eit verneområde. Kan verksemd som treng løyve etter anna lov, innverke på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane tilleggjast vekt ved avgjerda av om løyve bør givast, samt ved fastsetjing av vilkår. Døme på slik verksemd kan vere kraftutbygging. Det er forvaltningsorganet for det aktuelle regelverket, dvs. vedkommande sektormynde, som har plikt til å leggje vekt på desse omsyna i skjønnsutøvinga si. Framlegget til verneforskrift inkluderer forbod mot sprenging og boring innanfor vernegrensa, så forskrifta vil regulere framtidige dykka utslepp innanfor vernegrensa, med mindre konsesjon er gitt til dette allereie. Også plassering av massar i det marine miljøet vil bli regulert av verneforskrifta med mindre konsesjon er gitt også i slike saker. Sjå ytterlegare omtale av naturmangfoldloven § 49 i høyringsdokumentet. Statsforvaltaren registrerer at Skjolddal-utvalet si tilråding om å vere tilbakehaldne med utbygging av vasskraft i vernekategori fjord ikkje har blitt vektlagt i avgjerande grad.

På bakgrunn av dette viser Statsforvaltaren også her til vernereglane § 3 bokstav c.

For vernereglar knytt til energi, kablar og røyr, sjå kapittel lengre ned i høyringsdokumentet.

## Akvakultur

I konsekvensutgreiinga kjem det fram at innføring av marint vern i Sognefjorden har middels negativ konsekvens for akvakulturnæringa som heilskap. Denne negative vurderinga er i hovudsak grunngeve med at vernet legg avgrensingar på framtidig utvikling av merdbasert oppdrett i sjø. Det er lagt vekt på at innføring av marint vern ikkje vil vere til hinder for drift av eksisterande anlegg i sjø, dette gjeld primært anlegga utanfor nasjonal laksefjord. Drift av eksisterande anlegg skal halde fram innanfor rammene av gjeldande løyve, også i eit marint verneområde. Akvakulturnæringa har stor samfunnsmessig verdi i Sognefjorden, med vekt på sysselsetting og verdiskaping.

For nye anlegg, flytting eller auke i biomasse må tiltakshavar søkje om dispensasjon, jf. føringane gitt i utgreiingsprogrammet. Sjølv om dispensasjon kan bli vurdert (dersom tiltaket ikkje strir mot verneføremålet), vurderer KU at oppretting av marint vern vil medføre eit snevrare utviklingsrom for merdbasert oppdrett i sjø. Dette kan skje anten gjennom avslag på søknader fordi dei strir mot verneføremålet, eller med dispensasjon der forvaltningsstyresmakta kan setje kostnadskrevjande vilkår. Landbaserte anlegg vil òg få ein meir omfattande saksgang ved endringar på grunn av inntak og utslepp av sjøvatn. I KU står det vidare at akvakultur som næring er rekna som den viktigaste kjelda til auka næringstilførsel i fjorden og er ein av dei største truslane mot villaks.

Havbeite er vurdert i utgreiingsprogrammet og i KU som uforeinleg med verneføremålet. For å oppnå målet om å vere mest mogleg urørt frå økologisk og genetisk påverknad vil såleis ikkje havbeite bli tillate. Sidan det ikkje er havbeite i fjorden i dag vurderer KU at konsekvensane vil vere ubetydelege.

Det er fleire tilrådingar i KU for akvakultur, som at vernegrensa bør trekkjast ut i god avstand frå eksisterande anlegg i sjø og frå landanlegg der det blir pumpa opp djupvatn og der flåtar er forankra. Framtidig oppdrett av lågtrofiske artar (som tare eller blåskjel) er i KU vurdert å vere mindre i strid med verneføremålet dersom anlegga ikkje medfører fysiske inngrep. Det er understrekt at akvakultur er søknadspiktig, både etter sektorlovverk og etter verneforskrifta dersom tiltaket er planlagt i eit verneområde. Det er tilrådd i KU å vurdere Lustrafjorden som ein oppdrettsfri

referansefjord fordi Lustrafjorden ligg langt unna noverande akvakultur og har lite inngrep frå industri osv. Med ein referansefjord vil ein kunne samanlikne denne med andre fjordsystem der det er etablert havbruk, og vurdere endringar som følgje av akvakulturdrifta.

Temaet avlusing av laksefisk med bruk av medikamentell lusebehandling er ikkje omtalt eller vurdert i konsekvensutgreiinga.

Statsforvaltaren er einig i slutningane i konsekvensutgreiinga om at marint vern ikkje vil påverke eksisterande anlegg og drift av akvakulturanlegg nemneverdig i Sognefjorden. Utviding og flytting av eksisterande anlegg omfattast ikkje av unntaket i § 4 i forslaget til verneforskrift, men det kan søkast om dispensasjon etter den spesifiserte dispensasjonsregelen om akvakultur i § 5, sjå nedanfor. I arbeid med nytt vern legg vi slik vekt på dagens bruk. Sidan temaet avlusing ikkje er omtalt i konsekvensutgreiinga kan marint vern likevel ha ein viss påverknad. Fordi det i marine verneområde er forbode med utslepp av konsentrert ureining vurderer Statsforvaltaren at det vil vere problematisk å *ikkje* regulere utslepp av kjemikaliar/medikament som kan medføre skade på naturmiljøet. Sidan det er fleire ulike måtar å handsame lakselus på oppdrettsfisk (sjå kap. 4.2 Akvakultur) vurderer vi at forslaget i verneforskrifta med å forby utslepp av medikament ikkje vil ha større konsekvens på dagens akvakulturdrift. For å presisere dette i verneforskrifta foreslår Statsforvaltaren forbod mot utslepp av lusemiddel frå brønnbåt i § 3 bokstav c. Utslepp av lusemiddel frå brønnbåt reknast ikkje som drift og vedlikehald som det er unntak for i § 4 bokstav n. Samstundes forslår vi ei opning i forskrifta for at det kan søkjast om dispensasjon. Sidan det er mange andre, ikkje-medikamentelle metodar for lusebehandling i utvikling, vil eit marint vern såleis kunne bidra til å redusere omfanget av farlege stoff til miljøet.

Forskriftene for alle marine verneområde som er vedteke frå og med 2020 har ein spesifisert dispensasjonsregel om akvakultur. Ved sluttbehandlinga av ni marine verneområde som vart oppretta i juni 2020, vart det tatt inn en spesifisert dispensasjonsheimel for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Klima- og miljødepartementet viste til at akvakultur er ei næring i rask utvikling, og at det i framtida kan være mogleg at akvakultur kan foreinast med verneformålet i område der dette ikkje er aktuelt i dag. Omgrepet "akvakultur" omfattar mellom anna fiskeoppdrett, skjeldyrking/-oppdrett og tang- og tare dyrking. Det omfattar og "fangstbasert akvakultur" (levandelagring av villfanga fisk i over 12 veker med fôring).

Ved dispensasjonshandsaming vil den aktuelle verksemda som søker kunne vise til at andre metodar først er vurdert. Deretter kan innhenting av til dømes straummodelleringar syne om utslepp vil være problematisk for sårbart naturmangfald i det enkelte delområdet. Faktorar som til dømes temperaturen i fjordvatnet vil kunne medverke til om kjemikaliar fell til botn og påverkar korallar eller blir utvatna i sjikt lengre opp i vassmassane. Statsforvaltaren ønskjer meir kunnskap og ber spesielt om innspel i høyringa om temaet lusemiddel, dagens praksis og framtidige metodikk.

Statsforvaltaren deler vurderingane i KU om at potensielle framtidige, nye akvakulturlokalitetar i Sognefjorden skal bli regulert gjennom ei verneforskrift, i tillegg til anna regelverk. Med regulering av framtidig utvikling vil styresmaktene betre kunne ivareta både det unike marine naturmangfaldet i fjorden, men også sikre kvaliteten og overvakinga av vassførekomstane. Akvakulturnæringa er rekna som ein av dei største påverkingsfaktorane på naturmangfald og den viktigaste kjelda til auka næringstilførsel (eutrofiering) til norske havområde generelt (for referansar, sjå KU). Utslepp frå næringa, inkludert nitrogen og fosfor, har auka mest av dei menneskelege påverknadsfaktorane i

Sogn og Fjordane i perioden frå 1990 til 2022. Dette utsleppet er medverkande til reduksjonen av oksygen i fjordens djupe vassmassar og i terskelfjordar.



*Figur 27 Biletet syner lokaliteten for akvakultur utanfor Måren i Høyanger kommune i delområde Ytre Sognefjorden, som i KU er vurdert til svært stor verdi for akvakultur. Foto: Maria Knagenhjelm*

Den mest kritiske årsaka til regulering av nye akvakulturlokalitetar i dag er omsynet til anadrom laksefisk. Lakseoppdrett er den største påverkingsfaktoren i sjø for anadrom laksefisk, og vurdert som ein av dei største truslane mot villaks (som er kategorisert som nær trua på raudlista) i Noreg. Sidan laks frå dei indre fjordområda må vandre gjennom område med oppdrett, vil restriksjonar på nye etableringar og utviding av anlegg kunne redusere fleire negative påverknadar på vandrainga til villaksen. Vidare kan utslepp frå akvakultur true både raudlista korallartar og naturtypar som hardbotnskorallskog, noko som er særleg relevant for det marine vernet.

Statsforvaltaren ser at det vil kunne vere konfliktdempande å trekke vernegrensa i høyringsforslaget utanfor enkelte stader der det er spesielt stor verdiskaping og sysselsetting. Statsforvaltaren foreslår difor ei alternativ vernegrense utanfor Fuglsetfjorden spesielt av omsyn til akvakulturnæringa. Fuglsetfjorden er ein avgrensa fjordarm med omfattande produksjon av fisk og har blitt vurdert til svært stor verdi i KU for produksjonen av matfisk med fem lokalitetar i sjø. Ved å foreslå ei vernegrense ved utløpet av fjorden vurderer vi at det vil gje rom for akvakulturnæringa å flytte og endre anlegg utan å ta omsyn til vern der. Sjå også omtale av Fuglsetfjorden under kapittel 5.3 Geografisk avgrensing. Der er skildra kva naturkvalitetar fjorden har som potensielt vil kunne hamne utanfor vernegrensa dersom den alternative (gule) grensa blir tilrådd etter høyringa. Fleire akvakulturanlegg ligg innanfor foreslått marint verneområde i hovudfjorden og andre sidefjordar, også om vi eventuelt utelet Fuglsetfjorden. Vi vurderer, i høyringsforslaget, at disse lokalitetane skal inkluderas i vernet. Dersom vi foreslår å grense ut alle akvakulturanlegg i verneforslaget vil dette medføre ein større reduksjon av verneareal og verneverdiar, medrekna variasjon i naturmangfald. På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt blir teke med i verneforskrifta:

### **§ 3. (Vernereglar)**

*I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande vernereglar gjeld:*

c) *Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, opplag av skip, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn, utslepp av lusemiddel frå brønnbåt og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar, mudring, graving, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode.*

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

n) *Drift og vedlikehald av eksisterande akvakulturanlegg.*

#### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

m) *Endringar som gjeld drift, teknologi eller posisjon for akvakulturanlegg med fortøyningar og som ikkje er i strid med verneføremålet.*

m) *Akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet med unntak for*

*a. akvakultur i referanseområdet Lustrafjorden jamfør vernekartet.*

s) *Utslepp av lusemiddel frå brønnbåt.*

### **Energi, linjer og kablar**

Konsekvensutgreiinga omtalar energi, linjer og kablar som kritisk infrastruktur med svært høg samfunnsnytte og verdi. Dette temaet inkluderer sjøkablar for elektrisitet og nettverk, samt røyr gater og avløpsrøyr for overflatevatn og kloakk. Det er større prosjekt med legging av kablar i Sognefjorden i dag, både for landstraum til cruise, for energiframføring i sjø etter vasskraftutbygging og som luftspenn. Den samla konsekvensen for temaet er vurdert som ubetydeleg.

KU visar til utgreiingsprogrammet, der det er understrekt at ved etablering av marint verneområde allereie er avklart at alle eksisterande anlegg skal bestå slik dei er i dag. Dette underbyggjer at drift, vedlikehald og inspeksjon av eksisterande sjøkablar og røyr ikkje blir påverka av vernet. Nye kraftlinjer i luftspenn over fjorden vil heller ikkje bli påverka av ei verneforskrift. KU legg til grunn at nye sjøkablar og utskifting av eksisterande kablar kan få løyve dersom det ikkje strir mot verneføremålet, og det er tilrådd at nye kablar bør leggest i eksisterande korridorar for sjøkablar dersom slike finst frå før. KU legg vidare til grunn at nye anlegg for utslepp til sjø (som kloakk) i utgangspunktet skal bli regulert gjennom dispensasjon basert på reinsegrad, storleik og påverkjingsgrad.

For framtidige energikjelder som flytande solcelleanlegg og varmeutvekslingsanlegg (som hentar eller nyttar vatn utanfor -2 meters djupne), legg utgreiinga til grunn at disse vil bli omfatta av verneforskrifta, noko som vil krevje at tiltakshavar må søkje om dispensasjon for etablering. KU legg vekt på at både varmevekslingsanlegg og flytande solcelleanlegg kan vere framtidige energikjelder med stort potensial.

Statsforvaltaren er einig med vurderingane i KU at energi, linjer og kablar vert rekna som kritisk infrastruktur med høg samfunnsnytte. Verneforskrifta må difor ta høgde for kritisk infrastruktur, og samfunnsnytta i slike prosjekt tilseier at dispensasjon frå verneforskrifta vil bli praktisert av ei

framtidig forvaltningsstyresmakt under føresetnad av at tiltaket vert tilpassa naturverdiene i verneområdet. Statsforvaltaren erfarer at verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde manglar ein dispensasjonsheimel for utslepp av reinsa kloakk i samsvar med gjeldande regelverk, og at det ikkje er optimalt å handsame slike sakar etter naturmangfoldloven § 48. I marine verneområde der det er busetting må slike heimlar vere på plass i verneforskrifta, men det er forureiningsregelverket som legg føringane for kva reinsegrad kloakken må ha før den kan sleppast ut. Tilstanden til vassførekomsten vert tillagt vekt i slike saker.

Statsforvaltaren er ueinig med tilrådinga i KU når det gjeld å ha ein eigen dispensasjonsheimel i verneforskrifta for framtidig energiutnytting som flytande solcelleanlegg eller varmevekslingsanlegg. Dette er tiltak som vil kunne påverke verneverdiar negativt, og ein slik dispensasjonsregel er ikkje teke med i forskriftene for andre føreslegne eller vedtekne marine verneområde heller. Vi har ikkje oppfatta at det er konkrete planar om slike anlegg i dag. Høyringsforslaget vårt er såleis ulikt tilrådinga i KU på dette punktet. Søknad om andre type anlegg, som legging av kabel til fjordvarme, vil forvaltningsstyresmakta kunne vurdere under § 5 bokstav b.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt i tillegg blir teke med i verneforskrifta, sjå også vernereglar § 3 bokstav c:

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

- m) Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.*
- o) Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.*
- q) Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.*

#### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

- b) Legging av kablar og rørleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.*
- c) Oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.*
- d) Legging av nye avløpsleidningar og utslepp av avløp.*

#### **Marin samferdsel og cruise**

Marin samferdsel og cruise er i konsekvensutgreiinga vurdert til å ha stor samfunnsinteresse og svært stor verdi i mange delområde i Sognefjorden. Dette fordi fjorden er ei kritisk transportåre for næringsliv, persontransport inkludert ferjer og hurtigbåtar, samt for fjordbasert reiseliv. Den samla konsekvensen av marint vern for dette temaet er i KU vurdert som middels negativ, og etablering av verneområdet slik den geografiske avgrensinga er i utgreiingsområdet (viktig presisering: dette gjeld kartet i oppstartsmeldinga, ikkje i forslaget til vernekart), er forventa å føre til ein noko forringa til forringa tilstand for marin samferdsel. Dette skuldast hovudsakleg dårlegare vilkår for etablering av ny infrastruktur og utbygging i hamneområde innanfor ei vernegrense, og at det vidare berre er opna for direkte vedlikehald for eksisterande kaiarlegg og hamner.

For tiltak som utfylling i sjø, mudring, deponering av masse og sprenging vil dette bli avgrensa i eit verneområde, jf. utgreiingsprogrammet, noko det i KU blir vurdert vil kunne føre til negative konsekvensar for marin samferdsel. Restriksjonar mot oppankring for skip større enn 15 meter er også vurdert i KU vil kunne medføre negativ konsekvens for skipstrafikken, sjølv om etablerte ankringsområde blir vidareført i eit marint verneområde. Marint vern kan, jf. KU, i tillegg føre til strengare krav til handsaming av kloakk og gråvatn for ferjer og hurtigbåtar, noko som på sikt kan krevje ombygging av eldre fartøy. For opplag av skip, slik som til dømes då det låg fem skip i Vetlefjorden under koronapandemien, vert det tilrådd i KU at slike opplag ikkje bør vere lov i det marine verneområdet. Tilrådinga er gitt grunna fare for forureining, forfall og auka risiko for uhell fordi skipa er ubemanna i lengre tid.


I konsekvensutgreiinga blir det tilrådd å trekkje vernegrensa utanfor tettstadar og viktige hamneområde, og at forskrifta bør opne for mogelegheit for å søkje om dispensasjon for oppføring av nye navigasjonsinstallasjonar som er naudsynte for trygg ferdsel til sjøs. Kunnskapsgrunnlaget for temaet marin trafikk og cruise er vurdert som godt og tilstrekkeleg for konsekvensvurderinga.

Statsforvaltaren er einige i hovudslutningane i KU om verdi og konsekvensvurdering for temaet marin samferdsel og cruise, og forventa negative konsekvensar når utgreiingsområdet inkluderte heile Sognefjorden med hamner og tilsvarande infrastruktur. Statsforvaltaren har likevel, frå tidleg i verneprosessen, vore tydeleg på at vernegrensa vil bli trekt vekk frå hamnar, kaier og tettstadar der det går føre seg aktivitet av stor samfunnsmessig betydning. Forslaget til vernekartet synar at vernegrensa no er føreslege i god avstand frå slik infrastruktur. Statsforvaltaren vurderer med det at dei negative konsekvensane er vesentleg redusert.

I forslag til verneforskrift er det forbod mot utslepp av avløpsvatn, noko som også vil gjelde for marin samferdsel og cruise. Dette er allereie innført i både verdsarvfjordane og i Oslofjorden. I Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden er det forbod mot utslepp av avløp frå skip med bruttotonnasje 400 eller meir. Kloakk må leverast til godkjent mottak på land, alternativt stenger skipet tanken mens det er i forbodsona og opnar tankane att når det har forlete området. Forslaget til verneforskrift inkluderer eit forbod mot utføring av avløpsvatn. Dei fleste større skip, særleg cruiseskip som går internasjonalt, har i dag reinsanlegg om bord. Disse slepp difor vanlegvis ikkje ut ubehandla gråvatn eller svartvatn direkte til sjøen. Skip som ikkje går internasjonalt har ikkje same strenge krav, og Statsforvaltaren ønskjer difor innspel på omfang, konsekvensar og generelle innspel på temaet. Vi er usikre på om det til dømes er infrastruktur lokalt og regionalt for å kunne ta i mot slam i hamnar. Vi er også usikre på om tankane i eksisterande skip, anten det er lasteskip som kjem til Årdal og Høyanger, eller på mindre skip i lokal/regional turist- eller samferdsleaktivitet er store nok til å anten reinse utslepp på høg standard eller halde tanken tett i verneområdet. Vi foreslår difor eit generelt forbod mot utslepp av kloakk frå skip i det marine verneområdet, men legg til ein dispensasjonsheimel i forslaget for utslepp av avløp frå lokal skipstrafikk dersom det ikkje finst anlegg for å samle opp og ta i mot slam i dag. Statsforvaltaren ønskjer innspel på dette i høyringsperioden.

Statsforvaltaren ser argument for at ankring burde vere lov i heile verneområdet unnateke der det er spesielt viktig naturmangfald. Verneforslaget baserer seg likevel på at det blir forbode med oppankring i heile verneområdet unnateke der det er avsette og etablerte ankringsområde. Grunngevinga er at det rett og slett er for mangelfull kunnskap om avgrensinga og lokalitetane for sårbart naturmangfald og at dagens bruk speglar desse etablerte ankringsområda. Nyleg vart det oppdaga korallrev i Geirangerfjorden, og kartlegginga av Sognefjorden er ikkje heildekkande. Om

Statsforvaltaren hadde opna for ankring i heile fjorden ville vernet ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til føre-var prinsippet. Med ein dispensasjonsheimel for oppankring utanfor etablerte ankringsområde for skip større enn 15 meter vurderer Statsforvaltaren likevel at forvaltningsmyndigheita vil kunne vurdere enkeltsøknadar opp mot kunnskapsgrunnlaget og botnforholda i det konkrete området, og eventuelt kunne samle ny kunnskap til eit betre kunnskapsgrunnlag. Det er viktig å presisere at forbodet mot oppankring ikkje gjeld småbåt, altså båtar under 15 meter, slik at det ikkje blir tilsvarande restriksjonar på ankring for småskala ferdsel og dermed for friluftslivet. Statsforvaltaren forstår omgrepet båt i hovudsak som mindre fartøy, vanlegvis under 15 meter, mens skip i hovudsak er større fartøy over 15 meter. Vi foreslår difor i verneforskrifta at § 5 bokstav h at omgrepet skip blir brukt i samanheng med ankring sidan båtar under 15 meter ikkje får forslag om slike restriksjonar.



*Figur 28 I ulike delområde av Sognefjorden går det både reiselivsrelatert og samferdselsrelatert båttrafikk. Det er ikkje alltid så lett å skilje cruise frå lokaltrafikk. Her er verdas første fullelektriske nullutslepps passasjerskip Future of The Fjords som går mellom Gudvangen og Flåm. Foto: Halvor Røssum*

Statsforvaltaren er einig i vurderingane i KU om at opplag av skip i Vetlefjorden kan medføre fare for marine verneverdiar, og legg i lys av verneføremålet opp til forbod mot slike langvarige lagringsopphald i det marine verneområdet som hovudregel. For å likevel kunne ta høgde for at det er ein eksisterande bruk, riktig nok med års mellomrom, og dagens tilrettelegging av Vetlefjorden for langtidsopplag av skip i dag, vurderer Statsforvaltaren likevel å foreslå ein dispensasjonsheimel for opplag av skip. Slik kan framtidig forvaltningsstyresmakt vurdere den enkelte sak om slike behov kjem i framtida.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt blir teke med i verneforskrifta:

### § 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande vernereglar gjeld:

c) Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, opplag av skip, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, mudring, graving, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode.

### § 4. (Generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

b. Å etablere mindre fartøysfeste for småbåt, medrekna fastfortøying og dragfortøying. Fortøyingmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.

j. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og ankring mot land for småbåt.

k. Ankring i etablerte ankringsområde markert på vernekart.

l. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.

o. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.

### § 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

a. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs.

f. Småbåtanlegg, flytebrygger og fortøyingar som ikkje fell inn under § 4 bokstav b.

g. Bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg.

h. Ankring av skip eller andre fartøy større enn 15 meter utanom etablerte ankringsområde markert på vernekart.

j. Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båttopptrekk.

t. Opplag av skip i Vetlefjorden.

w. Utslepp av avløpsvatn frå lokal skipstrafikk.

### Massar i sjø

Temaet omfattar utfyllingar, deponering av overskotsmassar frå til dømes tunnelar og kraftverk, mudringsmassar, samt ras- og snøskredmassar. I konsekvensutgreiinga er dette vurdert deskriptivt fordi det manglar eit samla kunnskapsgrunnlag. Den samla konsekvensen av marint vern er vurdert som stor negativ, då vernet vil innføre restriksjonar innanfor vernegrensa på inngrep som kan vere viktige for framtidig samfunnsutvikling og infrastruktur. Det blir i KU lagt særleg vekt på

vernerestriksjonar som forbod mot deponering og utfylling, i tråd med utgreiingsprogrammet. Dette inneber at utbygging av vegar, kaier og nye bruer, som også kan påverke marine verneverdiar som vassutskifting og straumforhold, er i KU vurdert til å ikkje kunne gjennomførast. Det er forventa at dette såleis vil få negative konsekvensar for både næringsliv og lokalbefolkning, gitt at grensa ikkje endrast.

Vernet kan òg kome i konflikt med framtidige prosjekt som genererer overskotsmassar. Massar frå tunnelbygging må til dømes deponerast på land, noko som er meir kostnads- og tidkrevjande enn dumping i sjø. Samfunnsutviklingstiltak som naudsynte utbetringar av veganlegg eller bygging av bruer vil bli avgrensa når det gjeld dumping av massar og sprenging i sjø.

Sognefjorden har mange skredutsette vegstrekningar der rasmassar ned på ferdselsårene i dag ofte vert brøyta i sjøen for å opne vegen raskast mogleg. Eit forbod mot slik rydding viss det går ei vernegrense i sjø utanfor rasområdet kan få store konsekvensar, til dømes ved å forseinke naudetatar og den generelle trafikken. Gjeldande praksis med snødumping i sjø kan òg bli påverka.

I konsekvensutgreiinga er vernealternativet med minst areal vurdert som optimalt for temaet, sidan det gir minst konflikt. For å redusere negative konsekvensar for utvikling av lokalsamfunn og industri er det tilrådd i KU å trekkje vernegrensa lengre ut enn to meter under sjøkartnull utanfor tettstadar og viktige hamneområde. Det blir òg tilrådd å opne for dispensasjon til bruk av tunnelmassar ved samfunnsnyttige tiltak i andre område dersom tiltakshavar kan dokumentere at tiltaket ikkje fører til nemneverdig forringing av verneverdiane. Vidare er det tilrådd i konsekvensutgreiinga å opne for dispensasjon for snødumping i sjø i særlege tilfelle, som ved svært store snøfall, men at dette må skje etter godkjenning i samsvar med forureiningslova og under strenge kriterium.

Statsforvaltaren er i hovudsak einig med slutningane i konsekvensutgreiinga. For temaet massar i sjø vil det marine vernet kunne ha fått store, negative konsekvensar slik utgreiingsområdet har vore avgrensinga i oppstartsmeldinga. Det har vore lett og rimeleg fram til no å fylle massar i sjø for å utvide tettstadar, lage kaier, industriområde, vegar osv., eller for å bli kvitt massar som eit overskotsprodukt etter tunell- eller vasskraftutbygging. Bruken og aktiviteten har vore prioritert i samfunnsutviklinga. Det har likevel ført til mykje nedbygd marin natur og bortfall av økosystemtenester. I høyringsforslaget vil Statsforvaltaren trekke vernegrensa vekk frå etablerte tettstadar og industriområde for å gje rom til vidare samfunnsutvikling der det allereie er stor aktivitet og reduserte verneverdiar. Slik vurderer Statsforvaltaren at dei negative konsekvensane av marint vern vil bli redusert for temaet. For tettstaden Lærdal foreslår Statsforvaltaren to alternative verneområdegrenser der det raude alternativet går tett på land, også med privat eigedom, fordi det er store naturverdiar der.

For å redusere dei negative konsekvensane i temaet massar foreslår Statsforvaltaren eit generelt unntak i verneforskrifta for dumping av massar til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred. Slik kan ein sikre rask opning av vegar utan å bli forhindra av det generelle forbodet mot dumping. Det er då eit vilkår i formuleringa i forskrifta at dumpinga skal skje så nært ras- eller skredstaden som mogleg, noko som skjer i praksis. Vi foreslår også at forvaltningsstyresmakta skal varslast så snart som mogleg etter slik rydding til sjø. Sidan det ofte raser stein, snø og lausmassar ned på vegane på dei same punkta er sjøbotnen utanfor vegen uansett prega av denne naturlege geologiske utviklinga i landskapet både over og under vatn. Sjå meir i kapittel 4.4. Statsforvaltaren vil

ha innspel i høyringa på om det heller bør vere ein spesifisert dispensasjonsheimel i forskrifta for dumping av rasmassar i fjorden i samband med rydding av ras og skred over veg.

Statsforvaltaren er ueinig med vurderingane i KU om å leggje inn ein dispensasjonsheimel i forskrifta for dumping av tunnelmassar i det marine verneområdet. Vi vil heller vise til dispensasjonsheimelen i naturmangfoldloven § 48. Sjå nærare omtale i innleiinga til kapittel 5.4.

Statsforvaltaren ser argument for å ha ein dispensasjonsheimel for dumping av snø. Det er praksis i dag ved store snøfall til dømes i Sogndal og i Balestrand å kvitte seg med dette på fjorden.



*Figur 29 Det har i fleire år vore praksis å dumpe snø i fjorden i Sogndal sentrum. Slike sakar må bli vurdert av forureiningsmyndighetene. Foto: Kyrre Fedje/Sogn Avis*

Dumping av snø kan innehalde fleire stoff som er skadelege eller er til ulempe for miljøet, som oppvirvling av sediment, nedslamming og visuell forureining frå plast osv. Ved å opne for dispensasjon vil det bli lagt strenge kriterium til grunn, men kan vere aktuelt ved veldig store snøfall og der lagring på land er vanskeleg grunna topografi eller busetnad. Dersom dispensasjon vert vurdert, kan tømning i sjø berre skje etter godkjenning i samsvar med forureiningslova og andre relevante forskrifter og lover, inkludert naturmangfoldlova, lakse- og innlandsfiskelova, kulturminnelova og hamne- og farvasslova. Statsforvaltaren sitt forslag til vernegrense går eit stykke utanfor dampskipskaien i Sogndal, og dumping av snø her vil derfor ikkje bli regulert av verneforskrifta. Vi viser elles til omtale ovanfor av naturmangfoldloven § 49 om utanforliggjande verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt i tillegg blir teke med i verneforskrifta, sjå også vernereglar § 3 bokstav c og § 6:

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

- o) Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretingar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.*
- p) Dumping av massar til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred. Dumping skal skje direkte utanfor eller så nær ras- eller skredstaden som mogleg, og forvaltingsstyresmakta skal varslast så snart som mogleg.*

### **§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

- i) Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane medrekna vassutskifting og straumforhold nemneverdig.*
- j) Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk.*
- r) Dumping av snø.*

### **Reiseliv**

Sidan Sognefjorden er ein svært populær reisedestinasjon, er reiseliv ei stor næring som gjev grunnlag for arbeidsplassar, busetjing og utvikling i andre næringar. I konsekvensutgreiinga er reiseliv vurdert deskriptivt som eit samfunnstema. Kunnskapsgrunnlaget for reiseliv er i KU vurdert som mangelfullt og lite samanfatta, og på grunn av lite tilgjengeleg kunnskap er det i KU vurdert som lite beslutningsrelevant å utgreie dagens tilstand og effektane av vern på reiseliv. Reiseliv er likevel vurdert i KU til å ha stor verdi i utgreiingsområdet. Basert på den skildrande vurderinga er det skrive i utgreiinga at etableringa av marint vern i Sognefjorden ikkje vil medføre endringar av betydning for reiselivsnæringa, og den samla konsekvensen for reiseliv vert vurdert som positiv eller ubetydeleg.


I konsekvensutgreiinga kjem det fram at marint vern kan ha ein positiv effekt ved å avgrense annan menneskeleg aktivitet som kan skade naturverdiane som reiselivet er avhengig av. Dette bidreg til å beskytte det marine miljøet og styrkje det biologiske mangfaldet, slik som beiteområde for sjøfugl, noko som aukar verdien og omfanget av naturopplevingane. Aktivitetar knytte til reiseliv, som til dømes padling, dykking, roing, bading, fritidsfiske og turopplevingar langs fjorden, vert forventa å bli meir attraktive. I KU er det vidare lagt vekt på at turist- og fritidsfiske nyttar passive fiskereiskapar og vil difor kunne halde fram under eksisterande lovverk, men det er likevel tilrådd restriksjonar på fiske med reiskap som kan påverke sårbare korallskogar.

Konsekvensanalysen opnar for at det likevel kan oppstå enkelte indirekte, negative effektar for reiselivet, særleg gjennom restriksjonar på tiltak som inneber utfylling i sjø. Dette kan gjelde til dømes etablering av småbåthamner og moloar. Den samfunnsmessige interessa for å oppretthalde og etablere slike anlegg vert vurdert i KU som svært stor. Dersom småbåthamner vert inkluderte innanfor vernegrensa, er det sannsynleg at det vil føre til mange dispensasjonssøknader for tiltak. På den andre sida kan det å inkludere småbåthamner i det marine verneområdet gje moglegheit til å søkje støtte for miljøtiltak for å ivareta naturverdiane i verneområda. Av omsyn til samfunnsmessige interesser tilrår utgreiinga at vernegrensene blir trekte utanfor etablerte og planlagde småbåthamner, tettstadar og industri. Dette for å unngå negative konsekvensar for utviklinga av lokalsamfunn og industri. Vidare vert det tilrådd at det vert innarbeidd dispensasjonsreglar for flytebrygger og fortøyingar. Veldig mange tema omtalt i KU kan bli relatert til reiselivet.

Statsforvaltaren er einige i hovudslutningane om verdi og konsekvensvurdering for temaet reiseliv. Forsking viser i tillegg at reiseliv i område som nyttar ein naturvernstatus i si marknadsføring kan få ytterlegare positive konsekvensar. Turistar etterspør opplevingar som er «ekte» og miljøvennlege, og er villige til å betale meir for dette. Dersom eit marint vern medfører betre rammar for villfisken sitt livsløp med til dømes meir fisk og meir fugl, betre vern av intakte landskapsbilete, osb., kan det også auke verdien fjorden har for reise- og friluftslivet. Statsforvaltaren vil understreke at temaet reiseliv og friluftsliv har mange av dei same verdiane og konsekvensane, i tillegg til at det overlappar noko med temaet naturmangfald.

I Fjærland blir det jobba med eit opplevingssenter/reiselivsattraksjon under namnet Fjordviten (tidlegare kjent som Marheim), der føremålet er å formidle kunnskap om fjord og hav. Eit framtidig bygg var på eit tidspunkt planlagt etablert delvis på sjøbotn utanfor Mundal sentrum.

Statsforvaltaren ønskjer innspel i verneprosessen på status på arbeidet med Fjordviten, mogleg plassering, eventuelle avklaringar i plan og anna relevant informasjon som kan bli relatert til den marine verneområdegrensa.



Figur 30 Skisse saksa frå presentasjon om Fjordviten i Fjærland. Kjelde: [PowerPoint presentation på nett](#).

Omtale av ferdsel med (små-)båt og småbåthamner er omtalt under temaet friluftsliv. Ankring med båt eller andre fartøy større enn 15 meter er omtalt under temaet marin samferdsel, det same er cruise. Fritidsfiske er vurdert under temaet Friluftsliv og rekreasjon. Vi viser til desse tema for omtale av aktuelle vernereglar.

## Forsvarsinteresser

Forsvarsinteresser fekk ei skildrande vurdering i konsekvensutgreiinga, med noko verdi for utgreiingsområdet under eitt. Kartlegginga av forsvarsinteresser har inkludert offentleg tilgjengeleg data om maritim infrastruktur, dumpfelt i sjø, skyte- og øvingsfelt, militære forbodsområde og militær øvingsaktivitet. I KU er det vurdert at marint vern ikkje vesentleg vil påverke forsvarsinteressene, og såleis får ubetydeleg konsekvens. Det er avgjerande at tiltak for marint vern ikkje svekkjer nasjonal tryggleik eller operativ beredskap. Forsvaret er avhengig av å ha tilgang til øvings- og treningsområde. Militære øvingar, som Arctic Dolphin, blir ikkje påverka sidan slike øvingar i Sognefjorden ikkje inkluderer sprenging eller dumping, noko KU og kunnskapsinnhentinga i verneprosessen har avklart med forsvaret.

Sognefjorden har to større dumpfelt for ammunisjon som vart nytta etter andre verdskrig. Ved aktivitet over desse dumpfelte kan forureining spreie seg over større areal. Desse felte vil såleis bli betre beskytta med marint vern mot arealkonfliktar og dermed kunne redusere negativ miljø- og

tryggleiksrisiko. Funn av eksplosiv på avvege kan utgjere ei utfordring både for samfunn og naturmangfald. I KU blir det tilrådd at forskrifta inkluderer mogelegheit for å kunne søkje om dispensasjon for detonering av eksplosiv som utgjer ein fare for samfunn og infrastruktur.

Forsvaret er avhengig av å beskytte kritisk infrastruktur. Drift, vedlikehald og inspeksjon av eksisterande sjøkablar vil ikkje bli påverka av vernet, jf. retningslinjer i utgreiingsprogrammet.

Det blir understreka at konsekvensar for forsvaret og forsvarsinteresser har større usikkerheit enn tema som har følgd den tilrådde metodikken for konsekvensutgreiing, sidan denne vurderinga er skildrande. Kunnskapsgrunnlaget for dumpa krigsmateriell er mangelfullt, men ei fullstendig kartlegging ville ha blitt svært kostnadskrevjande.

Statsforvaltaren er einige i hovudslutningane i KU om verdi og konsekvensvurdering for forsvarsinteressene. I standard verneforskrifter har forsvaret heimel til gjennomføring av militær operativ verksemd. Statsforvaltaren er også einig i slutningane om at det er eit grunnleggjande prinsipp at tryggleiksomsyn og omsynet til vesentlege samfunnsinteresser er gyldig grunnlag for å kunne vurdere dispensasjonsreglar for tiltak som elles ville vore i strid med verneføremålet.

Statsforvaltaren ser at ein dispensasjonsheimel for undervassdetonasjon av gamle eksplosivar vil kunne medføre ei mindre ulempe for forsvaret ved å måtte søkje om dispensasjon, men det sikrar at forvaltningsmyndigheita får mogelegheit til å sette vilkår som betre kan ivareta sårbart naturmangfald. Det er til dømes stor forskjell i skadepotensialet om ein detonasjon føregår i vassflata enn under vatn. Det er også fleire tiltak som kan setjast i verk for å redusere skade som til dømes boblegardin. Forvaltningsstyresmakter har erfaring i å kunne handsame slike saker effektivt og utan unødvendig opphald.

Statsforvaltaren ser at det kan vere dilemma knytt til forsvaret sine framtidige behov for trening i ein meir uoversiktleg verden. Ein eventuell søknad om dispensasjon for øvingsverksemd må handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfoldloven § 48, sjå omtale av denne heimelen i innleiinga til kapittel 5.4.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt blir teke med i verneforskrifta, sjå også den generelle dispensasjonsheimelen:

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

- a. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern, rednings- og oppsynsverksemd (ikkje øvingsverksemd), samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.*

#### **§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

- p) Sprenging av blindgjengarar.*

### **Landbruk**

Det er vurdert i konsekvensutgreiinga at marint vern medfører ei ubetydeleg endring for temaet landbruk, sett opp mot dagens situasjon (nullalternativet). Dette fordi dagens regelverk allereie er

omfattande (forureiningslova, gjødsselforskrifta mfl.). Den overordna vurderinga er at det ikkje vil krevjast strengare tiltak for å hindre avrenning frå landbruksaktivitetar som følgje av verneområdet. Sjølv om dagens konsekvens er ubetydeleg for landbruk, legg konsekvensutgreiinga vekt på framtidige klimaendringar kan føre til auka avrenning av nærings salt og plantevernmiddel til fjorden. Dersom dette skjer, kan det bli innført strengare reinsekkrav for landbruket. I eit slikt scenario vil konsekvensen for landbruket bli endra til å bli noko forringa eller forringa, noko som vil kunne gje ein auka konsekvens (noko negativ konsekvens) for næringa. KU gjev ingen spesifikke justeringar eller tilrådingar knytt til landbruk utover å registrere konsekvensane. Konklusjonen er at landbruk ikkje vil bli vesentleg påverka av det marine vernet i Sognefjorden under dagens rammevilkår.

Statsforvaltaren er einig i slutningane i konsekvensutgreiinga om at marint vern ikkje vil påverke landbruk langs Sognefjorden etter gjeldande reglar og miljøtilstand i fjorden. Statsforvaltaren er usikker på om vi er einige i slutningane i KU om at klimaendringar med auka avrenning til fjorden vil medføre strengare reinsekkrav for landbruket, i alle fall ut i frå ramma i den marine verneforskrifta. Dersom Sognefjorden dei neste 20 åra får ein stadig verre miljøtilstand, også forsterka grunna klimaendringar og varmare havvatn, vil alle sektorar måtte setje i gang tiltak, uavhengig om fjorden blir verna eller ei. Klimaendringar medfører varmare vatn, og varmare vatn held mindre på oksygen. God handheving av regelverket for kantvegetasjon er viktig for å redusere næringsutslepp frå land. Til dømes i Oslofjorden, som ikkje er eit marint verneområde, er det laga ein heilskapleg tiltaksplan som inkluderer avløp, landbruk, opprydding av miljøgifter, naturtyperestaurering, kulturminne, friluftsliv og tverrgåande tiltak. Både naturmangfaldlova, forureiningsforskrifta, vassforskrifta og landbruksrelaterte regelverk er tekne i bruk, i tillegg til omstilling av fiskerinæringa. Vi vurderer at det er andre, større aktørar enn landbrukssektoren som har størst påverknad på eutrofieringa av Sognefjorden.

Der Statsforvaltaren trekker vernegrensa inn på privat grunn, opp til normal flo, skal grunneigar eller andre rettshavarar framleis kunne nytte arealet til dømes til beiting, samt alminneleg ferdsel. Statsforvaltaren vurderer i tillegg til at landbruk og kulturlandskapskjøtsel, spesielt på veglause stadar, treng føreseielege rammer for å kunne frakte beitedyr med båt dit det er behov. Då vil det kunne dukke opp behov for ei forsterka bryggje eller eit nytt ilandføringsanlegg for å kunne få beitedyra trygt fram og tilbake til beiteområde. Vernereglane er heller ikkje til hinder for ferdsel med båt og ankring mot land for småbåt, samt drift og vedlikehald av eksisterande brygger, båtstøer og naust.

Av spesielle punkt i verneforskrifta som er relevante for landbruk viser vi til tema som rekreasjon og friluftsliv, massar i sjø, og industri og tettstadar.

## Industri og tettstadar

Temaet Industri og tettstadar er vurdert som eit viktig samfunnstema i konsekvensutgreiinga, med stor verdi grunna betydninga for busetjing, sysselsetjing og kommunale inntekter, sjølv om verdien er vurdert til ofte å vere lokal.

Etablering av marint verneområde kan medføre strengare rammevilkår for industri og tettstadar, og konsekvensen er vurdert som middels negativ. Dette kjem av restriksjonar som kan avgrense arealbruk i sjø, særleg forbod mot fysiske inngrep og regulering av utslepp. Sjå også omtale i kapitlet massar i sjø.

Når det gjeld kloakk, er det foreslått i konsekvensutgreiinga at nye utslepp ikkje skal vere tillatne, men med moglegheit for dispensasjon basert på reinsing og påverknad. Det er tilrådd strengare krav i område med liten vassutskifting eller i referanseområde for forskning, som Finnafjorden og andre delområde med svært lita vassutskifting. Strengte dispensasjonsreglar for kommunale avløp kan få stor negativ innverknad på nyetableringar i tettstadar. Samstundes kan inkludering av forureina fjordarmar som Høyangsfjorden og Årdalsfjorden styrke moglegheita for oppryddingstiltak i framtida.

For framtidig utvikling vil vernet avgrense fyllingar og etablering av nye næringsareal i sjø, noko som kan kome i konflikt med behov for infrastruktur. På bakgrunn av desse utfordringane tilrår utgreiinga at vernegrensene i sjø vert trekte lengre ut enn den føreslåtte to metersgrensa under sjøkartnull, og utanfor område med tettstadar og industriverksemder med aktive utsleppsløyve, til dømes i Høyangsfjorden og Årdalsfjorden. Kommunane må likevel ta omsyn til naturmangfoldloven § 49.

Statsforvaltaren har ingen merknader til konsekvensutgreiinga si vurdering for industri og tettstadar i utgreiingsområdet. Med det føreslegne vernekartet, der vi har trekt vernegrensene vekk frå industri og tettstadar slik KU tilrår, vurderer vi at dei negative konsekvensane er betydeleg redusert. Så lenge det er busetting langs fjorden vil det vere behov for å kunne leggje ut vass- og avløpsleidningar. Marint vern skal ikkje hindre busetting på land, og Statsforvaltaren har opparbeida erfaring med handsaming av avløpsleidningar i Lurefjorden & Lindåsosane marine verneområde. Forslaget til verneforskrift legg til grunn at legging av nye kloakkleidningar og utslepp av renska kloakk i samsvar med forureiningsregelverket i hovudsak vil få dispensasjon ut i frå dagens kunnskap om fjordens toleevne. Forvaltningsstyresmakta må sikte på å samkøyre slik dispensasjonspraksis med kommunen, slik at den enkelte søkjar skal få smidige møte med byråkratiet. Det må likevel gjerast ei konkret vurdering i kvar enkelt sak. Grunngevinga for at det trengst å handsame slike søknadar er for å kunne unngå legging av nye røyr i svært sårbare naturområde, og heller kunne stille vilkår om å finne den minst inngripande traseen for slike tiltak.

Statsforvaltaren foreslår to ulike alternative vernegrenser for fleire fjordarmar. Både Høyangsfjorden og Årdalsfjorden er prega av å vere nærmaste nabo til industriverksemder, og Statsforvaltaren vil difor synleggjere og høyre to alternative vernegrenser. Ei vernegrense langt inn mot tettstad/industri kan medføre høgare restriksjonsnivå og meir bruk av naturmangfoldloven § 49 ved vesentlege endringar av dagens industriløyve som vil kunne påverke naturmangfaldet og verneverdiane. I tillegg vil ei vernegrense tett opp i fjøresteinane kunne medføre utfordringar for bruk av sjøareal for utviding av næringsverksemd. Samstundes kan ei vernegrense langt inn i fjordarmen opne moglegheiter for å prioritere nettopp forringa areal for opprydding og naturrestaurering. Dette vil ein kanskje redusere sjansen til dersom vernegrensa går veldig langt ut i fjorden, utanfor disse forringa sjøareala. Høyringa vil få fram fleire synspunkt.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt i tillegg blir teke med i verneforskrifta, sjå også vernereglar § 3 bokstav c:

#### **§ 4 (generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

- o) Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avløpsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.*

## § 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

d) Legging av nye avløpsleidningar og utslepp av avløp.

### Anleggstiltak og nye veganlegg

I konsekvensutgreiinga er det vurdert anleggstiltak og nye veganlegg under eitt, og verdien er vurdert som middels. Samla sett vert konsekvensen vurdert som noko negativ. Påverknaden frå marint vern er primært knytt til restriksjonar mot fysiske inngrep i sjøen. Det er særleg dumping av massar i sjø og eventuell sprenging i samband med utbygging av veganlegg, bruer og tunnelar som er relevant for vurderinga. Dumping av massar i sjø vil i utgangspunktet ikkje vere tillate, noko som kan påverke utforminga av framtidige prosjekt. Sprenging i sjø vil heller ikkje vere tillate, og vern betyr at framtidige prosjekt med overskotsmassar må finne lagrings- eller deponeringsområde på land eller utanfor vernegrensa. Etablering av vern i Sognefjorden gir temaet masser i sjø ein stor konsekvens samanlikna med nullalternativet (utan vern).

Av konkrete prosjekt som kan bli påverka av vernet, er bru over Esefjorden og framtidig kryssing av Sognefjorden. For kryssing av Sognefjorden kan løysingar som nedsenka rørbrua vere i strid med verneføremålet. For å unngå samfunnsmessige konsekvensar, tilrår utgreiinga at det vert vurdert dispensasjon for anleggstiltak under vatn etter naturmangfoldloven § 48 dersom omsynet til sikkerheit eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Det vert òg tilrådd at deponering av ras- og skredmassar frå vegane vert inkludert i «drift og vedlikehald» av eksisterande anlegg, slik at denne aktiviteten ikkje blir råka av eit generelt forbod mot dumping av massar. I tillegg vert det tilrådd å opne for dispensasjon til bruk av tunnelmassar ved samfunnsnyttige tiltak i andre område, føresett at det vert dokumentert at tiltaket ikkje fører til nemneverdig forringing av verneverdiane. På same måte bør det vere ope for å vurdere dispensasjon for dumping av snø i sjø i spesielle tilfelle, til dømes ved store snøfall der lagring på land er vanskeleg. Restriksjonar mot dumping og sprenging i sjø er hovudårsaka til at prosjekt som Esefjordbrua og framtidig kryssing av Sognefjorden kan bli påverka.

Statsforvaltaren har ingen merknader til konsekvensutgreiinga si vurdering for temaet anleggstiltak og nye veganlegg i utgreiingsområdet. Vi har ikkje fått ei samla oversikt i verneprosessen over omfanget av areal i sjø som er fylt ut for anlegg, industri, tettstadar og veg. Når Statsforvaltaren legg fram eit forslag til vernekart har vi følgd tilrådinga i KU med å trekkje vernet vekk frå det meste av infrastruktur på land, som tettstadar, hamneanlegg osv., sjå også omtale under temaet massar i sjø og industri og tettstadar.

Statsforvaltaren legg til grunn at bru over Esefjorden har vore ønskja og planlagt lenge, og legg fram forslag om å ha ein eigen dispensasjonsheimel i verneforskrifta for eit slikt tiltak. Dersom det ein gong i framtida blir prioritert på nasjonalt nivå å etablere bru over eller tunell under Sognefjorden i ytre Sogn eller i indre Sogn som kjem i strid med verneforskrifta, må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfoldloven § 48, sjå omtale av denne føresegna i innleiinga til kapittel 5.4. Høyringa vil kunne få fram andre konkrete tiltak som vi ikkje har plukka opp.

Statsforvaltaren foreslår også eit eige unntak frå vernereglane, der dumping av massar i sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred skal vere lov, sjå kapittelet Massar i sjø, både under 4.4 og 5.4. Statsforvaltaren er ikkje einig med vurderingane i konsekvensutgreiinga om å opne for dispensasjon for bruk av tunnelmassar. Statsforvaltaren opnar for å kunne gje dispensasjon for dumping av snø, men dette er også meir omtalt under kapittelet Massar i sjø.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt i tillegg blir teke med i verneforskrifta, sjå også vernereglar § 3 bokstav c:

#### **§ 4 (generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

- o. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.*
- p. Dumping av masser til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred. Dumping skal skje direkte utanfor eller så nært ras- eller skredstaden som mogleg, og forvaltingsstyresmakta skal varslast så snart som mogleg.*

#### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

- u) Etablering av bru over Esefjorden.*

### **Forskning og undervisning**

Konsekvensutgreiinga vurderer verdien av eit marint verneområde i Sognefjorden som viktig, og som positiv for temaet forskning, overvaking og undervisning. Fjordar er generelt vurdert som spesielt interessante i slik samanheng ettersom dei er delvis avstengde system. Sognefjorden er trekt fram på grunn av det unike djupvassmiljøet og fordi tregheit i vassmassane medfører redusert variasjon mellom sesongar og år i dei djupe områda. KU referer til marin verneplan som tilrår at heile Sognefjorden marine verneområde blir eit generelt referanseområde for forskning og overvaking.

Konsekvensane for forskning, overvaking undervisning er generelt vurdert i konsekvensutgreiinga til at dei fleste aktivitetar truleg kan fortsette som før. Forsking vil generelt bli lov, men fysiske inngrep på botn vil krevje dispensasjon frå forskrifta. Dette fører til at konsekvensane for forskning, overvaking og undervisning samla sett er vurderte som ubetydelege. Dei fleste aktivitetar kan halde fram som før, men enkelte studiar kan krevje ein meir omfattande prosess med dispensasjonssøknad. Konsekvensutgreiinga tilrår spesifikt at regelmessig overvaking, som ØKOKYST, tiltaksretta overvaking og miljøundersøkingar for akvakultur, skal bli opna for under generelle unntak frå vernereglane, utan at det krevst søknad om dispensasjon.

Konsekvensutgreiinga støttar ideen frå utgreiingsprogrammet om å peike ut Finnafjorden og Finnabotn som referanseområde for forskning, overvaking og undervisning, primært knytt til områdets verdi som tilnærma urørt natur, og med både eigenskapar som fjord og poll, utan påverknad frå vasskraftutbygging, akvakultur, tettstadar og som ein veglaus stad. KU foreslår Lustrafjorden som referanseområde for havbruk generelt fordi fjordarmen ligg inst i Sognefjorden, er inkludert i

nasjonal laksefjord, har djupner med beskytta farvatn, stabile temperaturløve og god vassutskifting.

Statsforvaltaren legg føringane frå Skjoldal-utvalet og tilrådingane frå KU til grunn i vurderingane av Sognefjorden som egna referanseområde for forskning og overvaking. Statsforvaltaren har ingen merknader til konsekvensutgreiinga si vurdering av vernet si positive/ubetydelege konsekvens for forskning i Sognefjorden. Forskingstiltak som ikkje er i strid med vernereglane kan utførast utan søknad. Vi legg inn ein eigen dispensasjonsheimel i verneforskrifta for overvakings- og forskningsaktivitet for aktivitet som til dømes vil kunne påverke sjøbotn.



*Figur 31 Sognefjorden er arena for både forskning-, formidling og undervisning. Her er studentane frå Høgskulen på Vestlandet i sving med undersøkingar. Foto: Marianne Nilsen*

Vi ser argumenta i KU om at overvakingsprogram bør bli unnateke søknad om dispensasjon, men meiner likevel at det må søkjast dersom overvakingstiltak påverkar verneverdiane. Dette kan gjelde undersøkingar på botn, som ulike typar prøvetaking eller plassering av installasjonar. Vi vil signalisere at slike langsiktige overvakingsprogram vil kunne få dispensasjon (med vilkår) så fremt det ikkje går ut over verneføremålet, sidan forskning og overvaking ligg inne i verneføremålet.

Statsforvaltaren er einig med konsekvensutgreiinga si vurdering om Finnafjorden og Finnabotn. Disse områda eignar seg som referanseområde grunna den store graden av urørtheit.

Forvaltningsstyresmakta vil kunne vurdere å ha ein høgare terskel for å gje dispensasjon til dømes for nye avløpsleidningar i dette området for å sikre den upåverka tilstanden, og dette kan igjen slik gje nye forskingsmoglegheiter.

Statsforvaltaren foreslår også Lustrafjorden som referanseområde for havbruk generelt, jamfør tilrådinga i KU. Sjå meir om Lustrafjorden som referanseområde i kapittelet om akvakultur.

På bakgrunn av dette foreslår Statsforvaltaren at følgjande punkt i tillegg blir teke med i verneforskrifta, sjå også verneføremålet § 1:

#### **§ 4 (generelle unntak frå vernereglane)**

*Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:*

- i) *Alminneleg ferdsel og bruk av fjøresona, inkludert friluftsliv, bålbrenning, undervisning og beiting.*

#### **§ 5. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:*

- q) *Overvaking, undervisning og vitenskaplege undersøkingar.*

### 5.5 Oppsummering av verknadar

Konsekvensutgreiinga vurderer den samla konsekvensen for oppretting av eit marint verneområde i Sognefjorden som positiv samanlikna med nullalternativet. Konklusjonen er basert på heile utgreiingsområdet under eitt og utan større avbøtande tiltak. Statsforvaltaren sluttar seg til konklusjonen i KU og vurderer at eit marint vern i Sognefjorden vil gje positive konsekvensar for tema som naturmiljø, kulturminne og kulturmiljø, rekreasjon og friluftsliv, fiskeri, landskapsbilete og verdsarv, reiseliv, samt forskning og undervisning. Vernet vil kunne gje noko negative konsekvensar for massar i sjø, eit tema som vidare vil kunne ha påverknad på nye vasskraftutbyggingar med ønskje om dumping av masse til sjø, samt for utviding av tettstadar, nye anlegg og vegar. Fordi vernegrensa i høyringsforslaget vårt er trekt vekk frå tettstadar og anlegg vurderer vi likevel at den negative konsekvensen er betydeleg redusert. Det er viktig i forslaget til verneforskrift at til dømes vegar kan bli rydda etter ras og skred for å sikre framkomsten til folk og næringa langs fjorden. For akvakultur vurderer Statsforvaltaren at marint vern vil stoppe vidare vekst av open merdbasert oppdrett av fisk innanfor vernegrensa, samt kunne medføre meir byråkratiske prosessar knytt til utslepp av lusemiddel og endring av eksisterande anlegg. Føremålet er å gje styrka vern av naturmangfaldet. I figur 32 (neste side) er konsekvensane på dei utgreidde tema oppsummert, figuren er henta frå konsekvensutgreiinga. Verneforslaget frå Statsforvaltaren vil gje mindre negative konsekvensar for dei aktuelle tema enn figuren syner grunna tilpassingar av vernegrense og utforming av vernereglane.

Tema	Alternativ			
	1	2	3	4
Naturmiljø	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
	4	1	2	3
Kulturminner og kulturmiljø	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
	3	1	2	2
Rekreasjon og friluftsliv	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
	3	1	3	2
Landskapsbilde og verdensarv	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
	4	1	3	2
Fiskeri	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
	4	1	3	2
Mineral-utvinning	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
	1	2	2	2
Vannkraft	Noe	Noe	Noe	Noe
	1	1	1	1
Akvakultur	Middels	Middels	Middels	Middels
	1	3	2	3
Energi, linjer og kabler	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
	1	1	1	1
Marin samferdsel og cruise	Middels	Middels	Middels	Middels
	1	2	2	2
Masser i sjø	Stor	Stor	Stor	Stor
	1	4	3	2
Reiseliv	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
Landbruk	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Forsvar	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig
Tettsteder og industri	Middels	Middels	Middels	Middels
Nye anlegg og veier	Noe	Noe	Noe	Noe
Forskning og undervisning	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv
	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig	Ubetydelig

Figur 32 Synleggjering av konsekvens for dei ulike tema frå positiv (grøn) til stor (negativ), jamfør det som er utgreidd i KU. Tala frå 1-4 vektlegg dei ulike alternative vernegrensene som vart greidd ut i KU (med og utan terskelen ytst i fjorden, med og utan Liffjorden og Øystrebøvatnet). Høyringa legg fram andre kart enn disse fire alternativa, sjå kartvedlegg.

## 6. Verknad på andre planar og mål

I dette kapittelet drøftar Statsforvaltaren i Vestland korleis eit marint vern vil kunne verke inn på strategiar og planar regulert etter anna lovverk og avtaleverk. I arbeidet med konsekvensutgreiinga for Sognefjorden er det omtalt fleire strategiar og planar regulert etter anna lovverk som vil påverke fastsettinga av konsekvensar av marint vern. Kommunale planar etter plan- og bygningslova (PBL) er omtalt meir utførleg i konsekvensutgreiinga.

### Kommunane sine planar etter plan- og bygningslova

Det føreslegne verneområdet for marint vern dekkjer marine område i ti kommunar: Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster. Arealplanane til kommunane etter plan- og bygningslova (PBL) nyttast til å regulere bruken av sjøområda. Det kan vere hovudmål som bruk og vern av sjø og vassdrag, og underføremål som fiskeri, akvakultur, ferdsel, hamneområde og småbåthamner. Vi har fanga opp mange planlagde tiltak i vernearbeidet før høyring, men ønskjer innspel i høyringa om det er andre planlagde tiltak som kan kome i konflikt med vernet som vi ikkje har fanga opp. Her er ein oppsummering av dei enkelte kommunane sine planar for sjøområda, med vekt på dei mest relevante bruksføremåla:

- **Gulen kommune:** Kommunen er omfatta av ein interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, vedtatt i desember 2023. Områda er sette av til akvakultur (inkludert tre framtidige område), fiske, båtplass, naturområde, farlei, samferdselsanlegg (ferjekaier) og teknisk infrastruktur. Gulen har fire akvakulturlokalitetar innanfor kandidatområdet.
- **Solund kommune:** Arealplanen gjeld for perioden 2020–2032. Størstedelen av sjøarealet er sett av til ferdsel inkludert hamneområde. Langs Losna er det sett av areal til natur, friluftsliv, fiske og ferdsel. Ingen av Solund sine 24 akvakulturlokalitetar ligg innanfor det føreslegne marine verneområdet.
- **Hyllestad kommune:** Den gjeldande arealplanen er frå 2009–2020, men ny arealdel er under arbeid og ikkje vedtatt enno. Kommunen tilrår å sjå på den komande arealdelen for framtidige byggeområde, og ved handsaming av dispensasjonar blir det også vurdert opp mot den nye planen som er under utarbeiding. Sjøområda har avsett areal til fiskeri (fiskeplassar og låssetjing), akvakultur (inkludert tre framtidige område frå 2009), småbåthamn, farlei og industri (i Bøfjorden). Kommunen har to akvakulturlokalitetar innanfor kandidatområdet. Eit område i Lifjorden er føreslått til framtidig båthamn. Vi ønskjer innspel frå Hyllestad om avklaringar om areal til flytedokk i Bøfjorden.
- **Høyanger kommune:** Kommunen vedtok ny arealplan for 2024–2036 i september 2024, og har også sin eigen akvakulturplan. Arealplanen set av ei rekke føremål i sjø, inkludert akvakultur (både eksisterande, framtidig og kombinert med utvidingsareal), fiskeri, småbåthamn, hamneområde og næringsverksemd. Den nye planen inneheld fleire forslag om arealbruksendringar og utfyllingar i sjø for næringsverksemd (i Sandvika) og utbetring av kai/ladeanlegg (på Nordeide).
- **Vik kommune:** Ny arealplan vart vedtatt i november 2024. Planen har sett av åtte område til fiske, 14 til småbåthamner, fire til akvakultur (der eitt framtidig område i Arnafjorden er unnateke torsk/laks), og eitt ankringsområde (Vikjabukti). Kommunen prioriterer Vangsnes for framtidig utbygging av bustad og næring. Planen legg opp til utfylling i sjø for etablering av molo i Viksøyri og utviding av hamneareal i Fresvik sentrum.

- **Aurland kommune:** Sjøområda dekkjer Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, som ligg i nasjonal laksefjord og på UNESCO si verdsarvliste. Aurland kommune har vedtatt samfunnsdel for kommuneplanen (2022–2033), men arealdelen er under revidering. Det er utarbeidd eit planprogram for ny arealdel som skal gjelde for perioden 2024–2034, og planprosessen er i gang med høyringar og medverknad. Gjeldande arealplan er frå 2009. Strategien legg vekt på at framtidig næringsutvikling primært skal skje i etablerte sentrumsområde. Reiseliv er ei stor næring.
- **Luster kommune:** Heile sjøområdet ligg i nasjonal laksefjord. Arealplanen (2019–2030) set av areal til småbåthamn (inkludert naust/kaier), fiske (låssetjingsplassar for brisling), ferdsel og friluftsturistføremål. Kommunen har eit prioritert mål om å vera ein god stad å besøkje, planane understrekar at ny arealbruk ikkje skal forverre tilstanden i vassførekomstane. Arealdelen til kommuneplanen ligg no ute på 2. gongs offentleg ettersyn, med eit redusert areal til småbåthamn ved Solvorn. Framlegget om småbåthamna vert vurdert og avklart i kommuneplanprosessen, det grunne arealet ligg inne i forslag til marint vern med privat eigedom.
- **Lærdal kommune:** Arealplanen vart vedtatt i 2023. Planen har sett av areal i sjø til næring, hamn, småbåthamn, fiske, ankring, framtidig næring og farlei. Kommunen legg vekt på utvikling av berekraftig reiseliv og å styrke landbruket.
- **Årdal kommune:** Gjeldande arealplan er frå 2012 (2011–2023). Det er starta arbeid med ny arealdel for perioden 2021–2033. Det er utarbeidd eit planprogram som grunnlag for revisjonen. Areal i sjø er sett av til fiske, hamn, småbåthamn, næring og ferdsel. Nyleg vedtatt konsesjonsendring medfører bruk av Årdalsfjorden til massar og kabellegging i tilknytning til Offerdal-utbygginga. I fiskeområde har fiske prioritet føre andre aktivitetar.
- **Sogndal kommune:** Etter kommunesamanslåinga i 2020 er dei gamle planane (Balestrand, Leikanger, Sogndal) framleis gjeldande, medan ein ny arealplan er under utarbeiding. Føreslått plan legg vekt på ferdsel og set av areal til utfylling i sjø for samfunnsnyttige tiltak som gang- og sykkelveg. Det er forventa folketalsvekst. Planen opnar for etablering av småbåthamner. Kommunen reknar med behov for nye kloakkreinseanlegg i planperioden.

Felles for dei fleste kommunane er at det er eit ønskje om å setje av areal for framtidige småbåthamner. Vi ønskjer innspel i høyringsperioden om det er planlagde tiltak som kan kome i konflikt med det marine vernet.

## Aichi-mål, FNs berekraftsmål, naturavtalen, OSPAR og vassrammedirektivet

Internasjonale avtalar som Aichi-mål 11, FNs berekraftsmål og den nye Kunming-Montreal naturavtalen (Global Biodiversity Framework) set klare krav til bevaring av marine område. Desse måla er sentrale for å stanse tap av naturmangfald og sikre berekraftig bruk av havressursar.

### *Aichi og CBD*

Aichi-mål 11 vart vedtatt under Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) i 2010. Målet var at innan 2020 skulle minst 10 % av kyst- og havområde vere verna gjennom økologisk representativt og godt forvalta nettverk av marine verneområde og andre arealbaserte tiltak. Vernet skulle integrerast

i landskap og havområde og ta omsyn til område med særleg betydning for naturmangfald og økosystemtenester.

### *Berekraftsmåla til FN*

#### Berekraftsmål nr 3: God helse og livskvalitet

Marine verneområde kan ta vare på kystlandskap og sjøområde som blir brukte til bading, padling, fiske og naturopplevingar. Dette gir rom for fysisk aktivitet og naturglede i trygge og reine omgjevnader. Delmål 3.4 fremjar psykisk helse og livskvalitet. Tilgang til intakte og vakre naturområde, som verna fjordlandskap, gir moglegheiter for rekreasjon, friluftsliv og mental trivsel. Delmål 3.9 har mål om å redusere sjukdom og dødsfall knytt til forureining. Marint vern kan bidra til reinare hav og strender, og dermed redusere eksponering for miljøgifter og ureina vatn.

#### Berekraftsmål nr 12: Ansvarleg forbruk og produksjon

Marine verneområde fremjar berekraftig bruk av marine ressursar og reduserer risiko for overfiske og øydelegging av økosystem.

#### Berekraftsmål nr 13: Stoppe klimaendringane

Marine verneområde kan bidra til karbonlagring i blå skogar som tareskog og ålegrasenger i Sognefjorden, og slik dempe klimaendringar.

#### Berekraftsmål nr 14: Livet i havet

Marint vern har som hovudmål å bevare og bruke hav og marine ressursar på ein berekraftig måte. Delmål 14.2 skal sikre berekraftig forvaltning og vern av marine og kystnære økosystem, mens delmål 14.5 sikter mot å verne minst 10 % av kyst- og havområde innan 2020, med vidareføring og styrking mot 30 % innan 2030.

#### Berekraftsmål nr 17: Samarbeid for å nå måla.

Delmål 17.14 legg vekt på marint vern som verkemiddel for å fremje politisk samspel ved å knyte miljøpolitikk saman med fiskeriforvaltning, klima og utviklingsmål.



*Figur 33 Sentrale berekraftsmål frå FN som etablering av eit marint verneområde i Sognefjorden kan bidra med å oppfylle. Kjelde: FN*

### *Naturavtalen*

Den nye naturavtalen, Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (Naturavtalen, 2022–2030), frå 2022 har heva ambisjonsnivået: minst 30 % av verdas land- og havområde skal vere verna innan 2030, og all natur skal forvaltast berekraftig. Dette er kjent som «30x30»-målet. Avtalen legg vekt på økologisk representativitet, godt forvalta område og respekt for urfolk og lokalsamfunn.

Ved utgangen av 2024 hadde vi 18 marine verneområde i Noreg. Om lag 6 670 km<sup>2</sup> av territorialfarvatnet er verna etter naturmangfoldloven (i ulike vernekategoriar), noko som utgjer ca. 4,6 % av sjøarealet innanfor territorialgrensa. I tillegg finst marine verneområde og andre arealbaserte tiltak, men berre ein liten del av Noregs havområde er under strengt vern. Det totale havarealet under norsk jurisdiksjon er over 2 millionar km<sup>2</sup>, men mindre enn 1 % er fullt verna som marine verneområde.

Sognefjorden er den lengste og djupaste fjorden i Noreg, med eit komplekst undersjøisk landskap og eit rikt biologisk mangfald. Fleire raudlista artar er registrerte i fjorden. Eit vern av Sognefjorden vil styrkje Noregs oppfølging av internasjonale mål.

### *OSPAR-konvensjonen*

OSPAR-konvensjonen er eit internasjonalt samarbeid for å bevare det marine miljøet i Nordaust-Atlanteren. Noreg er part i konvensjonen og har forplakta seg til å redusere forureining, beskytte biologisk mangfald og sikre berekraftig bruk av havet. Konvensjonen er særleg relevant for trua og sårbare naturtypar, og OSPAR har egne lister over naturtypar og artar som skal ha særskilt vern. Dette inkluderer blant anna korallrev, svampsamfunn og ålegrasenger, som også finst i Sognefjorden. Målet er å oppnå eit sunt, produktivt og biologisk mangfaldig havområde gjennom felles tiltak mellom medlemslanda.

### *EUs vassdirektiv*

EUs rammedirektiv for vatn (2000/60/EF) har som mål å bevare, beskytte og forbetre vassførekomstane og vassmiljøet og sikre berekraftig bruk av vatn for menneske, natur og næring. Direktivet krev at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand, og det omfattar både ferskvatn, kystvatn og grunnvatn. Noreg har implementert direktivet gjennom vassforskrifta, og arbeidet skjer i vassregionar der kommunar, statlege etatar og næringsliv samarbeider om tiltaksplanar. For Sognefjorden betyr dette krav til overvaking, reduksjon av forureining og tiltak for å bevare økosystem som gir viktige økosystemtenester. KU tok utgangspunkt i den geografiske inndelinga av Sognefjorden i delområda som er allereie nytta i vassrammearbeidet.



*Figur 34 Noreg har signert ei rekkje internasjonale avtalar og konvensjonar som forpliktar oss å ta vare på og sikre økosystema for framtidige generasjonar. Foto: Maria Knagenhjelm*

## Økosystemtenester

Eitt av dei overordna måla for naturmangfaldet i Noreg er at *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester*. Det inneber at økosystema skal vere robuste og kunne levere livsviktige tenester som pollinering, karbonlagring, flaumdemping, vassreinsing og naturbaserte opplevingar. Marint vern i Sognefjorden vil kunne bidra positivt til å sikre viktige økosystemtenester. Dette skjer hovudsakleg ved å bevare det biologiske mangfaldet og dei økologiske funksjonane i fjorden. Vernet vil særleg styrke dei regulerande økosystemtenestene knytt til klimaet, ettersom marine naturtypar som ålegrasenger, tang- og tareskog og blautbotnsområde er viktige for karbonlagring og kan bidra til å dempe klimaendringar. Ved å beskytte økosystema styrkar ein samstundes kystsamfunna sin motstandskraft mot klimaeffektar. I tillegg støttar vernet opp under dei kulturelle økosystemtenestene. Dette inkluderer å bevare naturmiljøet for reiseliv, turisme og rekreasjon — særleg aktivitetar som padling, dykking, roing og fugletitting — og dermed bidra positivt til den lokale økonomien. Vernet gir òg auka beskyttelse for kulturminne og naturmiljø. Likevel er det viktig å merke seg at marint vern kan medføre ein middels negativ konsekvens for dei forsynande økosystemtenestene knytt til matproduksjon frå akvakultur, då restriksjonane i vernet legg avgrensingar på framtidig utvikling av merdbasert oppdrett i sjø.

## Klimatilpassing

Noreg har som nasjonalt mål at samfunnet og økosystema skal bli budd på og tilpassa klimaendringane. Miljømålet er forankra i Stortingsmelding 26 (2022–2023) *Klima i endring – saman for eit klimarobust samfunn*. Klimatilpassing inneber å forstå konsekvensane av klimaendringar og setje i verk tiltak for å redusere skade eller utnytte moglegheiter som endringane kan gi. Eit marint vern vil bidra direkte ved å:

- Bevare økosystem som styrker havets evne til å dempe klimaendringar, til dømes gjennom karbonlagring i tareskog, ålegrasenger og blautbotnsområde.
- Beskytte biologisk mangfald, noko som aukar motstandskrafta til kystsamfunn mot klimaeffektar som havnivåstigning og ekstremvær. Ein intakt natur er ein robust natur, og vern bidreg til å sikre at økosystema framleis kan levere livsviktige økosystemtenester.
- Redusere risiko for oksygenvinn i djupvassbasseng, som alt er observert i Sognefjorden grunna auka temperatur og tilførsel av næringssalt. Klimaendringar kan føre til sjeldnare utskifting av botnvatn, noko som aukar faren for oksygenmangel i framtida.

Restriksjonar som følgjer av marint vern kan redusere denne risikoen og fungere som klimatilpassing ved å avgrense ulemper. På same måte kan forbod mot fysiske inngrep, som utfyllingar i sjø eller sprenging, hindre øydelegging av grunne naturtypar som er viktige for karbonlagring og som oppvekstområde – sjølv om behovet for sikring av infrastruktur (t.d. småbåthamner) kan auke med meir ekstremvær. Å halde slike anlegg med viktig infrastruktur utanfor vernegrensa vil bøte på dette.

## 7. Vurdering etter naturmangfoldloven kapittel II

Nedanfor følger ei vurdering av korleis prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8-12 er teke omsyn til og vektlagt. For vurderingar kring korleis Sognefjorden møter krava i naturmangfoldloven § 39, sjå kapittel 5.1.

Det føreslegne Sognefjorden marine verneområde inngår blant dei 36 områda som Skjoldal-utvalet for marin verneplan tilrådde verna i sin rapport frå 2004. Utvalet la vekt på å velje område frå kvar

av dei seks kategoriane innan kvar av dei tre underregionane, og peika på at det ville ta mange år før ein får god oversikt over det biologiske mangfaldet i Noregs marine natur. Områda i fjord-kategorien er meint å vere representative for norske fjordøkosystem og er viktige for å nå målet om representativ bevaring av natur. Havforskningsinstituttet (HI) har på oppdrag frå Statsforvaltaren samla inn ny kunnskap og samanstill eksisterande kartleggingar om marinbiologisk mangfald i utgreiingsområdet. HI har også utvikla ein modell for å predikere utvalde sårbare naturtypar i utgreiingsområdet. Også Rådgivende Biologer har kartlagt utvalde område i Sognefjorden på grunnare vatn, noko som har bidrege til ny kunnskap i vernearbeidet. Vi har fleire gonger konsultert marinbiologisk kompetanse på Høgskulen på Vestlandet. Eksisterande kartfesta informasjon frå til dømes Kystverket, Fiskeridirektoratet, Artsdatabanken, Miljødirektoratet, forureiningsmyndigheiter med fleire har vore nytta som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med verneplanen. Som ledd i verneprosessen er det blitt utarbeidd ei konsekvensutgreiing. Denne vart ferdigstilt sommaren 2025 og er i hovudsak basert på eksisterande kunnskap frå allment tilgjengelege kjelder og tar for seg utgreiingstema knytt til mellom anna naturmiljø, kulturminne, naturressursar og samfunn. Vi vil elles vise til omtalen av verneverdiar, arealbruk og brukarinteresser i det føreslegne verneområdet. Vi har drøfta korleis eit marint vern vil påverke brukarinteressene og verneverdiane som bakgrunn for forslaget til vernereglar. Det trengs ytterlegare kartleggingar som grunnlag for forvaltning av områda, særleg ved vurdering av søknadar om inngrep. I verneprosessen så langt har vi gjennomført nær 50 møte utanfor embetet, noko som genererer verdifull kunnskap inn i arbeidet. Kapittel 9 syner nokre av kjeldene vi også har nytta. Vi legg til grunn at det føreligg eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om verneverdiane jf. [naturmangfoldloven § 8](#) til å kunne høyre verneplanen. Høyringa vil også tilføre ytterlegare kunnskap.

Etter Statsforvaltar si vurdering vil vernet ha ein positiv effekt på naturmangfaldet. Føre-var prinsippet i [naturmangfoldloven § 9](#) er derfor lite relevant i denne saka. Statsforvaltaren har likevel i grunngevinga av til dømes ankringsbestemmingane i verneforskrifta nytta naturmangfoldloven § 9. Verneforslaget forbyr oppankring for skip i heile verneområdet *unnateke* der det er avsette og etablerte ankringsområde. Grunngevinga er at det rett og slett er for mangelfull kunnskap om avgrensinga og lokalitetane for sårbart naturmangfald og at dagens bruk speglar desse etablerte ankringsområda. Nyleg vart det oppdaga korallrev i Geirangerfjorden, og kartlegginga av Sognefjorden er ikkje heildekkande. Om Statsforvaltaren hadde opna for ankring i heile fjorden ville vernet ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til føre-var prinsippet. Med ein dispensasjonsheimel for oppankring utanfor etablerte ankringsområde for skip større en 15 meter vurderer Statsforvaltaren likevel at forvaltningsmyndigheita vil kunne vurdere enkeltsøknadar opp mot kunnskapsgrunnlaget og botnforholda i det konkrete området, og eventuelt kunne samle ny kunnskap til eit betre kunnskapsgrunnlag.

[Naturmangfoldloven § 10](#) stiller krav om at påverknad på eit økosystem skal bli vurdert ut frå den samla belastninga økosystemet er eller kan bli utsett for. Per i dag blir Sognefjorden vurdert til å vere noko utsett for inngrep og aktivitetar som belastar økosystema, og at fjorden er under press. Statsforvaltaren vurderer at eit marint vern vil kunne redusere samla belastning på Sognefjorden, men omfanget er usikkert grunna dei mange moglegheitene for dispensasjon. Det er også mykje eksisterande aktivitet og verksemder som skal kunne fortsette, jamfør dei rammene som ligg til grunn for marint vern i Noreg. Kor mykje Sognefjorden er påverka av inngrep og aktivitetar er tema for diskusjon, men Statsforvaltaren vil særleg trekke fram:

- Utanfor nasjonal laksefjord har det sidan 1960-talet vore akvakulturanlegg for laksefisk. Merdbasert akvakultur inneberer betydelege utslepp av organiske material, kjemikalie og medikament. Vi forventar at denne aktiviteten har påverka undersjøisk naturmangfald i ytre del av Sognefjorden og er største kjelde til auka eutrofiering i heile fjorden. I tillegg hopar det seg opp mykje lakselus rundt anlegga, noko som reduserer overlevinga av villaks og sjøaure. Klimaendring med varmare havvatn vil forsterke negative effektar. Kombinasjonen av høge temperaturar, tidleg smoltutvandring og lusepress på sjøaure er bekymringsfull for økosystemet i fjorden.
- Rundt Sognefjorden blir om lag 10% av landets kraft produsert, både frå kraftverk med og utan magasinering. Utslepp av ferskvatn til fjorden i vintermånadane og reduserte flaumar om våren reduserer overlevinga av fiskeegg og -larvar, algar og andre organismar, og påverkar laksen si vandring mot havet negativt. I tillegg har mykje av massane frå kraftutbygginga blitt dumpa i sjøen, noko som påverkar fjordmiljøet lokalt i stor grad.

Restriksjonane i verneforskrifta er tilpassa verneføremålet og dei verneverdiane vi ønskjer å ta vare på i området. Når det gjeld framtidig belastning, set verneforskrifta forbod mot tiltak og aktivitetar som kan ha negativ effekt på verneverdiane. Vernet vil likevel ikkje kunne hindre til dømes spreiding av framande artar som hamnespy (japansk sjøpung). Vegetasjon og dyreliv er verna mot skade og øydelegging. Vernebestemmingane hindrar vesentlege inngrep i området. Det er forbode med fysiske tiltak som utfylling, mudring, masseuttak og -deponering, undervasssprenging, boring og plassering av konstruksjonar på sjøbotnen. Verneforskrifta inneheld generelle unntak for mellom anna fritidsfiske og fiske etter havressurslova, men det er ikkje foreslått unntak for tiltak som påverkar sjøbotn negativt, heller ikkje for fritidsfiske med reiskap som røyrrer botn over korallområda. Det er opna for dispensasjon til ulike typar tiltak, til dømes tekniske tiltak som inneber små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane nemneverdig. Ved behandling av dispensasjonssøknader vil påverknad på verneføremålet og verneverdiar bli vurdert, og det kan bli sett vilkår.

I følgje naturmangfoldloven § 11 skal kostnadene ved miljøforringing berast av den som set i verk tiltaket. Dette prinsippet gjeld også for aktivitetar innanfor marine verneområde. Vernevedtaket i seg sjølv medfører ikkje miljøforringing. I verneforskrifta for Sognefjorden er det gjort generelle unntak frå forbodet mot visse aktivitetar, og for nokre av desse unntaka vil det bli sett vilkår for å hindre miljøforringing. Dette sikrar at verneområdet kan nyttast til berekraftige formål utan å svekke naturmangfaldet eller økosystemtenestene. Eit døme er unntaket for fortøying av småbåt, der det er foreslått at *Fortøyingmiddel må vere av materiale som ikkje forureinar*. Dersom dette medfører auka kostnader, må tiltakshavar dekke desse sjølv.

Prinsippet i naturmangfoldloven § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vektlagt i arbeidet med forskrifta. Ut i frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i Sognefjorden, er det lite sannsynleg at dei tiltaka det blir opna for i verneforskrifta vil ha nemneverdig negativ påverknad på verneføremålet og verneverdiar. Gjennom overvakingsprogrammet av Sognefjorden som går parallelt med verneprosessen og ei snarleg utarbeiding av forvaltningsplan etter eit eventuelt vernevedtak, vil vi kunne følgje utviklinga. Dette kan gje grunnlag for å setje i verk tiltak ved negativ påverknad av verneverdiane, samt gje eit betre grunnlag for å vurdere samla belastning ved handsaming av dispensasjonssøknader, jf. naturmangfoldloven § 10. Dette gjeld til dømes kva slags reinsekraft det er naturleg å stille ved

etablering av nye avløp etter fleire regelverk. Prinsippa i naturmangfoldloven vil bli vurdert og vektlagt ved behandling av dispensasjonssøknadar og i arbeidet med forvaltningsplan for området. Gjennom heile verneplanprosessen er det gjort avveingar mellom verneverdiane i området og andre viktige samfunnsinteresser, jf. naturmangfoldloven § 14. Statsforvaltaren viser til avveingar mellom verneverdiane og andre viktige samfunnsinteresser i og langs Sognefjorden jamfør naturmangfoldloven § 14. Den føreslegne verneforskrifta opnar for at dei fleste pågåande aktivitetar vi kjenner til kan kunne bli vidareført. Gjennom avgrensing av området og gjennom direkte unntak eller spesifiserte dispensasjonsreglar, er det lagt vekt på å ta omsyn til næringsinteresser som tettstadutvikling, samferdsel, industri og akvakultur, samt privat bruk av fjorden. Fleire tettstadar, industriområde, molo- og hamneområde er foreslått haldne utanfor verneområdet med god margin, slik at det òg er rom for vidare utvikling og utviding.



*Figur 35 Det vil vere eit stort behov for å styrkje kunnskapsgrunnlaget, informere om verneverdiane og fremje samarbeid og dialog med brukarane i og langs Sognefjorden etter eit framtidig vernevedtak i statsråd. Ein forvaltningsplan for området bør ferdigstillast så snart som mogleg i ettertid. Foto: Vegard Byrkjeland Aasen*

## 8. Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er Miljødirektoratet som har myndigheit til å fastsetje kven som skal ha forvaltingsansvaret for eit eventuelt marint verneområde. Eit marint verneområde i Sognefjorden strekk seg potensielt over ti kommunar, og vi vurderer at storleiken og omfanget av saker kan gjere det krevjande å få til ei samla og heilskapleg forvaltning utan ein god forvaltningsplan og øyremerkte ressursar til forvaltning. Statsforvaltaren i Vestland ønskjer innspel i høyringa om ordninga som liknar den som blir brukt i norske nasjonalparker – med eit interkommunalt verneområdestyre og ein eigen verneområdeforvaltar – kan eigne seg som forvaltningsmodell også for Sognefjorden marine verneområde. Statsforvaltaren i Vestland har gode erfaringar med denne modellen.

Det er eit stort behov for å styrkje kunnskapsgrunnlaget, informere om verneverdiane og fremje samarbeid og dialog med brukarane i Sognefjorden. Ein forvaltningsplan for området bør ferdigstillast så snart som mogleg etter at eit eventuelt vernevedtak vert gjort. Planen bør i så fall bli utarbeidd av den instansen som får forvaltingsansvaret.

Statens naturoppsyn (SNO) vil ha det overordna ansvaret for oppsynet i det potensielle marine verneområdet. Kostnader til erstatning, gjennomføring av erstatningsprosessar, merking og skilting, samt arbeid med forvaltningsplanar, oppsyn og skjøtsel skal dekkast innanfor gjeldande budsjettpostar og eksisterande rammer. Dersom det blir etablert eit verneområdestyre og tilsett ein verneområdeforvaltar, vil dette krevje nye midlar.

## 9. Kjelder

- [Sognefjorden kandidat område for marint vern | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Oppdrag om vern av Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Informasjonsfase og møte i den marine verneprosessen | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Vi startar arbeidet med marint vern av Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Oversending av utgreiingsprogram for Sognefjorden marine verneområde | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Endeleg utgreiingsprogram for Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Vi samlar inn kunnskap om Sognefjorden i utgreiingsfasen av den marine verneprosessen | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Konsekvensutgreiinga for marint vern Sognefjorden er på plass | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Kartlegging av Sognefjorden viser høg geologisk og biologisk diversitet | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Kartlegging av marint naturmangfald i utvalde grunne område i Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Kartlegging av naturmangfald i grunne område i Sognefjorden | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Konsekvensanalyse, marint vern av Sognefjorden | Doffin, Database for offentlige anskaffelser](#)
- [horing-av-verneplan-for-andfjorden-marine-verneomrade.pdf](#)
- [Klimatilpasning - informasjon og veiledning - miljodirektoratet.no](#)
- [Meld. St. 26 \(2022–2023\) - regjeringen.no](#)
- [Klimatilpasning 2024 – 2028](#)
- [Marint vern - miljodirektoratet.no](#)
- [Kjemisk avlusing i oppdrett: fakta og føre-var / Akvaplan-niva](#)
- [akvaplan-niva-brosjyre-kunnskapsstatus-lusemidler-og-miljoepaavirkning-396315](#)
- [Miljøskadelige stoffer fra oppdrett og notvaskerier - miljodirektoratet.no](#)
- [Vil styrke arbeidet med Oslofjorden - regjeringen.no](#)
- [Orientering om nye erstatningsregler i ny naturmangfoldlov, herunder regler for tilbakevirkning for eldre vernevedtak - regjeringen.no](#)
- Vurdering av oksygentrender i norske farvann:** [NIVA Open Access Archive: Vurdering av oksygentrender i norske farvann](#)
- [Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven \(§§ 41 - 43\) - regjeringen.no](#)
- <https://www.utfordrarbygda.no/>
- [Arts- og naturtypekartlegging av Sognefjorden47-13](#)
- [Forskrift om drift av akvakulturanlegg \(akvakulturdriftsforskriften\) - Kapittel 2. Generelle krav - Lovdata](#)
- [Effekter av bunntåling | Havforskningsinstituttet](#)
- Sigri Sandberg: Ro – Sognefjorden**
- [Koraller i norske farvann: – Det kan ta århundrer å bygge opp nye samfunn dersom de blir ødelagt](#)

# Vedlegg: Forskrift om vern av Sognefjorden marine verneområde i Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster kommunar i Vestland fylke

**Heimel:** Fastsett ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

## § 1. (Føremål)

Føremålet med det marine verneområdet er å verne den djupaste fjorden i verda, med særeigne geologiske kvalitetar og biologisk mangfald som følgje av den store variasjonen i det undersjøiske landskapet.

Sognefjorden er Noregs lengste fjord og er representativ for norske fjordar, og inneheld samtidig unike kvalitetar. Av særlege verdiar kan nemnast at samfunn av djupvassarter førekjem uvanleg grunt i enkelte fjordarmar. Dei indre fjordarmene er representative for indre fjordområde med særleg tilpassa biomangfald, som til dømes lokale sildestammer og som økologisk funksjonsområde for ville anadrome laksefiskestammer. Grunne areal er spesielt verdifulle som næringssøkområde for fugl og oppvekstområde for marine artar. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

## § 2. (Geografisk avgrensing)

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.20xx.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 1003 km<sup>2</sup> i Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster kommunar med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der:

- a) Grensene er trekt utanom hamner og annan infrastruktur.
- b) Vernet grenser inntil Torsholmane naturreservat, Storholmen naturreservat, Vetlefjordøyra naturreservat, Bøyaøyri naturreservat, Fimreiteholmane naturreservat, Fimreiteåsen naturreservat, Bleia naturreservat, Geitanosi naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Bermålsnosi naturreservat, Kvittingsmorki naturreservat, Buggastrondi naturreservat, Luster allmenning naturreservat, Tingastad naturreservat og Bergsstronda naturreservat. Vernet overlappar med Nærøyfjorden landskapsvernområde, Stølsheimen landskapsvernområde og Bleia-Storebotn landskapsvernområde; avgrensinga femner om tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo).
- c) Ved eigedomane nemnt i fjerde ledd, der også heile eller delar av landarealet i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.

Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Det marine verneområdet omfattar eigedomane:

- Gulen kommune: 6/1-3, 7/1-2, 7/11, 7/24, 117/1, 117/3-4, 117/6-8, 117/11, 117/21-22, 117/24, 117/26, 117/35, 118/6, 118/9, 118/12, 118/16, 118/18, 128/1, 128/5, 129/4, 129/9, 130/1, 133/4, 133/6, 134/1-3, 135/4, 137/1-2, 138/1-2, 139/1
- Høyanger kommune: 1/1-2, 3/1-2, 4/3, 4/5, 4/11, 25/4, 26/1, 26/3, 26/13, 26/15, 26/18, 26/28, 26/32, 32/1, 45/2-3, 45/7, 45/17-18, 45/30, 46/1, 46/3, 46/5, 46/12, 46/30, 49/1-2, 55/1-2, 58/1, 64/1, 64/9, 64/27, 66/2-3, 72/2-4, 72/6, 72/14-15, 73/4, 73/10, 95/1-2, 95/7, 96/1-4, 97/1, 97/3-4, 97/9, 99/1, 99/6, 100/2, 100/4, 100/7, 101/1, 101/3-4, 102/2, 103/1, 103/3, 103/6, 103/8, 103/14-15, 105/4, 108/5, 109/2-3, 109/5, 114/1-2, 114/4, 114/10, 187/1-2
- Vik kommune: 37/1, 37/4-5, 37/12, 45/1, 51/2, 51/4, 52/1, 52/15, 59/3, 59/47, 63/1-3, 63/11, 64/1, 64/3-5, 64/8, 64/10, 64/11, 64/15, 64/70-71, 65/1-2, 66/4, 67/1, 67/2, 68/1-4, 68/6, 68/7, 97/2, 97/94, 136/9, 150/1
- Aurland kommune: 2/1, 3/1, 5/1, 5/5, 5/8-10, 6/1, 6/3, 7/1-3, 7/28, 8/1, 8/5-6, 12/1, 33/1, 51/1, 51/15-16, 51/18-20, 51/22, 51/27, 51/32, 51/40, 51/52, 51/60, 51/108, 52/2, 55/1-2, 56/1, 57/1-2, 58/1-2, 64/1, 64/16, 64/45, 66/1, 67/1-4, 67/6, 67/9
- Lærdal kommune: 29/1, 29/28, 29/62, 47/1, 85/1, 125/1, 129/1
- Årdal kommune: 2/1, 2/5, 3/1, 3/2, 3/23, 3/34
- Luster kommune: 17/1, 76/3, 76/11, 76/15, 76/16, 81/9, 83/14, 88/90, 88/93, 88/120, 88/150, 88/186, 88/196, 102/3, 102/9, 102/12, 106/1-2, 106/4, 107/1-2, 107/4-5, 170/3, 172/1, 172/10, 173/1, 174/1, 174/5, 176/5, 176/8-9, 176/28-29, 176/61, 176/75, 177/1, 177/15, 177/17, 178/1-8, 178/15, 182/3, 183/20, 183/37, 183/39, 216/1
- Sogndal kommune: 3/1, 3/5-8, 3/12-15, 3/20, 3/31, 3/34, 3/57, 3/60, 3/97, 64/5, 64/241, 67/1, 79/2, 79/22, 79/33, 81/3, 81/11, 81/63-64, 82/3, 84/1-2, 84/8-10, 84/28, 85/1-9, 85/11, 85/18, 86/1-4, 105/1, 105/95, 105/201, 105/385, 105/568, 106/1, 107/1, 107/3, 108/2, 144/1-5, 146/1, 147/1, 148/1-2, 161/1, 161/3, 202/3, 202/21, 209/1-2, 209/6, 209/13, 210/1-2, 210/7, 210/10, 210/14, 210/20, 210/24, 210/28, 210/41, 210/36, 210/46, 211/1, 216/11, 216/16, 224/215, 224/176, 224/198, 224/218, 302/1, 303/1-2, 303/7-8, 306/1, 306/4-5, 306/11, 306/16-17, 307/1, 307/4, 307/6, 308/2-4, 308/6, 308/8, 308/26, 308/31, 309/1, 309/3, 310/1, 310/14, 310/17, 310/32, 313/1-3, 313/11, 314/1-2, 317/1, 317/4, 318/1, 319/1, 319/4, 325/2-3, 327/3, 391/1-2, 392/1, 392/6, 392/8-12, 392/16, 392/19-21, 392/26-27, 392/32, 393/2
- Hyllestad kommune: 46/1-3, 83/1, 84/1, 103/1, 104/1, 104/3
- Solund kommune: 63/1, 64/3, 65/1-3, 65/5

### § 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande vernereglar gjeld:

- a. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.

- b. Dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.
- c. Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, opplag av skip, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av lusemiddel frå brønnbåt, utslepp av ureinsa ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar, mudring, graving, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode.

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern-, rednings- og oppsynsverksemd (ikkje øvingsverksemd), samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.
- b) Etablering av mindre fartøysfeste for småbåt, medrekna fastfortøying og dragfortøying. Fortøyingmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
- c) Hausting av villlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter, med unntak for:
  1. skjellskraping og hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.
  2. bruk av reiskap som slepast under fisket og i den forbindelse kan røyre botn.
  3. fiske med andre reiskap som kan røyre botn i område som inneheld korallskog og som er merka på vernekartet.
- d) Plukking av skjell til privat bruk.
- e) Tradisjonell låssetjing av fisk.
- f) Søk og oppreinsking av tapte fiskereiskap utanom sone med korallskog avmerkt på vernekartet.
- g) Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.
- h) Jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter.
- i) Alminneleg ferdsel og bruk av fjøresona, inkludert friluftsliv, bålbrekking, undervisning og beiting.
- j) Ferdsel med båt eller andre fartøy, og ankring mot land for småbåt.
- k) Ankring i etablerte ankringsområde markert på vernekart.
- l) Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.

- m) Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
- n) Drift og vedlikehald av eksisterande akvakulturanlegg.
- o) Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vass- og avlaupsleidningar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust.
- p) Dumping av masser til sjø i samband med naudsynt rydding av veg etter ras og skred. Dumping skal skje direkte utanfor eller så nært ras- eller skredstaden som mogleg, og forvaltingsstyresmakta skal varslast så snart som mogleg.
- q) Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.

### **§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a) Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs.
- b) Legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.
- c) Oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.
- d) Legging av nye avløpsleidningar og utslepp av avløp.
- e) Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
- f) Småbåtanlegg, flytebrygger og fortøyingar som ikkje fell inn under § 4 bokstav b.
- g) Bølgjedemparar og moloar i samband med småbåtanlegg.
- h) Ankring av skip eller andre fartøy større enn 15 meter utanom etablerte ankringsområde markert på vernekart.
- i) Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane medrekna vassutskifting og straumforhold, nemneverdig.
- j) Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk.
- k) Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
- l) Endringar som gjeld drift, teknologi eller posisjon for akvakulturanlegg med fortøyingar og som ikkje er i strid med verneføremålet.
- m) Akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet, med unntak for
  1. akvakultur i referanseområdet Lustrafjorden jamfør vernekartet.
- n) Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker.
- o) Uttak av framande, introduserte artar.
- p) Sprenging av blindgjengarar.
- q) Overvaking, undervisning og vitskaplege undersøkingar.
- r) Dumping av snø
- s) Utslepp av lusemiddel frå brønnebåt.
- t) Opplag av skip i Vetlefjorden.

- u) Etablering av bru over Esefjorden.
- v) Søk og oppreinsking av tapte fiskereiskap i sone med korallskog som er merka på vernekartet.
- w) Utslepp av avløpsvatn frå lokal skipstrafikk.

#### **§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfoldloven § 48.

#### **§ 7. (Skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, i samsvar med naturmangfoldloven § 47.

#### **§ 8. (Forvaltingsplan)**

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 9. (Forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

#### **§10. (Rådgjevande utval)**

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av verneområdet.

#### **§ 11. (Iverksetjing)**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.